

DIGITALES ARCHIV

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft
ZBW – Leibniz Information Centre for Economics

Amdam, Jørgen (Ed.); Bergem, Randi (Ed.); Båtevik, Finn Ove (Ed.)

Conference Paper

Offentleg sektor i endring : Fjordantologien 2016

Reference: (2016). Offentleg sektor i endring : Fjordantologien 2016. [Oslo] : Universitetsforlaget.

This Version is available at:
<http://hdl.handle.net/11159/2286>

Kontakt/Contact

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft/Leibniz Information Centre for Economics
Düsternbrooker Weg 120
24105 Kiel (Germany)
E-Mail: [rights\[at\]zbw.eu](mailto:rights[at]zbw.eu)
<https://www.zbw.eu/econis-archiv/>

Standard-Nutzungsbedingungen:

Dieses Dokument darf zu eigenen wissenschaftlichen Zwecken und zum Privatgebrauch gespeichert und kopiert werden. Sie dürfen dieses Dokument nicht für öffentliche oder kommerzielle Zwecke vervielfältigen, öffentlich ausstellen, aufführen, vertreiben oder anderweitig nutzen. Sofern für das Dokument eine Open-Content-Lizenz verwendet wurde, so gelten abweichend von diesen Nutzungsbedingungen die in der Lizenz gewährten Nutzungsrechte.

<https://zbw.eu/econis-archiv/termsfuse>

Terms of use:

This document may be saved and copied for your personal and scholarly purposes. You are not to copy it for public or commercial purposes, to exhibit the document in public, to perform, distribute or otherwise use the document in public. If the document is made available under a Creative Commons Licence you may exercise further usage rights as specified in the licence.

Offentleg sektor i endring

JØRGEN AMDAM, RANDI BERGEM OG FINN OVE BÅTEVIK (RED.)

Offentleg sektor i endring

Fjordantologien 2016

Universitetsforlaget

Redaksjonelt arbeid, utvalg og introduksjon
© Jørgen Amdam, Randi Bergem og Finn Ove Båtevik 2016.

Hvert enkelt kapittel © den respektive forfatter 2016.

Boken ble første gang utgitt i 2016 på Universitetsforlaget.

Materialet i denne publikasjonen er utgitt som Open Access /Åpen tilgang og er omfattet av åndsverklovens bestemmelser og Creative Commons-lisens CC-BY 4.0

Lisensen Creative Commons CC-BY 4.0 gir tillatelse til å kopiere, distribuere og spre verket i hvilket som helst medium eller format og til fritt å bearbeide materialet for hvilket som helst formål, inkludert kommersielle. Lisensgiver kan ikke kalle tilbake disse frihetene så lenge du respekterer disse lisensvilkårene. For slik spredning og bearbeiding gjelder følgende vilkår: Du må oppgi korrekt kreditering og en henvisning til lisensen, samt indikere om endringer er blitt gjort. Du kan gjøre dette på enhver rimelig måte, så lenge det ikke kan forstås som at lisensgiver godkjenner deg eller din bruk av verket. Du kan ikke på noen måte hindre andre i å gjøre noe som lisensen tillater.

Boken er utgitt i samarbeid med: Se liste over samarbeidspartnere på bokens side 275.

ISBN trykt utgave: 978-82-15-02-772-2

ISBN elektronisk pdf-utgave: 978-82-15-02-771-5

Henvendelser om denne utgivelsen kan rettes til:

post@universitetsforlaget.no

www.universitetsforlaget.no

Omslag: Universitetsforlaget

Omslagsfoto: Johann Roppen

Sats: Laboremus Sandefjord AS

Trykk og ferdiggjøring: Renaissance Media

Forord

JØRGEN AMDAM, RANDI BERGEM OG FINN OVE BÅTEVIK

Fjordantologien 2016 er ein av to antologiar frå Fjordkonferansen 2015. Hovudføremålet med Fjordkonferansen er fagleg utvikling, og mottoet er «Av fagfolk, for fagfolk». Fjordkonferansen skal bidra til publisering av vitskaplege artklar frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal («Fjordregionen»). Målet er å auke kompetansen hos fagpersonar, og dermed også kompetansen i regionen. Konferansen er ein samlingsstad for utveksling av kunnskap, erfaringar og nettverksbygging mellom fagmiljøa i regionen.

Fjordkonferansen 2015 var arrangert ved Hotell Alexandra i Loen 19. og 20. juni 2015, med i alt 92 deltakarar. Dette var den tredje Fjordkonferansen sidan starten i 2013. Temaet for konferansen var «Innovasjon», med følgjande innleiarar: professor Håvard Teigen, Høgskolen i Lillehammer, om «Innovasjon og samfunnsutvikling», fylkesdirektør for næring, Jan Heggheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune, om «Innovasjonsutfordringar på Nordvestlandet», og professor Jan Inge Sørbø, Høgskulen i Volda, om «Refleksjonar om innovasjon og immateriell kapital». «Immateriell kapital» er temaet for Fjordkonferansen i 2016.

I alt 58 paper vart presenterte på Fjordkonferansen 2015. Dette ga grunnlag for to antologiar. Den første av dei to antologiane blir omtalt som Fjordantologien 2015, medan den du no held i handa, er Fjordantologien 2016.

Fjordantologien 2016 inneheld 13 kapittel. Innleiingsvis blir det gitt ein kort omtale av kvart kapittel. Kapitla kan ha ei teoretisk innretning, men også vere dokumentasjon og analyse av utviklingsarbeid. Alle kapitla er fagfellevurderte.

Utan finansiell stønad kunne Fjordkonferansen og Fjordantologien ikkje ha blitt realisert. Følgjande bidragsytarar har gjort arbeidet mogeleg: Sparebanken Møre (hovudsamarbeidspart), Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei fire institusjonane som tilbyr høgare utdanning i «Fjordregionen», dvs. Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU. Vi takkar alle for bidraga. Vi nyttar også høvet til å takke dei friviljuge opponentane og fagfellane, som har lagt ned eit svært omfattande arbeid for å sikre kvaliteten på dei ulike kapitla. Tusen, tusen takk til desse. Sist, men ikkje minst, takk til Gunnvor Bakke og Elisabeth Busengdal for god hjelp med praktisk tilrettelegging og koordinering av arbeidet med antologien.

Volda, 25. april 2016

Innhold

| | |
|---|----|
| FORORD | 5 |
| <i>Jørgen Amdam, Randi Bergem og Finn Ove Båtevik</i> | |
| 1 | |
| OFFENTLEG SEKTOR I ENDRING: PERSPEKTIV PÅ INNOVASJON, UTVIKLINGSARBEID OG LÆRING | 13 |
| <i>Jørgen Amdam, Randi Bergem og Finn Ove Båtevik</i> | |
| Innovasjon | 13 |
| Utviklingsarbeid | 15 |
| Læring | 16 |
| 2 | |
| HØGE BØLGJER, DJUPE DALAR OG SMÅ SKRITT | 18 |
| <i>Dersom innovasjon er alt, er det kanskje ingenting?</i> | |
| <i>Håvard Teigen</i> | |
| Innleiing | 18 |
| Innovasjon som nymote | 19 |
| Det lange perspektivet: bølgeteoriar | 20 |
| Det radikale, det inkrementelle og det daglege strevet | 22 |
| Er alle typar innovasjon like viktige? | 23 |
| Restfaktoren: Jakta på innovasjonseffekten | 24 |
| Diffusjon | 27 |
| Produktsyklusen i tid og rom | 29 |
| Innovasjonsaktøren | 30 |
| Samfunnsnytte, vekst og fordeling | 32 |
| Oppsummering | 34 |
| Litteratur | 36 |
| 3 | |
| INNOVASJON – OG IMMATERIELL KAPITAL | 38 |
| <i>Jan Inge Sørbo</i> | |
| Innleiing | 38 |
| Frå Schumpeter til nyliberalismen | 39 |
| Opposisjon mot teknikk | 40 |
| Vitskap og fru Fortuna | 41 |
| Aristoteles og det usikre | 43 |

| | |
|---|----|
| Kapital og kapital | 44 |
| Litteratur | 45 |
| 4 | |
| TILDELINGSKONTORET – EN INNOVASJON I NORSKE KOMMUNER? | 47 |
| <i>Ingunn Gjerde, Harald Torsteinsen og Turid Aarseth</i> | |
| Innledning | 48 |
| Innovasjon i kommunesektoren | 50 |
| Ulike styringsparadigmer | 52 |
| Empirisk tilnærming | 55 |
| Empiriske observasjoner | 56 |
| Drøfting | 60 |
| Avslutning | 61 |
| Litteratur | 62 |
| 5 | |
| INNOVASJONSINVASJON – OG HVORFOR DET? | 65 |
| <i>Hans Petter Iversen og Atle Ødegård</i> | |
| Innledning | 65 |
| Litt mer om innovasjon | 67 |
| Innovasjon som fusjon | 68 |
| «Lean» organisering – og innovasjon | 70 |
| Innovasjonsinvasjon – og velferdsprofitørene | 73 |
| Litteratur | 77 |
| Nettadresser | 78 |
| 6 | |
| KOMMUNAL ORGANISERING I MØTET MED SAMHANDLINGSREFORMA | 79 |
| <i>Lars Rønhovde</i> | |
| Innleiing | 79 |
| Reformdesign og kommunal organisering | 80 |
| Organisasjonsformer, nytenking og læring | 82 |
| Kunnskapsutvikling og læring i organisasjonar | 82 |
| Sentrale trekk ved samhandlingsreforma | 85 |
| Data og metode | 86 |
| Forholdet mellom politikk og administrasjon i kommunane | 87 |
| Kommunal organisering og møtet med reforma: politisk organisering .. | 87 |
| Kommunal organisering og møtet med reforma: administrativ organisering | 89 |

| | |
|---|------------|
| Nokre oppsummerande moment | 93 |
| Litteratur | 95 |
| 7 | |
| STRATEGIAR FOR SPRÅKLEG VELFERD | 97 |
| <i>Eli Bjørhusdal</i> | |
| Innleiing | 98 |
| Føremål | 98 |
| Nynorsken på Nord-Vestlandet | 99 |
| Språkleg velferd som omgrep og objekt | 99 |
| Institusjonar i offentleg språkforvaltning | 101 |
| Ein teori om norsk språkforvaltning | 106 |
| Problemet med språkleg velferdsuniversalisme | 108 |
| Innovative strategiar for språkleg velferd? | 109 |
| Litteratur | 111 |
| 8 | |
| I NABOLAGET TIL JOSEPH SCHUMPETER | 114 |
| <i>– rolletolkning som kilde til innovasjon blant helsetilsynsrevisorar</i> | |
| <i>Kjersti Halvorsen</i> | |
| Innledning | 115 |
| Revisorens prominente rolle i Helsetilsynet fra og med 2002–2003 ... | 116 |
| Rettsliggjøring | 117 |
| Revisorroller | 119 |
| Dommer, rådgiver, hestehandler eller seremonimester? | 120 |
| Revisor som dommer | 122 |
| Innovasjon for dommeren | 124 |
| Revisor som rådgiver | 125 |
| Innovasjon for rådgiveren | 127 |
| Revisor som hestehandler | 128 |
| Innovasjon for hestehandleren | 129 |
| Revisor som seremonimester | 130 |
| Innovasjon for seremonimesteren | 132 |
| Enkle modeller og kompliserte realiteter | 134 |
| Litteratur | 134 |

9

KVA ROLLE SPELAR VERDIAR I SAMORDNING AV DET BUSTADSOSIALE ARBEIDET I KOMMUNANE? 137
Else Ragni Yttredal, Randi Bergem og Susanne Moen Ouff

| | |
|---|-----|
| Innleiing | 137 |
| Fagleg utgangspunkt | 138 |
| Hovudfunn når det gjeld verdier si rolle i samordning av bustadsosialt arbeid i kommunane | 143 |
| Diskusjon: Kva rolle spelar verdier i samordning av det bustadsosiale arbeidet i kommunane? | 149 |
| Konklusjon | 151 |
| Litteratur | 152 |

10

WHEN THEORY IS INVISIBLE AND HIDDEN IN PRACTICE: A QUALITATIVE STUDY OF ONE ENTREPRENEURSHIP COURSE 156
Uladzimir Kamovich and Kjersti Kjos Longva

| | |
|--|-----|
| Introduction | 157 |
| Theory | 159 |
| Method | 162 |
| Research Context | 163 |
| Findings | 166 |
| Discussion | 169 |
| Limitations, further research and implications | 170 |
| Literature | 171 |

11

SHORT-TERM STUDY ABROAD: MOTIVATIONS, EXPECTATIONS AND EXPERIENCES OF STUDENTS OF AALESUND CAMPUS 174
Åse Mørkeset and Richard Glavee-Geo

| | |
|---|-----|
| Introduction | 175 |
| Review of the literature | 176 |
| Information sources, awareness and support mechanisms | 177 |
| Attitude and intention | 177 |
| Methods | 178 |
| Results | 180 |
| Research hypotheses and conceptual model for the quantitative inquiry | 185 |
| Quantitative results | 189 |

| | |
|--|-----|
| Discussion | 192 |
| Conclusion | 196 |
| Literature | 197 |
| Appendix A | 200 |
| Appendix B | 201 |
| Appendix C | 202 |
| Appendix D | 204 |
| Appendix E | 205 |
| | |
| 12 | |
| FORPLIKTING ER AVGJERANDE | 206 |
| <i>Dorthea Sekkingstad og Ingrid Syse</i> | |
| Innleiing | 206 |
| Kontekst for studien | 208 |
| Metode | 210 |
| Funn og analyse | 211 |
| Drøfting: Kva kjenneteikn har ei skulebasert vidareutdanning som bidreg til at lærarar lærer? | 214 |
| Avslutning | 217 |
| Litteratur | 218 |
| | |
| 13 | |
| MELLOM KLASSISK BETINGING OG STØTTENDE STILLAS | 220 |
| <i>Et utviklingspsykologisk perspektiv på ingeniørstudenters læring</i> <i>Welie Annett Schaathun og Hans Georg Schaathun</i> | |
| Innledning | 221 |
| Læring og læringsteorier | 222 |
| Metode og datagrunnlag | 228 |
| Ingeniørstudentenes læring | 229 |
| Læring gjennom egen aktivitet | 230 |
| Læring gjennom umiddelbar tilbakemelding | 233 |
| Læring ved hjelp av støttende stillas | 234 |
| Læring i den nærmeste utviklingssonen | 235 |
| Læring som en sosial aktivitet | 236 |
| Konklusjon og vidare utvikling | 237 |
| Litteratur | 240 |

| | |
|---|-----|
| 14 | |
| BARNEHAGELÆRARUTDANNINGA | 241 |
| <i>Nye utdanningsvegar og nye utfordringar</i> | |
| <i>Torhild Lillemark Høydalsvik og Lars Gulbrandsen</i> | |
| Introduksjon | 242 |
| Metode | 243 |
| Lærarutdanning som forskingsfelt | 248 |
| Teoretiske perspektiv | 248 |
| Resultat | 251 |
| Drøfting | 258 |
| Oppsummering | 264 |
| Anerkjenning | 266 |
| Litteratur | 266 |
| FORFATTEROMTALER | 271 |

1

Offentleg sektor i endring: perspektiv på innovasjon, utviklingsarbeid og læring

JØRGEN AMDAM, RANDI BERGEM OG FINN OVE BÅTEVIK

Det er stort endringstrykk i offentlig sektor. Eit raskt søk på temaet i offentlege dokument og utgreiingar gir mange treff på stikkord som fornying, forbetring og innovasjon. Forskningsrådet har mellom anna, i perioden 2002–2008, hatt program for forskning på innovasjon og fornying i offentlig sektor (FIFOS). På heimesidene til Norges forskningsråd blir visjonen for programmet omtala på følgjande måte: «Visjonen for satsinga på innovasjon og fornying i offentlig sektor har vore å bidra til at Norge skal få den smartaste offentlege sektor i verda, forma og driven av dei best utdanna offentlege tilsette i verda.» Visjonane for endring i sektoren er såleis store. Kapitla i denne antologien tek ikkje for seg visjonane, men prøver å sjå endringar i ulike delar av offentlig sektor, både basert på erfaringar frå konkrete studiar og meir prinsipielt. Stikkorda er innovasjon, utviklingsarbeid og læring.

INNOVASJON

Håvard Teigen stiller spørsmålet: «Dersom innovasjon er alt, er det kanskje ingenting?», med referanse til Wildavsky sin kjende artikkel med tittelen «If planning is everything, maybe it is nothing». Som Teigen viser, er vi inne i ei bølge med stor tru på innovasjon som endringskraft, ikkje berre innan industri, men i heile samfunnet. Teigen er kritisk til denne oppfatninga og viser, gjennom sin gjennomgang av økonomisk historie med fokus på samanhengen mellom innovasjon og utvikling, kor problematisk ei slik alminneleggjering av omgrepet innovasjon er. Han skil derfor mellom daglege forbetringar, småstegsinnovasjonar og radikale innovasjonar, og er kritisk til å bruke innovasjonsomgrepet på endringar som berre er nye for bestemte føretak eller organisasjonar og ikkje i heile marknaden eller forvaltningsområdet.

Medan Teigen er økonomisk historikar, er Jan Inge Sørbo humanist. I kapittelet «Innovasjon – og immateriell kapital» ser Sørbo på desse to omgrepa frå litteraturvitskapleg og filosofisk perspektiv, og med fokus på innovasjon, som var hovudtema på Fjordkonferansen 2015 og immateriell kapital, som er tema i 2016. Det er interessante parallellar i argumentasjonen til økonomen Teigen og humanisten Sørbo. Sørbo peikar på at omgrepet innovasjon opprinneleg inkluderte noko uforklarleg og uforutseieleg, prosessar og endringar ein kanskje kunne forstå i ettertid, men som det var vanskeleg å forklare og planlegge. Alminneleggjeringa og instrumentaliseringa av innovasjon, gjennom teknikkar og oppskrifter, er derfor med på å øydelegge sjølve omgrepet. Sørbo hevdar at alle slike omgrep har sitt eige livsløp, og at historia om innovasjonsomgrepet kan oppsummerast slik: «Det startar som ei insistering på kloke menneske, kreative innovatørar, og endar med ei handbok i departementet og det einaste innovasjonsprogramma ikkje greier, er å tenkja ut noko nytt og uventa.»

Immateriell kapital, derimot, er eit relativt ungt omgrep knytt til korleis ein kan verdsetje ikkje-materielle verdjar i eit selskap, men er i ferd med å utvikle bruksområdet sitt knytt til andre omgrep som sosial, kulturell, human kapital, som i stor grad peikar på spontanitet, verdjar, normer, kreativitet, sivilt samfunn m.m. Det peikar på det uforutseielege og ustyrlege, men som lett kan bli borte gjennom instrumentalisering. Medan Teigen og Sørbo fokuserer på innovasjon som omgrep, illustrerer og drøftar Ingunn Gjerde, Harald Torsteinsen og Turid Aarseth eit døme på offentleg innovasjon i kapittelet «Tildelingskontoret – en innovasjon i norske kommuner?». I løpet av dei siste åra har mange kommunar oppretta egne avdelingar for vurdering av behov for og tildeling av individuelle helse- og sosialtenester, gjerne som eit resultat av samhandlingsreforma, og spesielt i dei større kommunane. Forfattarane meiner at kontora opererer i spenningsfeltet mellom ulike styringsparadigme som NPM, NPG og NWS. Dei meiner gjennom teori og empiri å vise at styringsparadigmet New Public Management (NPM) er på hell, og at slike organisatoriske samordningsprega innovasjonar er mest prega av nyweberianske paradigme (NWS).

Hans Petter Iversen og Atle Ødegård fokuserer i det vitskaplege essayet «Innovasjonsinvasjon – og hvorfor det?» på nokre av dei same perspektiva som Teigen og Sørbo: Kvifor blir samfunnet og offentleg sektor for tida invadert av kravet om innovasjon? Kvifor er det sterkt fokus på fusjonar, organisasjonsformer og privatisering, og kva er drivkreftene? Med grunnlag i drøftingar lanserer dei avslutningsvis ni tesar eller påstandar om innovasjon i offentleg sektor, og dei legg vekt på behovet for meir kunnskap om konsekvensar.

I kapittelet «Kommunal organisering i møte med samhandlingsreforma» av Lars Rønhovde, drøftar han korleis kommunar møter samhandlingsreforma ut frå

kva politisk og administrativ organisering dei har. Han finn at kommunar med flat administrativ struktur har større utfordringar med å møte reforma administrativt, enn kommunar med sektororganisering. Tilsvarande ser det ut til at politikarar i kommunar med politisk sektororganisering er meir aktive enn i kommunar med anna politisk organisering. Som venta er det forskjellar mellom små og store kommunar. Det administrative mellomnivået ser ut til å vere viktig for å få gode lærings- og kommunikasjonsprosessar i kommunane.

«Strategiar for språkleg velferd» er tittelen på kapittelet til Eli Bjørhusdal. Temaet er norsk språkforvaltning, med vekt på korleis offentleg sektor styrer nynorskbruk og bokmålsbruk. Datagrunnlaget for drøftinga er ein analyse av 140 offentlege dokument som gjeld opplæring og kultur. Diskusjonen til Bjørhusdal vert mellom anna sett i lys av skiljet mellom «universal rights» og «group-differentiated rights», som ho hentar frå filosofen Kymlicka. Kapittelet viser at språkforvaltninga styrer i retning bokmål. Bjørhusdal konkluderer med at språkpolitisk differensiering er ein innovativ og nødvendig strategi for språkleg velferd for det nynorske språksamfunnet.

UTVIKLINGSARBEID

Kjersti Halvorsen tek oss med inn i nabolaget til Joseph Schumpeter, ved å kople innovasjonsomgrepet til forståinga av korleis statlege tilsynsordningar fungerer eller kan fungere. Halvorsen drøftar innovasjon i Statens helsetilsyn. Forfattaren er oppteken av det tolkings- og handlingsrommet dei som skal stå for slikt tilsyn faktisk har. Sjølv om Statens helsetilsyn i utgangspunktet er tufta på klare retningslinjer og standardar, er det rom for å utøve tilsynet på fleire måtar. Revisorane blir definerte som bakkebyråkratar, i den forstand at dei gjennom tilsynsarbeidet står i direkte kontakt med dei enkelte verksemdene som er underlagt tilsyn. Gjennom ei vidareutvikling av tidlegare etablerte typologiar fell Halvorsen ned på at revisorrolla kan forståast gjennom fire idealtypar: «dommaren», «rådgivaren», «hestehandlaren» og «seremonimeisteren». Halvorsen drøftar grunnlaget for og utfordringar ved utøving av dei fire rollene, sett i lys av at dei kan medverke til innovasjon og utvikling i helsesektoren. At rollekonflikt oppstår, blir sett på som uunngåeleg. Som rådgivar kan revisoren til dømes legge grunnlag for eller medverke til å vidareføre utviklingsprosessar i organisasjonen, der tilsyn er gjennomført. Samtidig reiser ei slik utøving av tilsynsrolla spørsmål om evna til å opptre som ein upartisk instans. Når rollekonfliktane er uunngåelege, er budskapet at det er meir relevant å handtere dei enn å prøve å løyse dei.

Kapittelet til Else Ragni Yttredal, Randi Bergem og Susanne M. Ouff drøftar kva rolle verdiar spelar i samordninga av bustadsosialt arbeid. Den kommunale organiseringa av det bustadsosiale arbeidet er fragmentert. Slik sett skil arbeidet seg ikkje frå andre offentlege tiltak som krev tverrsektoriell samordning. Samtidig er behovet for slik samordning på feltet stort. På basis av tidlegare studiar slår forfattarane fast at god samordning heng nøye saman med kva verdiar som ligg til grunn for arbeidet. Dei slår fast at kommuneorganisasjonen, gjennom å etablere eit felles verdigrunnlag, kan kome langt i samordninga av det bustadsosiale arbeidet. Samtidig blir det understreka at det er ein gjensidig påverknad mellom verdiane i kommuneorganisasjonen og den formelle strukturen, dei kunnskapane ein sit inne med og dei handlingane som organisasjonen representerer. Det er i dette samspelet ein kan forstå den betydinga verdiar har for samordning i offentlig sektor.

Åse Mørkeset og Richard Glavee-Geo peikar i sitt kapittel på at det er meir enn 15.000 norske studentar ved høgare utdanningsinstitusjonar i utlandet. Det store talet norske studentar i utlandet er også i tråd med uttalte utdanningspolitiske målsetjingar. Kapittelet til Mørkeset og Glavee-Geo presenterer ein studie der dei har sett på kva motivasjon, forventningar og erfaringar studentane har med tanke på å ta delar av utdanninga i utlandet. Studien er basert på tilbakemeldingar frå studentar som har vore på studentutveksling, og studentar som er aktuelle for å delta i utvekslingsprogram. Eit mål med studien er å skaffe kunnskap om motivasjon, forventningar og erfaringar blant studentane. Dette fordi slik kunnskap er sentral når ein skal utvikle og marknadsføre slike tilbod. Analysane av datamaterialet, som er samla inn blant bachelorstudentar ved Høgskolen i Ålesund, viser at dei uformelle informasjonskanalane er viktige. Påverknaden frå vennar og andre kjende er vesentleg for avgjerda om å gjennomføre eit studieopphald i utlandet som ein del av utdanninga. Slik sett utgjer dei studentane som alt har erfaring frå utlandsopphald i utlandet, ein viktig ressurs for utdanningsinstitusjonar som ønskjer å rekruttere nye studentar til liknande opphald.

LÆRING

Dorthea Sekkingstad og Ingrid Syse skriv om kunnskaps- og kompetanseutvikling i skulen. Kapittelet handlar om skulebasert vidareutdanning i klasseleing, og om kva faktorar lærarar meiner bidreg til læring hos seg sjølve. Arbeidet er tufta på to fokusgruppeintervju med i alt 16 lærarar som har teke denne vidareutdanninga. Aktiv deltaking og forplikting, både frå lærarar og skuleleinga si side, ser ut til å vere aller viktigast for læring. Kollektiv deltaking, praksisnært innhald, arbeid mellom samlingar, og at utdanninga går over ei viss tid, er fire andre faktorar som

er viktige for læring. Ulike teoretiske perspektiv, som til dømes situert læringsteori og teoriar om profesjonelle lærande kulturar, ligg til grunn for drøftinga.

Studentar si erfaring med aktiv læring er tema i kapittelet til Welie Annett Schaathun og Hans Georg Schaathun. Det empiriske materialet er henta frå tre fokusgruppeintervju, med i alt 19 studentar, som har teke studieemnet *Mikrokontrollere* ved Høgskolen i Ålesund. Studentane som er informantar, er frå ulike kull. Forfattarane tek utgangspunkt i klassiske læringsteoriar, som behaviorisme, logisk konstruktivisme og sosiokulturell læringsteori. Kapittelet drøftar kva aktivitetar som skaper læring, og kva læringsaktivitetar som skaper trivsel. I tillegg tek forfattarane opp korleis læringsaktivitetar bør utviklast vidare. Konklusjonen deira er at god undervisning må bygge på fleire metodar for læring.

Teoriar skal hjelpe oss til å forstå verda rundt oss. Tilnærminga til og bruken av teori kan likevel vere mangfaldig. Nokre gonger kan den teoretiske forankringa vere synleggjort og tydeleg. Andre gonger kan dei underliggende teoretiske føringane vere mindre synlege. Kapittelet til Uladzimir Kamovich og Kjersti Kjos Longva viser tilnærming til og bruk av praksisbasert metode, med innslag av handlingsorientert teori, i eit kurs i entreprenørskap for masterstudentar. Det særleine ved denne måten å lære entreprenørskap på er ei sterk vektlegging av det praktiske, samtidig som dei underliggende teoretiske føringane er heilt eller delvis usynlege for studentane. Forfattarane har undersøkt korleis studentane opplever undervisning basert på desse prinsippa. Tilbakemeldingane frå studentane er positive. Det å lære handlingsteori gjennom praksis gir studentane både praktisk og teoretisk innsikt. Dette er ein type innsikt som studentane også kan overføre til livet utanfor studiet, anten det er knytt til erfaringar i arbeidslivet eller i anna samfunnsdeltaking.

Kapittelet til Torhild Lillemark Høydalsvik og Lars Gulbrandsen handlar om nye utfordringar og nye utdanningsvegar i barnehagelærerutdanninga, og spesifikt om korleis nye kvalifiseringsvegar i barnehagelærerutdanninga har endra studentgruppene. Datagrunnlaget er registerdata frå Statistisk sentralbyrå og data frå ei spørjeundersøking blant studentar ved sju utdanningsinstitusjonar som tilbyr arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning. Empirien vert drøfta i lys av teoriar om utdanning, læring og profesjonsteori. Studien viser at ein stor del av barnehagelærarane har erfaring frå barnehage før dei tek til på barnehagelærerutdanninga, noko som påverkar læringa hos studentane. Nye og meir fleksible utdanningsvegar gir ei studentgruppe med større aldersspreiing, ikkje minst fleire eldre studentar. Ein konsekvens av nye utdanningsvegar ser ut til å vere auka stabilitet hos barnehagelæraren. Det vil seie at fleire barnehagelærarar held fast på barnehagen som arbeidsplass, og i svært mange tilfelle vert dei verande i den barnehagen dei har arbeidd i medan dei gjennomførte barnehagelærerutdanninga.

2

Høge bølger, djupe dalar og små skritt

*Dersom innovasjon er alt,
er det kanskje ingenting?*

HÅVARD TEIGEN

SAMANDRAG Dette kapittelet reiser det store spørsmålet: Kva er innovasjon? Eg prøver å svare på dette både gjennom ein historisk gjennomgang og ein begrepsdiskusjon. Denne historiske gjennomgangen viser korleis store oppfinningar har gått over til å bli innovasjonar som har skapt utviklingsbølger bygd på det same forskingsmessige gjennombrotet. Denne historiske gjennomgangen dannar grunnlaget for ein kritisk diskusjon av innovasjonsbegrepet, og det blir åtvara sterkt mot ein tendens til å kalle alt for innovasjon.

ABSTRACT This chapter asks the big question: What is innovation? I try to answer this question through both an historical review and a conceptual discussion. The historical review shows how big inventions have become innovations that have created waves of development built on the same breakthroughs. This historical review forms the basis for a critical discussion of the concept of innovation, and it strongly warns against a tendency to call everything «innovation».

NØKKELORD kondratiev | bølger | restfaktoren | schumpeter

INNLEIING

Kor viktig er innovasjon for økonomisk vekst og utvikling? I dag får vi inntrykk av at innovasjon og entreprenørskap er heilt naudsynt. Ei rekkje tidlegare sjølvstendige nærings- og utviklingsorganisasjonar er nå samla i ein stor organisasjon der alle er underlagt «innovasjonskriteriet». Namnet på den nye organisasjonen er,

sjølvsagt, Innovasjon Norge. Slik har det ikkje alltid vore. Går vi tilbake til etterkrigstidas Norge, Europa og USA, var innovasjon og entreprenørskap omgrep brukt av spesielt interesserte. Og dei var ikkje mange. Entreprenørskap fanst ikkje på læreplanane til dømes på NHH, og heller ikkje på tilsvarende høgskular i resten av Europa.

INNOVASJON SOM NYMOTE

Fagerberg har på ein interessant måte dokumentert korleis innovasjon har kome på dagsordenen i innleiingskapittelet til *The Oxford Handbook of Innovation* (Fagerberg, 2005). Innovasjon i tittelen på «social science»-artiklar var nesten ikkje registrerbart dei første 20 åra etter andre verdskrigen. Så auka det til mellom 5–10% fram til midten på 1990-talet. Etter den tid har det eksplodert. Kva var det som skjedde? Vart det så mykje meir innovasjon, eller var det bruken av innovasjonsbegrepet som endra seg?

Tidlegare var nok innovasjon viktig i forskinga, men berre på tekniske høgskular og forskingsinstitutt. Innovasjon var eit sterkt avgrensa begrep knytt til fasen etter ei teknisk oppfinning, og det var berre knytt til fysiske produkt. Kriteriet for at oppfinninga fekk status som ein innovasjon, var at nyskapinga vart viktig for samfunnsutviklinga. Vanlegvis betydde det at oppfinninga vart kommersialisert, eller teke i bruk innan det militær-industrielle komplekset. Det var spreininga av oppfinninga, diffusjonen, som gjorde oppfinninga til ein innovasjon.

Det er kanskje eit slags historisk «narrespel» at i den lengste og mest stabile vekstperioden under kapitalismen, tida frå andre verdskrig til 1970-talet, var innovasjon og entreprenørskap nesten framandord. I Norge vart den moderne forståinga av entreprenørskap og innovasjon for første gongen introdusert av professor Francis Sejersted i eit kompendium som vart teke i bruk av eit lite miljø som studerte økonomisk historie, først og fremst ved UiO. Kompendiet kom i 1973 og vart også teke i bruk i økonomisk historie på NHH og i andre miljø som studerte økonomisk historie.¹ I denne boka trekte Sejersted fram Schumpeter som seinare har vorte den heilt dominerande gurun for forståinga av koplinga mellom entreprenørskap og innovasjon. Fram til dette tidspunktet meinte dei fleste at det var keynesiansk inspirert underskotsbudsjettering som fekk hjula i gang og førte oss ut av krisa i mellomkrigstida. Sejersted meinte å kunne påvise at det knapt nok vart ført slik keynesiansk politikk, og at det var nyetableringar i små bedrifter, entreprenørskap, som i større grad førte oss ut av denne krisa. Dette vart seinare

1. Kompendiet kom først ut som bok i 1982 (Sejersted, 1982).

imøtegått av andre historikarar, men Schumpeter var med dette introdusert også i Norge.

I den nære etterkrigstida vart keynesiansk politikk einerådande. Det var etterspurnadssida i økonomien som stod i fokus for makroøkonomisk politikk. Vi kan spissformulert seie at i den perioden ein hadde stabil økonomisk vekst, vart innovasjon ikkje tillagt særleg vekt. Det var først da krisa i økonomien oppstod, at først entreprenøren og så innovasjonen fekk ein dominerande plass. Som Fagerberg viste, var ikkje dette eit spesielt norsk fenomen. Den akademiske publiseringa viser at slik var det også elles i academia, slik dette spegla seg av i relevante fagtidsskrift.

DET LANGE PERSPEKTIVET: BØLGJETEORAR

Å studere økonomisk vekst i etterkrigstida er eit langt tidsperspektiv for mange, men eit altfor kort perspektiv for andre. I ein periode var det slik at alle som prøvde å forstå utviklinga i nåtida gjekk tilbake til studium av fortida for å forstå dynamikken i utviklinga. Schumpeter arbeidde som forskar i ein slik tradisjon. Han gjorde store studium av kapitalismens utvikling i eit langtidsperspektiv i verket *Business Cycles* (Schumpeter, 1939). Dette følgde han opp med å gjere store analysar av samanhengen mellom økonomisk utvikling og politisk system (Schumpeter, 1942). Som Marx kom han fram til at kapitalismen ikkje ville overleve, men han hadde andre forklaringar. Rostow, derimot, presenterte ein fase teori som han kalla eit antikommunistisk manifest (Rostow, 1960).

Schumpeters teori om entreprenørens rolle som iverksettar av innovasjonar skreiv seg frå perioden der han var tyskspråkleg, men han skreiv dette hovudverket før han var tretti år gamal (Schumpeter, 1912). Det var eit ungdomsarbeid som først vart kjent da det kom ut på engelsk vel tjuge år seinare (Schumpeter, 1934). Da det endeleg kom ut, hadde han byrja karrieren si på Harvard, og der miste han etter kvart trua på entreprenøren slik også nesten alle andre gjorde i perioden etter andre verdskrigen.

Schumpeter var i sine studium sterkt påverka av Marx, men i sin analyse av kapitalismens historiske utvikling var han enda sterkare påverka av den russiske økonomen Nikolai Kondratiev (Kondratiev, 1935). Kondratiev meinte at han på grunnlag av historiske studium kunne identifisere at kapitalismen har utvikla seg gjennom sykliske og regelmessige bølger. Analysane hans stoppa der. Kva desse syklane skreiv seg frå, mangla han forklaring på. Dette greip Schumpeter fatt i og knytte bølgjene til store innovasjonar.

Den første bølge av vekst starta på slutten av 1700-talet. Sjølv sagt har mange meint at avgjerande føresetnader ligg lenger tilbake i tid (Braudel, 1982), men det var på slutten av 1700-talet det «tok av». Viktige oppfinningar (som Spinning Jenny) vart gjort. Like viktig var at vasskraft i aukande grad erstatta muskelkraft. Dette vart spesielt knytt til mange innovasjonar som revolusjonerte tekstilindustrien, men også mange andre industrier i denne tidlege industrielle fasen. Det la grunnlaget for den industrielle revolusjonen som starta i England, og kom til Norge som relativt små etterdønningar frå 1840-talet.

Den andre bølge starta på midten av 1800-talet. Det var i denne perioden dampkrafta kunne brukast på nye felt som jernbane (damplokomotivet) og overgangen frå seil til damp i skipsfarten og på mange, mange andre område. Dampmaskina var viktig også på den måten at fabrikkane «frigjorde» seg frå vassdraga. Byane kunne ekspandere frå dei gamle elveløpa, og nye industristader utanom vassdrag kunne vekse fram.

Tredje bølge vaks seg stor frå slutten av 1800-talet. Elektrisiteten var den nye oppfinninga som var den store drivaren i denne perioden, og det vart utvikla ei rekkje elektrisitetsbaserte produkt og prosessar. I denne bølga overtok Tyskland og USA den leiande rolla etter Storbritannia, men det generelle trekket var at fleire var med. Norge, som ikkje var med på den første bølga, var i høgste grad med på den tredje.

Dette var dei tre bølgjene Kondratiev fekk med seg. Han fall i unåde hos Stalin (som han hadde vore rådgjevar for) fordi han argumenterte mot tvangskollektiviseringa av jordbruket. Stalin mislikte dei råda han der fekk, noko som kvalifiserte til dødsstraff. Utan samanlikningar elles har bølge- og faseteoriar vore omstridde også i ettertida. Poenget med å trekkje fram Kondratiev spesielt er todelt. Det eine er at han vart så viktig for Schumpeter, men i dette kapittelet er det viktigaste at dette har vorte ein teori som seier at innovasjonar er heilt *avgjerande* for den langsiktige samfunnsutviklinga. Det er også gjort vellykka forsøk på å analysere norsk utvikling i lys av slik bølgeteori (Selstad, 2007). Svaret på spørsmålet i første setning i dette kapittelet er altså heilt klart. I denne teoritradisjonen er innovasjonar viktige, ja avgjerande. På den andre sida er innovasjonsforståinga utelukkande knytt til tekniske oppfinningar og fysiske artefaktar. Til dømes oppstod det organisatoriske innovasjonar som aksjeselskapet og samvirkeorganiseringa, som etter moderne innovasjonsteori skulle ha like stor interesse.

Andre teoriar om samfunnsutvikling modererer sterkt viktigheita av dei store og radikale innovasjonane. Vi skal presentere nokre slike perspektiv.

DET RADIKALE, DET INKREMENTELLE OG DET DAGLEGE STREVET

Schumpeters typologisering av innovasjon utvida forståinga frå berre å gjelde oppfinningar og kommersialisering av desse oppfinningane. Han utvida til dette arsenalet:

- ▶ nye produkt og tenester
- ▶ nye produksjonsmetodar (prosessinnovasjon)
- ▶ ny organisering
- ▶ nye marknader
- ▶ utnytting av nye råvarer eller halvfabrikat

Endeleg og ikkje minst: Kvant enkelt element treng ifølgje Schumpeter ikkje vere nytt. Innovasjon er *nye kombinasjonar* av tidlegare kjente produkt, prosessar osv. Ein hovudaktør stod for iverksettinga av dei nye kombinasjonane: entreprenøren. På denne måten vart entreprenørskap og innovasjon knytt saman slik vi i dag så ofte ser at det blir gjort. Det store spranget ved Schumpeters typologisering var at innovasjonar vart frikopla frå berre å femne om oppfinningar og fysiske produkt. Samstundes la dette grunnlaget for at eksplosjonen i bruken av innovasjonsbegrepet kunne ha kome langt tidlegare, men desse ungdomsarbeida av Schumpeter gjekk rett og slett i gløymeboka, ikkje minst fordi han sjølv la dei til side. Han, som dei fleste andre, kom etter kvart til å tru at innovasjonar i framtida kom til å skje i dei store konserna, eventuelt i partnerskap med tunge universitet.

Derfor levde koplinga mellom oppfinninga og den tekniske innovasjonen vidare på 1960-talet til dømes i Habakkuks historiske teknologianalyse (Habakkuk, 1967). Schumpeters typologisering vart «attfunnen» på 1970-talet, blant anna i Norge. Dette har gradvis ført til utviding av kva som blir kalla innovasjon, til dømes organisatoriske innovasjonar, og det *også* har vore ei utvikling der ikkje berre banebrytande oppfinningar og nyskaping blir kalla innovasjon, men også små forbetringar av det eksisterande. Vi har fått skiljet mellom radikale og inkrementelle (småstegs) innovasjonar. Bilen var ein radikal innovasjon, dei mange nyskapingane fram til bilane som rullar på vegane i dag, framleis med sjåfør, er inkrementelle innovasjonar. Nye og radikale innovasjonar knuser den gamle produksjonsmåten, det Schumpeter, i tråd med Marx, kalla *kreativ destruksjon* (Schumpeter, 1942). Dette kjenneteiknet ved radikale innovasjonar har andre kalla marknadsknusing (Afuah, 2003), og i organisasjonsteoretisk språkdrakt, kompetanseknusing. Inkrementelle innovasjonar, derimot, byggjer vidare på sterke sider ved eksisterande produksjonsmåte, marknadsorientering og organisasjonens eksisterande kompetanse.

Etter kvart som innovasjon har vorte mote, slik at alle prøver å kome inn under innovasjonsparaplyen, er det eit viktig spørsmål kva som er skilnaden på inkrementelle innovasjonar og det ein kan kalle det daglege strevet for å arbeide litt meir effektivt og betre. «If Planning is Everything, Maybe it's Nothing» er tittelen på ein kjent artikkel (Wildavski, 1973). Slik er det også med innovasjon. Er vi t.d. tent med å kalle alle endringar som kjem i medarbeidersamtaler og «forslagskasser» for innovasjon? Systematisk forbetningsarbeid til dømes etter «lean»-metodikk bør kanskje normalt høyre inn under det høgst respektable og vanlege daglege forbetningsarbeidet?

I og med at innovasjon har vorte eit moteord, er det også spennande å diskutere om motar til dømes i form av merkevarer kan kallast innovasjonar? Mange meiner at alt som gjev forretningsmessig suksess er innovasjonar. Relatert til Schumpeters typologiar kan motar eller merkevarer kanskje definerast som innovasjon dersom dei gjer at produktet/tenesta kjem inn i nye marknader.

ER ALLE TYPAR INNOVASJON LIKE VIKTIGE?

Einskilde innovasjonsteoretikarar meiner sterkt og klart at ikkje alle innovasjonar kan likestillast i evne til å revolusjonere utviklinga. Reinert gjer seg til talsmann for at det er nye produkt, til naud nye tenester som er dei absolutt viktigaste innovasjonane, og at det derfor er viktig at fattige land og regionar startar med satsing på industri, og at dei får høve til å gje denne industrien oppfostringsvern. Prosesinnovasjonar er berre pusleri i samanlikning (Reinert, 2008). Da innovasjonsforskning på nytt kom på dagsordenen på 1980-talet, var det automatisering og ikkje minst bruk av robotar i produksjonen som hadde størst merksemd. Ein robot er isolert sett, og for den einskilde bedrifta, ein produktinnovasjon. For samfunnsnyten er roboten ein prosessinnovasjon. Det er ein annan, og vonleg, meir effektiv måte å produsere same produktet eller teneste på. Robotar kan gjere produkt billigare og med det vere viktig for å gjere produktet tilgjengeleg for fleire, men er mindre viktig enn heilt nye produkt og tenester, slik Reinert ser det. Det er likevel Schumpeters likestilling av dei ulike måtane å innovere på som nå dominerer innovasjonsforskninga. Fagerberg et al. har gjort ei stor gransking av kva for retning innovasjonsforskarar knyter seg til, og det som kan kallast «Schumpeter-skulen», er heilt dominerande (Fagerberg, Fosaas og Sapprasert, 2012).

Det enkelt dømet som viser denne dominansen best, er dei store internasjonale granskingane av innovasjon i private bedrifter, dei såkalla CIS-undersøkingane. Kartleggingsskjemaet er delt inn etter Schumpeters typologisering. CIS er databaser for publisering frå hundrevis av forskarar i mange land. På denne måten har dette kartleggingsskjemaet forsterka dominansen. I analysen av desse data har det

vorte vanleg å rangere innovasjonane etter viktigheit med omgrepa innovasjon av type I og II. Dette er ei oppdeling som viser kor viktig innovasjonane har vorte for samfunnet. Den minst viktige er innovasjonar som berre er nye for den einskilde bedrifta. Dei som har vorte viktige for heile samfunnet, er dei innovasjonane som er nye for heile marknaden. Dette er ein noko annan måte å rangere på enn det tradisjonelle skiljet mellom radikale og inkrementelle innovasjonar.

Schumpeters utviding av innovasjonsbegrepet har vist seg så altomfattande, la oss kalle det inkluderande, at det også kan brukast i offentleg sektor. Det er gjort pilotstudium på kommunal innovasjon både i Norge og i nordiske land (Teigen, 2013, Bugge, Mortensen og Bloch, 2011) Derfor blir det også mogleg å samanlikne innovasjonstakt og andre kjenneteikn ved innovasjon i desse to sektorane. Det er gjort i ei samanlikning av kommunar og private bedrifter i Norge (Teigen, 2013). Denne granskinga viste at kommunane innoverer langt meir enn bedrifter innan den kategorien som er ny for den einskilde bedrift eller kommune. Derimot innoverer private bedrifter langt meir på produkt og tenester som er viktige for heile sektoren eller marknaden. Det er stort behov for å følgje opp slike granskingar for å sjå om desse funna er representative. Det viktige i dette kapitlet er å vise korleis innovasjonsforskning nå også kan brukast på denne delen av offentleg sektor. Det er enda eit døme på korleis innovasjonsbegrepet okkuperer nye arenaer. Med utgangspunkt i at vi også spør om det er heldig at alt blir kalla innovasjon, bør det bli ein diskusjon om det automatisk skal vere slik at det som er nytt for den einskilde bedrift eller kommune skal kvalifisere til å kallast innovasjon. Kva er da kopiering gjennom diffusjon?

Etter kvart som innovasjonsforskninga spreier seg, fleir og fleir vil bidra som innovasjonsforskarar og stadig nye samfunnsfelt kjem inn under innovasjonsbegrepet, oppstår det spørsmålet vi alt har stilt i dette kapitlet: Kva kvalifiserer i det heile teke til å bli kalla «innovasjon»? I økonomisk historie er har innovasjon først og fremst vore knytt til analyser av kva som har ført til økonomisk vekst. I dette faget har sjølvstøtt hybridar mellom økonomar og historikarar bidrege mest. Eg vil invitere dykk inn i økonomane si leiting etter kva som ligg bak økonomisk vekst.

RESTFAKTOREN: JAKTA PÅ INNOVASJONSEFFEKTEN

Den vestlege verda kom inn i ein lang, krisefri periode med stabil og høg økonomisk vekst etter andre verdskrigen. Sjølvstøtt var det akademiske miljø som var interessert i å forklare kva som låg bak denne veksten, men interessa for dette var eigentleg påfallande låg. Dette var ein periode der makroøkonomi dominerte over mikroøkonomi (Sandmo, 2006), men innafor makroøkonomien dominerte

vidareutvikling av keynesianske likevektsmodellar. Dette var modellar som i all hovudsak konsentrerte seg om å forklare økonomiske balanseproblem innan ein gitt kapasitet og kompetanse i økonomien.

Langsiktig økonomisk vekst har økonomane hatt større problem med å forklare. Det vart gjort mange analysar, også i Norge, av kor mykje den reine veksten i arbeidskraft og kapital kan forklare av den samla økonomiske veksten. Dette bygde på vekstteoriane til Harrod og Domar (Harrod, 1948, Domar, 1946). Slike analysar vart gjort av mange i Norge, og Preben Munthe ajourførte dette i sine stadige oppdateringar av læreboka si (sjå t.d. Munthe, 1992). Det viste seg at den reine kvantitative veksten i produksjonsfaktorane forklarte berre avgrensa delar av veksten. Harrod-Domar-modellen hadde den veikskapen at den ikkje bygde inn moglegheitene for å erstatte arbeidskraft med kapital. Nettopp slik substitusjon ved å tilføre fleir maskiner per arbeidar for å få opp veksten vart den mest vanlege vekststrategien. Solow som fekk Nobelprisen i økonomi, viste at denne vekststrategien ikkje hadde bærekraft på lang sikt (Solow, 1956). Ekstraproduktiviteten ved kvar ny krone i kapitalinnsats per arbeidar ville kaste mindre og mindre av seg og gå mot null. Derfor ville den langsiktige veksten i økonomien vere lik veksten i arbeidsstyrken, det Solow kalla den naturlege vekstraten.

Dette vart kalla «den nyklassiske vekstmodellen», men den lykkast aldri å forklare den samla veksten. Det var ein uforklarleg rest som ikkje kunne forklarast i modellen. Den var eksogen i modellen og forskarar frå andre disiplinar, som geografar, har gjort narr av dei elles kjepphøge og dominerande økonomane med å tillegge dei trua på at dette var ein rest som fekk status som «manna frå himmelen» (Selstad, 2007).

Den uforklarlege veksten vart kalla restfaktoren. Kva var dette for noko rart? Ein fann raskt ut at det var ein del av denne restfaktoren som kunne kvantifiserast. Det var at arbeidskraft gjekk over frå næringar med låg verdiskaping til næringar med høgre verdiskaping. Den gongen var dette i stor grad ein overgang frå landbruket til industrien. Denne delen av restfaktoren vart kalla «overflyttingsgevinsten». Denne forklarte ein stor del av restfaktoren i tidlege fasar av industrialiseringa. Den låge produktiviteten i jordbruket var forklart med at folketalsveksten vart absorbert gjennom paternalistiske mekanismar av den typen at store barneflokkar fekk livberging på garden sjølv om produksjonen auka mindre enn ressursbruken. Grenseproduktiviteten var null eller jamvel negativ, altså same fenomenet som Solow seinare påviste ville skjje om ein i staden for å tilføre meir arbeidskraft held arbeidsmengda konstant og auka kapitalinnsatsen. Dette fenomenet vart observert, analysert og teoretisert i land etter land og fekk på engelsk samleordet «labour surplus»-teoriar (Fei og Ranis, 1964).

Store delar av restfaktoren kunne kvantifiserast og forklarast som overflyttingsgevinstar. Behovet for nye modellar for å forstå veksten var ikkje prekært. Økonomane pusta letta ut. I Norge, som i andre land, gav dette seg uttrykk i målet om å redusere sysselsettinga i jordbruket og satse på industri som vekstnæring. Så viste det seg etter kvart at overflyttingsgevinstantane vart drastisk redusert over tid. Forklaringa var enkel. Når landbruksnæringa vart tømt, i Norge både gjennom overgang til meir produktive næringar og utvandring, auka produktiviteten per person i landbruket drastisk og overflyttingsgevinstantane minka.

Ein var tilbake til start, og vekstmodellen og det som elles let seg gjere å kvantifisere, forklarte mindre av den observerte veksten enn nokon gong før. Korleis da forklare veksten? Alle, også økonomar, såg at kapitalinnsatsen ikkje berre hadde ein kvantitativ auke. Også kvaliteten og effektiviteten auka drastisk både gjennom nye oppfinningar og kvalitetsbetringar. Det galdt pløgen og såmaskina i jordbruket, overgangen til motorsag og utviklinga av motorsaga i skogen osv. Og kvar var vi da? Da var vi tilbake til Schumpeter og tilbake til innovasjon som forklaring på vekst. Skilnaden var at nå forklarte utviklinga i oppfinningar, innovasjonar og teknologi berre ein mindre del av veksten.

Det var opplagt at denne endringa i kapitalens kvalitet forklarte ein del av den uforklarlege restfaktoren, men det var sannsynleg at det også kunne vere andre forklaringar. Slike faktorar kunne vere funn av, eller evne til å utnytte, nye råstoff, betre organisering av bedrifter og nye distribusjonsvegar. Nye marknader som gjorde det lettare å spesialisere seg, og moglegheiter for å utnytte stordriftsfordelar var andre typar forklaringar. Og kva var det som kjenneteikna alle desse? Jau, da er vi inne i Schumpeters kategoriseringar av innovasjon. Diskusjonane om restfaktoren skjedde i ein periode der Schumpeter sjølv hadde byrja å interessere seg for andre ting enn det han gjorde så banebrytande tenking på i ungdomsarbeida sine. Dei som deltok i diskursen om restfaktoren, såg ikkje ut til å kjenne, eller å leggje vekt på, Schumpeter sitt ungdomsarbeid (som ikkje vart oversett til engelsk før i 1934. Dette forklarar sjølvsagt ein del).

Oppnøstinga av kva som skjulte seg bak restfaktoren, førte oss altså først tilbake til Kondratiev, så inn i Schumpeters typologisering av innovasjon. Men det var framleis ei side ved den vedvarande økonomiske veksten økonometrisk orienterte økonomar ikkje fann forklaring på. Det var at alle dei elementa som etter kvart kom inn som mogleg forklaring på restfaktoren hadde same forventa eigenskap som overflyttingsgevinstantane og tilføringa av meir kapital per arbeidstakar: Dei var venta å bli mindre viktige over tid. Grenseproduktiviteten ville gå ned fordi det starta med radikale innovasjonar, til dømes med oppfinninga av motorsaga, for så å gå over i mindre forbetringar av nye generasjonar motorsager.

Samla sett gjekk likevel ikkje veksttakta i økonomiane ned. Kva i all verda kunne vere forklaringa? I jakta på restfaktorforklaringar vart det frå første stund trekt inn som eit moment at ikkje berre kvaliteten på kapitalen hadde vorte betre, men også kvaliteten på arbeidskrafta. Helsetilstanden vart betre, og eit vanleg brukt mål på dette (som Aukrust interesserte seg for) var at gjennomsnittshøgde på soldatar auka jamt og trutt. Steglengda og muskelmengda auka, og arbeidsstyrken auka trutt. Men også her måtte det vere slik at soldatane ikkje kunne vekse til himmels. Dette momentet såg broren til statistikaren Odd Aukrust heilt intuitivt. Han byrja å interessere seg for kor høge soldatane ved slaget på Stiklestad kunne vere, og fekk bror sin, Odd, til å rekne det ut. Og svaret var at kjempene på Stiklestad var mellom 30 og 40 cm lange! Dette kunne ikkje stemme. På same måten rekna ein med at veksten i kvaliteten på arbeidskraft, målt på denne måten, før eller seinare måtte stoppe opp. Dessutan vart fysisk styrke mindre og mindre viktig med utviklinga i teknologi.

Gjennombrøtet på dette feltet kom med Romer og det som har vorte kalla «ny økonomisk vekstteori» eller endogen vekstteori (Romer, 1987, 1990). Teorien er at spesialisert og aukande kunnskap og kompetanse ikkje har fallande, men aukande grenseproduktivitet (increasing returns) i motsetning til om ein berre aukar mengda av arbeidskraft eller kapital utan spesielle kvalitetar. Med meir kunnskap aukar evna både til å innta ny kunnskap og til å nyttegjere seg kunnskapen. Dette vart meir enn ein teori eller hypotese da det også lykkast å matematisere teorien. Ny økonomisk vekstteori er truleg ei av hovudforklaringane på den vendinga i innovasjonspolitikken som har gjort denne så FoU-orientert. Det har vore ei grunngeving i seg sjølv for å auke forskingsinnsatsen som del av nasjonalproduktet, og det forklarar dei normative innovasjonssystemmodellane som koplar saman næringsliv, ulike FoU-institusjonar, forskingsparkar osv. Andre vil hevde at reine innovasjonsforskarar har vore viktigare for denne vendinga, til dømes Lundvall og Johnson sin viktige artikkel om lærande økonomi. Det er påfallande at dei i denne artikkelen ikkje refererer til det banebrytande gjennombrøtet i ny økonomisk vekstteori som kom nokre år seinare (Lundvall og Johnson, 1994). Politikk og offentleg forvaltning blir kopla opp spesielt eksplisitt og tungt i «Triple Helix»-modellen, noko som forklarar den ivrige bruken av denne modellen til dømes i Innovasjon Norge. Her har også dei sin plass!

DIFFUSJON

I presentasjonen av Kondratievs bølgeteori kommenterte vi ikkje kva som skjedde da den eine bølga ebba ut visualisert som ein djup bølgedal før ei by bølge byrja å bygge seg opp. Bølgedalane representere kriser i økonomien. Schum-

peter som altså bygde vidare på denne bølgeteorien, skildra det som skjedde da ei bølge byrja å bygge seg opp, med at dette var «svermar» av nye bedrifter som på ulike måtar spreidde den nye teknologien i marknadane. Det kom ny vekst i økonomien, men det nye slo også ut det gamle arbeids- og næringslivet. Det vart destruert av dei nye innovasjonane som spreidde seg. Dette førte til kriser som spreidde seg med den nye teknologien. Schumpeter snudde derfor på hovudet forståinga av slike kriser. Han sa at dei var naudsynte for å gje plass til det nye.

I norsk historie har vi eit spesielt godt døme på det som skjer i slike situasjonar. Jernbaneutbygginga i USA gjorde det mogleg å frakte korn billig til amerikanske hamner. Sjøtransport var billeg også i seilskutetida, og hamnebyar i Norge fekk billig korn som gradvis konkurrerte ut det norske. Da jernbane også vart bygd frå Oslo til Eidsvoll, og billig båttransport på Mjøsa kunne frakte vidare til Lillehammer, vart kornproduksjonen på det sentrale Austlandet råka av ei stor krise. Bøndene i dei gode jordbruksdistrikta i Mjøs-regionen klarte ikkje å konkurrere med korn (etter kvart dyrka av utflytta nordmenn!) på den amerikanske prærien.

Poenget med det som her er forklart, er at det er spreinga av nye innovasjonar, ikkje oppfinninga eller oppkomsten, som får store samfunnsmessige konsekvensar både på godt og vondt. Eg har skrive at det var liten interesse for innovasjonar og entreprenørskap i etterkrigstida. Ein av grunnane til dette har eg nemnt, den aktive stat først og fremst som stimulator av etterspørselen gjennom under-skotsbudsjettering. I Norge, og mange andre land, vart likevel den aktive staten til-lagt langt fleire oppgåver og funksjonar. Ein av dei var nettopp det som vart kalla «teknologispreiing», altså diffusjon. I Norge er Thulin-utvalet (NOU 1981: 31 A og B) det store dømet på korleis ein tenkte at norsk industri (ja, det var berre industri ein tenkte på) skulle ta i bruk det nyaste av tekniske og teknologiske nyvinningar. Eigne, norske, oppfinningar hadde ein liten plass. SINTEF og NTH var den sentrale aktøren saman med Forsvarets forskingsinstitutt. Det var teknologispreiing som var hovudgrepet. Her fekk Statens Teknologiske Institutt ei sentral rolle. Instituttet var organisert slik at det kunne hjelpe industrien med å innføre ny teknologi over heile landet. Det skulle spreie det beste slik at det tok over frå det gamle. Etter kvart vart det større og større forståing for at det ikkje var tilstrekkeleg med teknisk kunnskap. Ein laut også ha moderne og vitskapstufta økonomistyring. Ingeniørar vart supplert med økonomar og jamvel andre profesjonar.

Den sterke vektlegginga på teknologispreiing kan forståast i lys av at alle dei leiande miljøa var sikre på at ny kunnskap, spesielt ny teknologi, i framtida ville springe ut av storføretaka sine laboratorium i meir og mindre intimt samarbeid med dei mest avanserte tekniske høgskular og universitet. Schumpeter sjølv, som nå var på Harvard, vart sjølv symbolet på at nå var tida for den talentfulle enkelt-

personen, entreprenøren, over. Han miste trua på den entreprenøren han skreiv om i ungdomen. I Norge mangla vi slike storføretak i amerikansk forstand, men som vanleg er i Norge, importerte og nedskalerte vi også her utanlandske suksessmodellar og etablerte slike koplingar mellom SINTEF/ NTH og norske storføretak. Men dette var unntaket. Norge hadde 1 promille av verdas folketal, og ein rekna nøkternt med at vi ikkje kunne ha stort meir av innovasjonane i verda. Å raskt til-eigne seg og ta i bruk oppfinningar og innovasjonar frå andre gjennom teknologispriing måtte bli hovudstrategien. Diffusjonsprosessane står nå heilt sentralt i innovasjonsforskninga, og Rogers (2003) er det store standardverket på feltet, men som vi skal kome til i neste avsnitt, er innovasjon viktigare samanlikna med diffusjon i Norge enn i dei fleste andre land.

PRODUKTSYKLUSEN I TID OG ROM

Global historie viser at både det å vere først ute, innovasjonsstrategien, og alternativet, satsing på teknologispriing gjennom diffusjon, kan vere suksessfulle utviklingsstrategiar. Storbritannia under den industrielle revolusjonen er brukt som døme på suksess gjennom innovasjon. Japan var lenge brukt som det store dømet på suksess gjennom imitasjon. Kina har dei siste tiåra følgd Japan sin suksessformel. Korleis forstå desse mekanismane? Verdoorns lov, eller Verdoorn-effekten, har vore brukt til å forstå koplinga mellom ny teknologi og ulik utvikling mellom regionar og land (Armstrong og Taylor, 1993, Teigen, 1999). Ein observerer at same produkt/teneste blir produsert med ulik teknikk og teknologi frå stad til stad. Produksjonsfunksjonane er altså ulike i motsetnad til det nyklassisk teori tradisjonelt har lagt til grunn. Til kvar tid er det land og regionar som er i teknologisk forkant og gjennom dette vil ha ein konkurransefordel, men denne konkurransefordelen er ikkje permanent. Verdoorn analyserer regional vekst i lys av det han kallar «teknologiendringsrate» og vekst i den tradisjonelle kapital-/arbeidskraftbrøken.

Effekten av nøkkelbegrepet «teknologiendringsrate» kan studerast gjennom produksjon av det enkelte produkt og av bedriftene som har spesialisert seg på dette produktet. La oss knyte dette opp mot ein teori som akkumulerer frå det einskilde produktet til konkurransetilhøvet mellom regionar og land. Produktlevetidskurva er kjent. Den seier mange produkt går gjennom fire fasar. Ei tidleg introduksjonsfase, ei vekstfase, så mognings- og deretter aldringsfasa. I mogningsfasa stagnerer den samla etterspurnaden av produktet. Dersom produktet er ein innovasjon, vil det vere høg profitt i den første vekstfasen. Denne profitten fører til ein rask diffusjons- og imitasjonsprosess der det kjem fleire og fleire konkurrentar

som produserer og sel same produkt (svermane, som Schumpeter kalla det). I denne spreingsprosessen går profitten raskt ned, noko som blir dramatisk i stagnasjonsfasen. I denne fasen må bedriftene konkurrere på kostnadsreduksjonar og dei teknologisk avanserte og høgtløna regionane, og landa får problem. I denne fasen går produksjonen raskt ned i desse landa, og bedrifter lokalisert i lågkostnadsland tek over. Det er dette som viser at land som Norge ikkje kan satse først og fremst på diffusjon eller «beste praksis». Denne arketypiske utviklinga som vi kjenner så godt, til dømes frå norsk tekstilindustri, blir gjennom Verdoorn-effekten forstått slik: *Dersom det er låg teknologiendringstakt eller høg teknologispriingstakt, vil fordelane med å innovere – altså å vere først ute – blir redusert.* I neste omgang forklarar dette kvifor land og regionar vanskeleg kan konkurrere på annan måte enn gjennom innovasjon etter at dei har fått eit høgt lønsnivå. Japan vart «tvinga» til å byrje teknologiutvikling/innovasjon som strategi da dei fekk sitt høge lønsnivå.

Oppsummering: Sjølve innovasjonen er viktig på den måten at den gjev ein konkurransefordel inkludert monopolgevinst for det føretaket som først får innovasjonen ut på marknaden. Viktig for heile samfunnet (nasjonalt og globalt) blir innovasjonen først gjennom spreingsprosessen av det konkrete produktet/tenesta. I tillegg kjem at mange radikale innovasjonar har den eigenskapen at basisteknologien kan inngå i mange nye innovasjonar gjennom det Schumpeter kalla «nye kombinasjonar». Det er så i sin tur alle desse nye kombinasjonane som utgjer det som den same Schumpeter kalla «svermar» av nye innovasjonar. Endeleg er det slik at spreingsmekanismane har ei økonomisk side der sjølve produksjonen flytter seg frå høgkostnads- til lågkostnadsregionar i den fasen der prisen på innovasjonen blir pressa ned, og produktet/ tenesta på den måten gjort tilgjengeleg for folk flest. I dei fattigaste landsbyar i Kina sit nå innbygarane og puslar med smarttelefonen sin.

INNOVASJONSAKTØREN

Schumpeter utvida innovasjonsforskinga frå oppfinninga og det fysiske produktet til mange slags nyskapingar ofte kjenneteikna av at gamle og velkjente artefaktar, organisasjonsformer, osv. vart sett saman og kombinert på nye måtar. Innovasjonsaktøren, iverksetaren av det nye og dei kreative kombinasjonane var entreprenøren.

Det var slike enkeltpersonar, entreprenørar, Schumpeter hadde mange døme på og hadde opplevd og observert i oppveksten sin.

Men allereie på det tidspunktet han opplevde småkapitalistanes evner til nyskaping i Austerrike/Tyskland der han vaks opp, hadde den moderne kapitalismen starta ei utvikling der storkonserna tok over meir og meir. I USA kom antitrust-lovgjeving for å regulere deira marknadsmakt og dominans over dei små på slutten av 1800-talet. I Tyskland vaks finanskapital og produksjon saman gjennom den spesielle tyske konstruksjonen, industribankar. Desse store aktørane utvikla eigne forskings- og utviklingsavdelingar. Samstundes var vi inne i ein fase der den teknologiske utviklinga fremja stordriftsfordelar i ei rekkje bransjar. Bilproduksjonen vart konsentrert i enorme fabrikkane der produksjonen føregjekk på det løpande bandet. Elektroteknisk og elektrokjemisk industri kravde store investeringar og produksjonsanlegg med stordriftsøkonomi, osv.

Etter kvart miste alle interessa for den gamle entreprenøren som utvikla fikse idear i kjellar og bod. At innovasjonar i framtida ville skje i storføretaka sine FoU-avdelingar, ofte i nært samarbeid med tekniske høgskular/universitet og statlege finansieringsinstitusjonar, var få i tvil om. Også Schumpeter vart overtydd om at utviklinga hadde løpt frå hans gamle entreprenør, og han miste trua på sin eigen innovasjonsaktør frå ungdomen.

Det var ikkje berre storføretaket, men også statsføretaket, som fekk ei førande rolle i innovasjons- og teknologiutvikling. Det statsstyrte og statssamordna Sovjetsamveldet hadde nærma seg USA meir og meir i kunnskapsbasert teknologutvikling. På slutten av 30-talet og under krigen stod kampen om utviklinga av atombomba. USA svara med same mynt som Sovjet og satsa tungt gjennom militært finansierte selskap, forskingsinstitutt og forskingsprogram. USA vann, men også Sovjetunionen utvikla atombomba. I kampen om verdsrommet vann dei første runde med sin sputnik.

Mazzukato (2013) har vist at ikkje minst i USA var staten, ofte gjennom krigsindustrien, ein leiande innovasjonsaktør. Ho peiker på at også Internettet vart utvikla gjennom DARPA som var eit organ under det amerikanske forsvarsdepartementet. Det interessante er i og for seg ikkje om det er ein privat aktør eller offentleg aktør som står for det operative arbeidet med å utvikle ein radikal innovasjon. Det viktige er at radikale innovasjonar i tydinga store teknologiske sprang er svært risikofylte. Mazzukato sitt hovudpoeng er at i finansieringa er det staten som har teke høgrisikodelen. Dette gjeld også mange av dei store innovasjonane i Silicon Valley. Det var personar frå «det norske Amerika» som var med og stod i spissen for utviklinga av atombomba i USA. Tremeningen til Hamsun, Ernest Lawrence, fekk Nobelprisen i fysikk i 1930 for eit forskingsmessig gjennombrøt i atomteknologien. Han var knytt til universitetet i Berkeley, og det store laboratoriet der er framleis militært område. I Norge følgde vi opp tenkinga, men sjølv-sagt i liten skala, med Forsvarets forskingsinstitutt og atomreaktoren på Kjeller.

SAMFUNNSNYTTE, VEKST OG FORDELING

Vi har vist at i den dominerande forståinga av innovasjon er det eit nært slektskap til entreprenørskap. I ein tankevekkande, enkelte vil seie banebrytande, artikkel, stiller Baumol (1996) spørsmålet: Er entreprenørskap berre bra og konstruktivt, eller kan det også vere både uproduktivt og jamvel destruktivt? Han trekte fram historiske døme på destruktive entreprenørskap. Det same grunnleggjande spørsmålet kan stillast til innovasjonar, og Soete (2013) har gjort det. Det er lett å vise historiske døme på at innovasjonar også kan vere destruktive. Atomteknologien er eit døme på dette. Det er brei semje om at denne teknologien brukt til å produsere atombomber ikkje bør spreiaast, slik nettopp kjenneteiknet er ved konstruktive innovasjonar. Nye innovasjonar elles blir midlertidig verna mot spreiging gjennom patentlovgeving i IPR. Dette skal sikre monopolprofitt i ein startfase for dei som har teke risikoen og investert store pengar i å utvikle nyskapinga. Marknadsmakta skal vere midlertidig. Atombombas krigsmakt skal derimot varig vernast mot spreiging. Fleire døme på at innovasjonar kan vere så destruktive at spreiging er farleg, trengst kanskje ikkje. Bror til Ernest Lawrence forska innan medisin og utvikla stråleterapi som del av kreftbehandlinga med basis i grunnforskninga bror hans hadde gjort om atombomba.

Det enda meir fundamentale spørsmålet er om alle bølgiene utløyst av steinras frå radikale innovasjonar er like konstruktive. Vi har følgd Kondratievs bølgeteori berre så lenge han sjølv levde. Den fjerde bølga (ofte avgrensa til 1930–1980) blir kalla fordismen, oppattkalla etter den nye prosessteknologien, samlebandet, og opphavleg knytt til masseproduksjonen av T-forden. Denne epoken var kjenneteikna av masseproduksjonssverm av forbruksvarer. Med andre verdskrig som eit intermesso var denne perioden ei spesielt lang vekstperiode også kjenneteikna av utjamning mellom arbeidarar og kapitaleigarar i dei industrialiserte landa.

Den femte bølga, den vi nå er inne, har sjølvsagt vorte knytt til Internettet og informasjonsteknologien (enkelte koplar også på bioteknologien). Aldri har nokon innovasjon spreidd seg så raskt til så mange. Den store spreinginga starta med PC-en på 80-talet, eksploderte med Internettet frå 1990-talet og fekk ei ny rask omdreining med at ein kunne ta duppeditten på lomma (smarttelefonen). Informasjonsteknologien har revolusjonert folks daglegliv over det meste av kloden. Og det har skjedd så raskt at ingen tidlegare bølge kan måle seg verken i radikalitet eller kvantitet. Men er det av den grunn opplagt at informasjonsteknologibølga også har kvalitetar ved at teknologien har gitt vekst og velstand til den enorme breidda av teknologiens brukarar?

Svaret på dette spørsmålet kjem an på kva ein er oppteken av. Alle bølger har hatt sine vinnarar og taparar. Marx synleggjorde framandgjering som ei negativ

side allereie ved dei «førfordistiske» fabrikkane. Chaplin udøyeleggjorde lagnaden til den fordistiske i samlebandsarbeidaren som hadde berre ei arbeidsoppgåve heile dagen: å skru fast ein mutter. Filmen heitte «Modern times» og illustrerte at ikkje alt moderne er framsteg for alle. Dei siste åra har mange, mellom dei Piketty, Reich, Krugman og Stigliz, dokumentert at i informasjonsteknologiens heimland USA har den jamne amerikanar ikkje hatt levestandardframgang dei siste 20–30 åra, altså sidan Internettet byrja å slå gjennom. Det er kjenneteikn og eigenskapar ved den siste bølga som har gjort det store fleirtalet til storforbrukarar, men økonomisk tapande konsumentar av den nye teknologien, symbolisert med at sjølv i fattigkvartera i storbyane har alle sin smarttelefon i handa – alltid.

Det som har skjedd i land etter land dei siste 20–30 åra, er eit raskt veksande gap mellom dei få rike, ei stagnerande og angstbitersk middelklasse og eit aukande tal fattige. Det er ikkje vist at det er informasjonsteknologien som produserer desse nye store klasseskilla, og i ein viss forstand kan det umogleg vere det. Teknologien i seg sjølv kan ikkje få ansvar for noko som helst. Menneske kan med klassekamp, politiske grep og reguleringar tøyte teknologien.

Mange har vist at i desse 20–30 åra har levestandarden jamna seg ut mellom rike og fattige land. Fleire fattige land har hatt ei eventyrleg utvikling, med Kina som det store dømet. Mange er likevel samde om at det er produksjonsformer frå den fordistiske bølga som har vore basis for denne veksten. Den fordistiske masseproduksjonen er flytta frå Europa og USA til Kina (og andre tilsvarende land). Ikkje berre det. Det kan lett grunnjevast at også den Kina-drivne veksten har vore grunnlagt på ein «labour-surplus»-modell. Slik sett er vi globalt der Europa var på tidleg 1800-tal, da overskotsarbeidskraft frå jordbruket gjekk inn som billeg arbeidskraft i den industrielle revolusjonen.

Den fordistiske epoken utløyste reguleringsregimer som var avgjerande for at arbeidar- og middelklassen fekk betre kår i den «gamle industrialiserte verda». Gjennom demokratiet som styringsform kunne massane nyte godt av at dei nettopp var «masse», altså mange som kunne oppnå fleirtal. Både dei fordistisk organiserte bedriftene og byråkratiet i offentleg sektor og i storforetaka var eigna rammer for den organiserte kapitalismen. Ein kan i schumpeterianske termar kalle det organisatorisk innovasjon eller reguleringsinnovasjon. Denne innovasjonen fylgde ikkje med bedriftene og produksjonen til Kina. Her har ikkje lønsarbeidarene fått den same forhandlingsmakta og lønshevingar.

Vesten har på si side fått permanent høgare arbeidsløyse enn under fordismen, og sysselsettingsveksten har vore i tenesteytande næringar. Overgangen frå vareproduserande til tenesteytande næringar har i denne perioden ikkje ført til økonomiske overflyttingsgevinstar. Lønsnivået er lågare i tenesteytande sektor enn i

industrien, og har vore det lengje. Verdiskapinga har også vore i gjennomsnitt lågare i desse næringane. Det som derimot har skjedd, er at desse næringane av ulike grunnar har fått ei dårlegare organisert arbeidarklasse (prosenten fagorganiserte er langt lågare). Både den klassekampen som sikra økonomisk vekst også for arbeidarklassa under fordismen, er såleis sterkt svekka. Med Thatchers fagforeiningsknusing på tidleg 80-tal har ein næringsliberalistisk ideologi spreidd seg langt inn i sosialdemokratiske parti, også i Skandinavia. Det er fråværet av klassekamp og politisk vilje til reguleringar, meir enn teknologisk utvikling, som forklarar det sterkt veksande gapet mellom dei få styrtrike og dei mange nyfattige. Likevel er det også kjenneteikn ved den nye informasjonsteknologien som gjer politikken styrande og overordna rolle vanskelegare. Dette blir spesielt godt illustrert med det som nå (så fullstendig misvisande) blir kalla delingsøkonomien. Dette er ein oppdelings- og fragmenteringsøkonomi der fleire og fleire, i stadig nye bransjar, blir frilansarar utan fast lønsarbeid og utan kollegaer og klassefrendar som dei kan ivareta interessene sine saman med. Delingsaktørar som Uber blir av mange framstilt som snille gammaltanter som deler rettferdig med dei mange som klimaukorrekt køyrer på måfå rundt i storbyane og ventar på ein Uber-passasjer. Med dette er ikkje ei gammaltante. Det er ein forretningssidé der profitten går til California og er med og akselererer skilnaden mellom fattige og rike.

OPPSUMMERING

Dette kapitlet har vore ei vandring i litteraturen om samanhengen mellom innovasjon og utvikling, med vekt på økonomisk utvikling. Det er vist at innovasjon som begrep har hatt ei eksplosiv utvikling dei siste 20–30 åra, men det er ei relativt lita kjerne av personar som har drive det fram. Mange har relasjonar til og rota si i miljøet Sussex. Felles for dei er at dei knyter seg til ei retning i økonomien som dei kallar «evolusjonær» økonomi. Namnet er henta frå darwinismen, og einskilde går langt i å analysere nokså analogt med Darwins mest kjente begrep: «The survival of the fittest». I Norge har Gjelsvik gjort det (Gjelsvik, 2007). Det er ikkje tvil om at Schumpeters sentrale begrep «kreativ destruksjon» inviterer til dette, og at evolusjonær økonomi var inspirert av Darwin si lære.

Evolusjonær økonomi er ein bitteliten sidestraum som yppar seg mot nyklassisk økonomi. Nyklassisk økonomi er ei av dei få retningane innan samfunnsvitskapen som kvalifiserer til å vere eit paradigme i Kuhns forstand. Dei evolusjonære prøver seg på å oppnå «paradigmestatus» slik Lars Thue (1997) på ein småfrekk måte prøvde seg på å gje historisk institusjonell økonomi ein slik status. Hovudåtaket mot nyklassisk økonomi frå dei evolusjonære er at nyklassikarane legg til grunn

at normaltstanden i økonomien er, eller i alle fall bør vere, balanse. Dei evolusjonære legg vekt på at det er omvendt. Det er predatorane, med entreprenøren i spissen, som driv utviklinga framover gjennom stadig å riste dei etablerte ut av balanse. Innan den nyklassiske økonomien har keynesianismen dominert med si vekt på å skape balanse gjennom etterspurnadssida i økonomien. Dei evolusjonære er derimot tilbodssideorientert. Ein kan spørje kvifor evolusjonær økonomi ikkje klarer å oppnå den same paradigme-statusen som den nyklassiske. Det er sikkert mange svar på det, men eitt av dei er at nyklassikarane viser seg å vere fleksible og til dømes har klart å bygge dynamiske modellar med ubalanse innarbeidd.

I dette kapittelet har koplinga mellom innovasjon og vekst stått i fokus, og med Schumpeter som gjennomgangsfigur og «the comeback kid». Eg vil avslutte med å peike på eit paradoks i vår bruk av Schumpeter. Som økonomisk historikar la han vekt på dei store innovasjonane. Det var dei som laga bølgiene og forma historia. I sin mikroøkonomi om entreprenøren la han vekt på det som ikkje var stort og nytt, men «nye kombinasjonar». Det er denne mikroøkonomien som han sjølv gjekk bort frå på slutten av karrieren sin som har vorte dominerande. Det store skiljet før og etter Schumpeter var at han stod for det eg har kalla ei «inkluderande opning» av innovasjonsfeltet. Tidlegare var det berre knytt til fysiske oppfinningar. Med Schumpeter vart det slik at innovasjonar både kunne skje innafør alle dei fem typologiseringane, kombinasjonar innanfor kvar av dei fem og kombinasjonar mellom dei fem. Desto viktigare blir det at vi skil mellom det som er og det som ikkje er innovasjonar etter andre kriterium, til dømes i skiljet mellom daglege forbetringar, småstegsinnovasjonar og radikale innovasjonar. Dersom ei ny organisasjonsform berre viser seg å vere resultat av at vellykka konsulentar sel inn ein mote, bør det etter mitt syn ikkje kallast ein innovasjon dersom organisasjonsforma ikkje overlever motebølga. Eg vil også normalt vere uvillig til å kalle det ein innovasjon når det nye berre er nytt for bedrifta og ikkje nytt i heile marknaden eller forvaltningsområdet (dersom det dreiar seg om offentleg sektor). Eg har sjølv synda her og lagt for stor vekt på det som berre er nytt for den einskilde bedrift eller organisasjon, til dømes da eg kartla innovasjon i norske kommunar og samanlikna med innovasjonar i privat sektor (Teigen, 2010).

Det blir sagt om Marx at hadde han levd lenger og opplevd revolusjonen i Sovjet, ville han ha sagt: Eg er ikkje marxist. Kanskje ville Schumpeter sagt det same om han hadde sett kva dei fleste innovasjonsforskarane puslar med? Kanskje ville han også ha sagt at: Dersom innovasjon er alt, er det ingenting.

LITTERATUR

- Afuah, A. (2003). *Innovation management: strategies, implementation and profits*, New York: Oxford University Press.
- Armstrong, H. og Taylor, J. (1993). *Regional economics & policy*, London: Harvester Wheatsheaf.
- Barth, F. (red.) (1963). *The Role of the Entrepreneur in Social Change in Northern Norway*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Barth, F. (1978). «Economic Spheres in Darfur». I Raymond, F. (red.) *Themes in Economic Anthropology*, Tavistock Publications.
- Baumol, W.J. (1996). «Entrepreneurship: Productive, unproductive, and destructive» *Journal of Business Venturing*, vol. 11: 1, s. 3–22.
- Braudel, F. (1982). *Vardagslivets strukturer. Det möjligas gränser. Civilisasjoner och kapitalism 1400–1800*, Stockholm: Gidlunds böker.
- Bugge, M.M., Mortensen, P.S. og Bloch, C. (2011). *Report of the Nordic Pilot Studies – Analyses and methodology and results*. Report 40/2011: NIFU.
- Domar, E. (1946). «Capital expansion, rate of growth, and employment». *Econometrica*, vol. 14, 137–147.
- Fagerberg, J. (2005). Innovation: A Guide to the Literature. I J. Fagerberg, D.C., Mowery, R.R. og Nelson (red.) *The Oxford Handbook of Innovation* (s. 181–208), Oxford: Oxford University Press.
- Fagerberg, J., Fosaas, M. og Sapprasert, K. (2012). «Innovation: Exploring the knowledge base». *Research Policy* 41, 1132–1153.
- Fei, C.H. og Ranis, G. (1964). *Development of the Labour Surplus Economy*. Homewood: Irwin.
- Gjelsvik, M. (2007). *Innovasjonsledelse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Habakkuk, H.J. (1967). *American and British Technology in the Nineteenth Century. The Search for Labour-Saving Inventions*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Harrod, R.F. (1948). *Towards a Dynamic Economics*. London: Macmillian.
- Kondratiev, N. (1935). «The Long Waves in Economic Life». *The Review of Economic Statistics XVII*, 6, 57–67.
- Kuhn, T. (1962). *The Structure of Scientific Revolutions*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Lundvall, B. og Johnson, B. (1994): «The Learning Economy» *Industry & Innovation*, 1:2, 23–42.
- Mazzukato, M. (2013): *The Entrepreneurial State: Debunking Private vs. Public Sector Myths*. London: Anthem Press, DEMOS.
- Munthe, P. (1992): *Sirkulasjon, inntekt og økonomisk vekst*. Oslo: Universitetsforlaget.
- NOU 1981: 31 A og B: Forsking, teknisk utvikling og industriell innovasjon.
- Reinert, E. (2008). *How rich countries got rich – and why poor countries stay poor*. London: Little, Brown Book Group.
- Rogers, E.M. (2003). *Diffusion of Innovations (Fifth edition)*. New York: The Free Press.
- Romer, P.M. (1987). «Growth Based on Increasing Returns due to Specialization». *Papers and Proceedings of the American Association* 77, 2: 56–62.

- Romer, P.M. (1990). «Endogenous Technological Change». *Journal of Political Economy* 98, 71–102.
- Rostow, W.W. (1960). *The Stages of Economic Growth: A Non-Communist Manifesto*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Rønning, R. og Teigen, H. (red.) (2007). *En innovativ forvaltning?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Sandmo, A. (2006). *Samfunnsøkonomi – en idéhistorie*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Schumpeter, J. (1912). *Theorie der wirtschaftlichen Entwicklung*. Berlin: Duncker & Humblot.
- Schumpeter, J. (1934). *The Theory of Economic Development*, Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Schumpeter, J. (1939). *Business cycles: a theoretical, historical and statistical analysis of the capitalist process*. Philadelphia: Porcupine Press.
- Schumpeter, J. (1942). *Capitalism, socialism and democracy*. London: George Allen & Unwin.
- Sejersted, F. (1982). *Historisk introduksjon til økonomien*. Oslo: Cappelen Damm.
- Selstad, T. (2007). Innovasjoner i tid og rom. I Rønning, R. og Teigen, H. (red.) *En innovativ forvaltning?* Bergen: Fagbokforlaget.
- Soete, L. (2013). Is Innovation Always Good? I Fagerberg, J., Martin, B. og Sloth Andersen, E. (red.) *Innovation Studies. Evolution & Future Challenges*. Oxford: Oxford University Press.
- Solow, R.M. (1956). «A contribution to the theory of economic growth» *Quarterly Journal of Economics*, 70, 65–94.
- Teigen, H. (1999). *Regional økonomi og politikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Teigen, H. (2010). Kommunane som innovatører. I T. Ringholm, H. Teigen og N. Aarsæter (red.) *Innovative kommuner*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Teigen, H. (2013). Kommunane som innovatører. I T. Ringholm, H. Teigen og N. Aarsæter (red.) *Innovative kommuner*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Thue, L. (1997). Kapitalismens dynamikk og former. I R.P. Amdam, S. Knutsen og L. Thue (red.) *Bedrift og samfunn*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wildavski, A. (1973). «If Planning is Everything, Maybe It's Nothing», *Policy Science* 4, 127–153.

3

Innovasjon – og immateriell kapital

JAN INGE SØRBØ

SAMANDRAG Kapittelet prøver å analysere to begrep: innovasjon og immateriell kapital, og viser korleis det første har ei lang historie, det andre er nyare. Det karakteristiske for utviklinga til eit begrep som får suksess, er at det går frå ei smal, relativt avgrensa meining til eit større tydingspotensial. Begge omgrepa står i fare for å missa det særeigne ved det dei vil uttrykkja, nemleg at det finst noko nytt, unikt, uforutseieleg i menneskeleg handling, og dette misser ein dersom ein prøver å omskape det til teknikk.

ABSTRACT This chapter tries to analyze two concepts: Innovation and immaterial capital, showing that the first has a long history, the other is newer. Concepts that succeed, have a tendency to develop from one concise meaning to a manifold of associations. Both concepts tend to lose their original and specific meaning, which is that there is something new and unpredictable in human action. And when the unpredictability is lost of sight, action is often turned into technique.

NØKKEWORD innovasjon | immateriell kapital | handlingsteori | positivismekritikk

INNLEIING

Dette innlegget vil nærma seg årets ord – innovasjon – og neste års ord – immateriell kapital – frå ein humanistisk synsvinkel. Desse begrepa blir vel primært brukt i samfunnsvitskapane, og mitt skråblikk kjem ein stad frå mellomrommet mellom litteraturvitskap og filosofi, der eg har levd og levd bra dei siste åra.

Mange vil sikkert ynskja eit slikt blikk velkommen – andre vil kanskje sukka: Og no, når me hadde det så kjekt! Det får stå til. Det første eg vil seia om desse orda, er noko ein kan seia om dei fleste ord: At dei har historie og livsløp. Ord er som folk; dei fødest og er lenge ukjende og anonyme, somme blir aldri noko anna, somme lever anonymt og stillferdig, men er like uunnverlege som godt skotøy

eller regnkjede om vinteren: Ver så god, takk skal du ha, lykke til og god reise. Uunnverlege ord, ord som skulle fått kongens fortenestemedalje fordi dei lettar kvardagen og skaper varme og tillit.

Så har vi kjendisorda, dei som gjer karriere. Som ingen har høyrte om, men som brått ligg på alles lepper: Kvalitetssikring. Ansvar for eiga læring. Meistringsfølelse. Klynger. Robuste løysingar. Slike kjendisord har markert historie. Dei kan leva ei tid i det stille, så vinn dei Grand prix og Idol, og blir brukt i kongens nyttårstale og på alle valmøte. Men så blir dei brått gamle og døyr, eller trekkjer seg stille tilbake til sin fødestad, og døyr med dei kjære omkring seg, i ei ordsamling eller på eit bibliotek. Dei blir aparte, for å bruka eit dødt kjendisord frå romanlitteraturen på 1940-talet.

FRÅ SCHUMPETER TIL NYLIBERALISMEN

Dei to orda eg skal snakka om her, er sannsynlegvis i kvar sin ende av livsløpet. Innovasjon er sjølvsgagt eit eldgammalt ord, som kanskje kan illustrerast med opphavet til alle ting, som Michelangelo sine skildringar i maleriet om skapinga. Leonardo da Vinci var innovatør, og vi kunne finna innovative folk i alle slags fag og yrke. Det vart eit kjerneord hos økonomen Joseph Schumpeter (1983), som brukte det til å fanga skilnaden på den aktøren som lukkast og den aktøren som mislukkast, trass i at dei har same tilgang på ressursar og like rammer. Det er innovasjonsevne som skil dei: Den innovative får meir ut av dei same ressursane, for å seia det enkelt.

Med dette blei innovasjon eit fag-ord, eit ord med første-kompetanse. Då var det duka for ei vidare karriere, og den går jo ofte i sprang. Eit viktig sprang var då ein flytta ordet over i forvaltninga, og kalla det innovasjon i offentleg sektor.¹ Når det skjedde, veit nok de betre enn meg, men det er i alle fall sikkert at dette på eit tidspunkt vart eit viktig begrep, og det har prega planmiljøa også her hos oss. Bak det kan ein kanskje sjå ein generell tendens, nemleg å leita etter modellar i privat sektor for å fornya eller modernisera offentleg sektor, altså det ein med eit anna karriereord kan kalla nyliberalismen. Dette er eit stort tema i seg sjølv; for ein humanist kan det sjå paradoksalt ut at ein vil forenkla offentleg sektor med modellar frå privat sektor, i ei tid då dei to i praksis er nokså vanskelege å skilja frå kvarandre. Målet om forenkling har ein heller ikkje nådd, kanskje fordi føresetnadane – klart skilde sektorar og ein gjennomiktig privatsektor – ikkje var til stades.

1. Uttrykket «innovasjon i offentleg sektor» er brukt i ei heil rekkje bøker, studiar og rapportar frå forskingsmiljø og frå offentlege institusjonar, så som Statistisk sentralbyrå, og det er eit studieemne mange stader. Det gir over 100 treff i Oria.

La no det vera som det vil. Eg er oppteken av livsløpet til eit begrep, og då innovasjon flytta plass frå den private konkurranseøkonomien til offentlig sektor, stod det ved byrjinga av ein enorm suksess, som denne konferansen er eit resultat av. Kanskje ein av dei siste suksessane til dette ordet? I alle fall vart innovasjonsordet ein del av offentlig forvaltning, med opprettinga av Innovasjon Norge som statleg organ, med store økonomiske overføringar til dei som oppfyller innovasjonskriteria, osv. No er innovasjonsordet kome på statsrådnivå, det er blitt objekt for diskursanalyser, og det høyrer til dei mektige diskursane, for det er så direkte kopla til pengar og makt – til departementa og finansane.

Men frå Kingo har eg lært skepsis til verdsleg suksess. I salmen «Ked af Verden, og kier ad Himlen», betre kjend som «Far Verden, farvel», skriv han slik:

Hvad er det dog alt

Som Verden opsminker med fauer Gestalt?

Det er jo kun Skygger og skinnende Glar,

Det er jo kun Bobler og skrattende Kar,

Det er jo kun Ise-skrog, Skarn og Fortred,

Forfængelighed, Forfængelighed (Stegane, Vinje og Aarseth, 1998)

Det eg vil seia: Når eit ord eller begrep får for stor suksess, så går det mot sin slutt. Nettopp det innovative, det nye og perspektivutvidande, blir slite ned. I tillegg blir det presise i ordet borte. Hos Schumpeter peika det på ei spesiell faktor i ein bestemt økonomisk setting. I sin alderdom er det nesten vanskeleg å finna noko ordet ikkje betyr eller kan brukast til. Men etter kvart som bruken tiltar, går det nettopp utover *det nye*. Det blir laga *Håndbok i medarbeiderdrevet innovasjon* (regjeringen, 2011) – medarbeiderstyring er også eit ord som er prega av aldring og forfall, og som sikkert vil ri inn i solnedgangen saman med innovasjon. Ein av grunnane til det er at det etter kvart koplar seg laus både frå medarbeidarar og styring, og blir eit munnhell. Ein kan gjera seg same bekymring med ord som empowerment eller kommunikatív. Dei blir fjører i hatten, men misser kontakt med det tankegrunnlaget dei i si tid lanserte.

OPPOSISJON MOT TEKNIKK

Håndboka i *medarbeiderdrevet innovasjon*, som er eit offisielt dokument på regjeringen.no sine sider, átvarar mot å sjå på innovasjon som eit verktøy eller ei fast oppskrift, fordi faste oppskrifter naturlegvis er vanskeleg å kombinera med innovasjon. Men neste del av handboka har nettopp overskrifta «Verktøy». Det er

skjebnen som bankar på døra: Tida for innovasjonsbegrepet kan vera kort. Ordet har hatt eit rikt og spennande liv; vi må førebu nekrologane.

Kvifor var det så vellukka?

Det er nokre interessante trekk ved innovasjonsbegrepet. Det dukkar opp i ein vitskap som midt på 1900-talet hadde store ambisjonar, nemleg økonomifaget. Slagstad brukar uttrykket å «løfte spørsmål ut av politikken» i sin omtale av Ragnar Frisch, ein gründer i sosialøkonomien (Slagstad, 1998). Økonomifaget ville gjera delar av dei politiske avgjerdene overflødige. Det finst vitskaplege svar på spørsmåla. Nobelprisvinnar Haavelmo sa det på sin måte: Ein diskuterer ikkje med eit brutto nasjonalbudsjett. Det var moegeleg å rekna seg ut av politikken.

Det interessante med innovasjonsbegrepet er at det rommar ein opposisjon mot dette. Drifta i samfunnsvitskapane mot å finna sosiale og økonomiske lover blir motsagt i det uforutseielege i innovasjonsbegrepet. Det representerer «den menneskelige faktor»; det som nettopp ikkje kan fangast opp av dei parametra som måler materielle føresetnader. Det er jo der desse forholda er like, at innovasjonen blir det som gjer utslaget. På den måten blir det upredikerbare synleg.

Om Schumpeter reflekterte over det eller ikkje – så repeterer han på sett og vis positivismestridens hovudpoeng med dette begrepet. Då Dilthey forsøkte å skapa ei ny plattform for humanvitskapane, eller vitskapane om mennesket på slutten av 1800-talet, med sitt skilje mellom å forstå og forklare, var det nettopp fordi han oppfatta eit skilje mellom det som kan forklarast gjennom lovmessigheiter, og det som kan forståast som gjennomtenkte handlingar (Dilthey 1883/1957). Det siste inneheld – som innovasjon – eit element av det uforutseielege, også den teoretiske muligheit for at ein faktisk handlar i strid med sine egne interesser. Menneskelege handlingar og ytringar er forståelege, men ikkje forutseielege, anna enn i grove statistiske mønster. Ein må ikkje lukka muligheiten for det uventa lykketreffet, heller ikkje for den katastrofen ingen såg koma.

VITSKAP OG FRU FORTUNA

Dette skiljet frå Dilthey (1883) blei gjentatt, repetert og variert gjennom heile 1900-talet. Og med fare for å begå «namedropping»: Eg finn spor av dette i Heideggers kritikk av teknologien, i Martin Bubers skilje mellom relasjonar til Det og til Du, i Habermas sitt skilje mellom tekniske og kommunikative handlingar, i Horkheimer og Adornos kritikk av objektivisering og tingleggjering – og hos vår eigen Hans Skjervheim i kritikken av det instrumentalistiske mistaket (Kvarv, 2010).

Menneskeleg verksemd er i sin kjerne eit forhold mellom fleire subjekt, og kan difor ikkje forståast som repetisjonar av ubrytelege lover. Av same grunn kan hel-

ler ikkje vitenskapane om mennesket, sosiologi og økonomi inkludert, koma med sikre forutseiingar av handlingsalternativ.

Og for å droppe fleire namn: Dei moderne filosofane forsynte seg gjerne av eldre filosofi; med Kants autonomibegrep at ingen skal behandla andre som eit middel, og Aristoteles sitt skilje mellom sosiale og tekniske handlingar. Det kan stundom verka som om heile filosofifaget bygde ein stor mur mot alle forsøk på å gjera menneskevitskapane til enkle tekniskar for korleis ein når sine mål.

Men mange ville forsera muren, og i tradisjonen frå Dale Carnegie og hans klas-sikar *How to win friends and influence people* (1936) – naturlegvis for å tena pen-gar på det – vaks det fram ein skog av handbøker i tekniske handlingar mot men-ske. Korleis få andre til å gjera som eg vil? Slik at eg tener og dei er fornøgde likevel? Pedagogane etterspurte slikt, og psykologane og medisinarane meinte dei fann dei vises stein, den heitte ritalin, og skulle ifylgje dei mest optimistiske kunna redusera talet på kriminelle med opp mot 80 prosent.

Denne voldsomme drifta mot tekniskar og oppskrifter har også innhenta inno-vasjonsbegrepet, når det blir laga handbøker av det. Innovasjon er det prinsipielt uforutseielege, og her lagar ein bøker om korleis ein skal produsera det i stor skala, og ein lagar byråkratiske system som betaler for det som skal vera innovativt. Men då må ein ha kriterium, og kriteria er alltid utvunne av det kjente, og forutseielege, og treff dermed aldri det uforutseielege – om det ikkje skjer ved reine uhell.

Og her kan eg kanskje føra inn ein annan figur – han Tyche.

Tyché er den greske gudinna for slumpen eller tilfellet, visstnok den som fann opp terningsspelet, ifylgje mytologien. Den nordnorske «han Tykje» – er vel ein slags lokal variant, i negativ, eit namn på djevelen.

Det latinske motsvaret er fru Fortuna, gudinna for hell og uhell.

Er eg no i ferd med å skli ut, frå vitenskapsteoriens namn og til gudinna for lotto og poker? Kanskje ikkje. Det vitenskapsteorien, i den tradisjonen eg har omtala, prø-ver å peika på, er jo vitenskapens grenser: grensene for kor sikker kunnskap, og der-med kor sikre prognoser ein faktisk kan ha. Ein trur at Fortuna kan avskaffast, og Tyche likeså. Men så gjer ein spektakulære feil, som den statistikaren som spådde at Paris ville bli fråflytta. Han hadde nemleg målt auken i mengda på hestelort i gatene, og auken var så stor at ein om nokre tiår måtte sjå føre seg hesteskit i eit lag på mellom ein halv og ein meter i gatene, og då ville byen vera ubebueleg.

Men så kom han Tyche med eksplosjonsmotoren, bilen og metroen, og så gjekk det heilt annleis.

ARISTOTELES OG DET USIKRE

Aristoteles skilde mellom det som er sikkert og forutseieleg, og som ligg til naturlovene, og det som er ope og uforutseieleg, og som høyrer til det sosiale og politiske. Han seier at «hellet fylgjer den kloke». Den einaste måten å bu seg på det uforutseielege på er å utdanna og danna kloke menneske, øvde i klassiske dygder, som kan handtera ulike situasjonar (Brunstad, 2009).

Historia til innovasjonsbegrepet kan summerast slik: Det startar som ei insistering på kloke menneske, kreative innovatørar, og endar med ei handbok i departementet, som gir metoden for innovasjon, men som då fort erstattar innovasjon med repetisjon, og det einaste innovasjonsprogramma ikkje greier, er å tenkja ut noko nytt og uventa.

Innovasjonsbegrepet har kanskje hatt si tid. Det er vel eit teikn i tida at Innovasjon Norge nedbemannar sterkt. Men dei seier ikkje opp folk, dei fortel at dei enno ikkje er blitt «innpassa».

Det er innovativ språkbruk, for å sleppa å bruka oppseiingsordet.

Immateriell kapital er eit mykje yngre begrep, så ungt at det er vanskeleg å finna stoff om det. Det er framleis bunde til ei svært konkret og begrensa tyding: korleis ein skal verdi-setja dei ikkje-materielle verdiane i eit selskap, i forhold til verdien av aksjane eller i forhold til skatt. Ein kan difor finna offisielle definisjonar av dette i skatteetaten.

Men dette begrepet, som altså er ein stad mellom dåp og konfirmasjon i livsløpet, er i ferd med å utvida sitt bruksområde. Då knyter det seg til eit par andre begrep, som også har si livshistorie.

Det eine begrepet er *human resources*, som jo er eit svært felt, nesten som innovasjon. Det finst eigne nettstader og eigne studier i HR-management, ei rekkje høgskular tilbyr undervisning i emnet, og BI lovar at «Du får oversikt over de viktigste ideer og praktiske teknikker innenfor menneskelig ressursforvaltning» (BI Handelshøyskolen 2015).

Den gamle tittelen «personalsjef», prega av forvaltningsperspektiv og tilsette sine rettigheter, blir mange stader bytta ut med HR-ledelse eller HR-direktør. Dette handlar då om korleis ein skal få brukt dei menneskelege ressursane på ein optimal måte; noko som inneber meir enn at personalet får sine feriar, pensjonsrettar, og alt anna som ligg i lovverket for arbeidslivet. Ein må fungera slik at dei kunnskapane og ferdigheitene folk har, blir maksimalt utfalda – utan at det kjennest som utidig press om produksjon.

KAPITAL OG KAPITAL

Kapitalbegrepet har ei mangfaldig historie, og ein skal ikkje springa over gamle Marx, som skreiv hovudverket. Den ortodokse marxismen og dei regima som tok den i bruk, har blokkert for at dette også er ein intellektuell tradisjon, og den lever vidare i mange ulike retningar. Pikettys *Kapitalen i det 21. århundre* er eit av dei nyare bidraga her (Piketty, 2014). Men det viktigaste namnet for oss er truleg Pierre Bourdieu, som også er ein av dei som er truga av sin eigen suksess. Hans differensiering av kapitalbegrepet i økonomisk, kulturell og sosial kapital er framleis gode reiskapar og blir stadig brukt. Eg har sjølv nettopp samanlikna Garborgs *Bondestudentar* med *Distinksjonen*; begge handlar om «klassereiser», det å endra sosial posisjon utan å få med seg kropp og smak heilt på det (Bourdieu, 1995, Sørbø 2015).

Også andre har brukt begrepet sosial kapital, ein av dei er Robert Putnam (2000), som analyserer dei ulike slaga relasjonar: bonding, bridging og linking. Sjølv om Bourdieu står i eit meir eintydig forhold til den marxistiske tradisjonen, og Putnam har sterkare band til amerikansk samfunnsliv, deler dei ei bekymring for at skilnadane i samfunnet skal bli for store. Putnams utgangspunkt er at ei god verksemd må sørja for å ha god sosial kapital; internt og eksternt. Då står dei sterkare i konkurransen, men han blir også uroa over den ujamne fordelinga i samfunnet.

Tenkjer ein *immateriell kapital* i forlenginga av dette, så dreier det seg om langt meir enn oppfinningar, patentar, etc. som har verdi på aksjemarknaden. Det dreier seg om føresetnader for å lukkast med det ein held på med. Og desse føresetnadane er – som innovasjon hos Schumpeter – noko ein ikkje kan kartleggja i dei reint materielle føresetnadene. Det handlar om både sosiale nettverk, om intellektuelle ressursar, om gode relasjonar mellom medarbeidarar, om høg arbeidsmoral – t.d. den klassiske kombinasjonen av kapitalisme og protestantisme, som vi kjenner frå Jæren og Sunnmøre – osv. *Immateriell kapital* vil også omfatta mykje av det Bourdieu legg i kulturell kapital.

Habermas freistar å fanga inn noko av det immaterielle i livsverdensbegrepet – som forresten ikkje er så enkelt å få taket på.

Men kanskje vi likevel kan bruka det til noko.

Dersom *immateriell kapital* faktisk blir eit viktig begrep framover, så er det ikkje urimeleg å tru at det kjem i same freistingar i ungdommen, som andre har vore utsette for. I utgangspunktet blir det konstruert for å fanga opp noko anna enn det reint materielle og økonomiske. Det er ein dimensjon her som ikkje blir fanga opp av bankkontoar og bygningar. Men alt i skattevesenet sin bruk av ordet, blir det forsøkt oversett til materialitet, dvs. til pengar. Det andre som kan bli borte frå begrepet, er det uforutseielege og ustyrlige. Han Tykje blir borte. Habermas seier

det på sin måte: Systemet, som arbeider gjennom makt (byråkrati) og pengar, freistar å kolonisera livsverda. Altså å oversetja alt til makt og pengar. Men drivhjula i verda ligg alltid utanfor dette. Dvs. makt – forvaltning, stat – og kapital er heilt avhengig av at det finst noko utanfor dei sjølv: spontanitet, verdiar, normer, kreativitet, sivilt samfunn – osv. – som ikkje kan førast fullt og heilt tilbake til makt og økonomi. Dersom heile livsverda blir erobra av kapital og makt, vil kapitalen og makta sjølv gå til grunne. Livsverda, dei immaterielle verdiane, er avhengig av ei trygg makt – staten – og økonomi, marknaden – men er sjølv noko anna enn dette. Blir livsverda heilt gjennomtrenget av økonomi og makt, kan ingen leva der (Habermas, 1981). Då går også moralen under, og utan moral kan heller ikkje økonomien fungera. Ein står mellom anarki og total kontroll.

Sagt heilt enkelt: Dei immaterielle verdiane i eit samfunn er sjølvsagt avhengige av eit minimum av økonomisk kapital, elles blir dei borte. Men økonomien er også heilt avhengig av immaterielle verdiar som normer, tillit, lovverk – elles vil den forfalla til rein mafiaverksemd. (Som forresten er sterkt normstyrt på sin måte.)

I den vidare utviklinga av begrepet *immateriell kapital* må ein difor ta lærdom av det som så ofte har skjedd før: at det særskilde som begrepet skulle sikra, ikkje blir innhenta av tekniske forståingar eller enkle nyttemotiv, men at ein tek vare på det i begrepet som er noko anna enn kapital og materialitet. Det er noko som lever i det sosiale, i livsverda, og som alltid har det uforutseielege og ustyrlege ved seg. Han Tykje, med andre ord.

Utan han Tykje – Tyché skulle eg sagt – går det ikkje.

Og skal vi leva med han, så må vi utvikla klokskapen, det vil seia sosial kunnskap, evne til å handtera uventa situasjonar, det Aristoteles kallar dygder: mot, sjølvttukt, visdom og rettferd. Immaterielle verdiar.

beredskap og kreativitet til å møta utfordringar i organisasjonen sine omgivnader. På den andre sida må ein sikra seg at det er overlapp i kunnskapar, ansvar og arbeidsoppgåver mellom medarbeidarane i organisasjonen på alle nivå, dette kallar Nonaka og Takeuchi (1995) for redundans. Årsakene til at ein treng *redundans*, er m.a. at ein meiningsfull og effektiv dialog og kunnskapsdeling mellom aktørane har som ein føresetnad at dei har ei felles kunnskapsbasis å kommunisera ut frå. Utgangspunktet her er ei oppfatning om at ein meiningsfull kommunikasjon må ha ein viss grad av felles identitet og felles kunnskapar som føresetnad. Denne overlappinga av kunnskapar og erfaringar er viktig både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Horisontalt er dette viktig mellom anna i samband med samarbeid eller prosjekt (Meese og Rønhovde, 2015), men det er også viktig meir generelt med tanke på dagleg samhandling og arbeid i organisasjonen. Vertikalt er det viktig for å sikra god kommunikasjon mellom det operative nivået og det strategiske nivået i organisasjonen. Poenget her er at kunnskapar og erfaringar frå det operative nivået skal bli oppfatta og forstått på det overordna strategiske nivået, og at dei strategiske måla blir omsett og fortolka på ein relevant måte av dei som arbeider i den operative verksemda (Nonaka og Takeuchi, 1995).

Ut frå dette meiner Nonaka og Takeuchi (1995) at flat struktur ikkje er godt eigna for å skapa grunnlag for kunnskapsdeling og kunnskapsutvikling i organisasjonar. Nonaka og Takeuchi (1995) meiner såkalla flat struktur med autonome og uavhengige aktørar ikkje er ein god organisasjonsmodell fordi avstanden blir for stor både kunnskaps- og erfaringsmessig mellom det operative nivået og det strategiske nivået. Ein må ha noko som bind saman verksemda kunnskapsmessig, slik at det blir etablert meiningsfulle føresetnader for informasjonsutveksling, kunnskapsdeling og læring i organisasjonane. For å få til dette må ein i organisasjonar gi mellomnivået og mellomleiarane ei sentral rolle i organisasjonen. Deira oppgåve blir då å formidla kunnskapar, erfaringar og intensjonar mellom det strategiske nivået og det operative nivået.

I kommunar med flat struktur er mellomnivået tatt bort både politisk og administrativt. Ein manglar dermed det nivået som ut frå teorien om kunnskapsutvikling i organisasjonar (Nonaka og Takeuchi, 1995) skal sikra redundans og dermed god kunnskapsoverføring i organisasjonen.

Dersom vi skal overføra poenga frå teorien om kunnskapsutviklande organisasjonar til norske kommunar sitt møte med samhandlingsreforma og dei utfordringane denne stiller kommunane overfor, kan vi formulera følgjande problemstillingar i form av påstandar:

Det vil vera eit press i kommunar med flat struktur i retning av å gjera organisasjonsendringar med sikte på ei samordning av sektornivået i møtet med sam-

handlingsreforma for å sikra betre prosessar både vertikalt og horisontalt i organisasjonen.

Politikarane si deltaking og problemfokus blir påverka av den kommunale organiseringa ved at politikarar med sektororganisering er meir engasjert i prosessane.

Desse påstandane vil vi prøva å underbygga empirisk ved å spørja dei kommunale leiarane kor godt eigna dei meiner den kommunale organiseringa i deira kommune er til å møte dei utfordringane samhandlingsreforma har stilt dei overfor, og om vi kan seia noko om desse utfordringane har påverka dei interne prosessane og strukturane i kommunane i samband med reforma.

Når vi snakkar om utvikling av problemoppfatningar og løysingar, seier vi også noko om kva som er føresetnadane og dei organisatoriske rammevilkåra for kunnskapsutvikling og kunnskapsspreiing i samband med reforma og dei tenestene som den omfattar. Vi er då inne på spørsmål om korleis strukturelle og prosessuelle trekk ved organisasjonen påverkar dei organisatoriske læringsprosessane.

SENTRALE TREKK VED SAMHANDLINGSREFORMA

Samhandlingsreforma vart formelt iverksett frå 1.1.2012 og har som føremål å utvikla eit betre helsetilbod basert på nye samarbeidsmåtar mellom kommunar og sjukehus. Pasientane sine behov for koordinerte tenester er eit sentralt punkt, og reforma bygger på ei forståing av dagens system som fragmentert, komplekst og med mangelfull kontaktflate mellom spesialisthelsetenesta og kommunane (St.meld. nr. 47 (2008–2009)). Samhandlingsreforma vil krevja omstillingar både i helseføretak og kommunar, og dannar derfor ei fruktbar ramme for studie av innovasjon og læring i praksis. Samhandlingsreforma har to hovudelement:

Auka vektlegging av førebyggjande arbeid for å hindra at folk blir sjuke, eller intervensera på svært tidleg tidspunkt i sjukdomsløpet. Dette gjeld både innan somatikk og psykisk helse.

Kommunane skal behandla fleire pasientgrupper som i dag blir lagt inn på sjukehus og behandla «før, i staden for og etter» sjukehus.

Oppgåvene til kommunane kan oppsummerast i tre typar forventningar (Aarseth mfl. 2015):

Kommunane skal få til betre samhandling med spesialisthelsetenesta. Dette kan gjerast på ulike måtar, men ein skal m.a. ha eit forpliktande avtalesystem (Brekke og Kirchhoff, 2015).

Det er også forventningar om at kommunane skal utvikla samarbeid på tvers, slik at dei skal vera i stand til å innfri forventningane om at dei skal ta eit ansvar for større delar av helsetenestene.

Forventningane om meir heilskapleg pasientomsorg inneber at ein også må sikra betre intern samhandling i den enkelte kommunen.

DATA OG METODE

Kapitlet baserer seg på kvalitative data. Først og fremst basert på telefonintervju med administrative leiarar i samtlege kommunar i Møre og Romsdal i løpet av 2013. Desse intervju blei gjort for å få ei oversikt over korleis kommunane hadde prøvd å handtera møtet med samhandlingsreforma. I hovudsak var det rådmannen som blei intervju. Ein semi-strukturert intervjuguide i fire hovuddelar blei brukt i intervju. Inntrykket frå intervjurunden var at dei aller fleste vi intervju hadde bra oversikt over situasjonen og utviklinga i kommunane. Der rådmannen sjølv meinte at ho eller han hadde for dårleg oversikt, blei vi kopla på andre leiarar anten i rådmannens leiargruppe eller andre med leiaransvar for sektoren i kommunen. I intervju blei det m.a. fokusert på interne prosessar og på samarbeid med andre kommunar. Sentralt stod spørsmålet om organisering og eventuelle organisasjonsendringar. Siktemålet med intervju var å få eit heilskapleg bilde av kommunane sitt møte med reforma sett frå toppen av organisasjonen. Eit problem i forhold til den politiske organiseringa og politikarane sin medverknad og engasjement, er at vi ikkje baserer oss på intervju med politikarane, men berre på oppfatningar og observasjonar frå dei administrative leiarane. Vi får likevel eit visst bilde av engasjement og fokus, sjølv om datagrunnlaget her er noko mangelfullt. Dei tendensane som synest å ligga i datamaterialet, krev likevel ytterlegare oppfølging med intervju med m.a. politikarane sjølve dersom vi skal kunna trekka meir endelige konklusjonar.

Etter at vi hadde gjennomført denne intervjuundersøkinga, gjennomførte vi ei caseundersøking i seks utvalde kommunar. Kommunane som blei valt ut, skulle ha ulik administrativ organisering, altså skulle vi ha kommunar både med flat struktur, hybrid struktur og sektororganisering. Dessutan skulle kommunane vera ulike i forhold til grad av samarbeid med andre kommunar om reforma. Undersøkinga blei gjennomført i 2014. Her blei leiarar for helsetenestene i kommunane intervju. Dette omfatta både sektorleiarar, einingsleiarar for sjukeheimar og heimetenester og i ein viss grad leiarar for fysioterapiverksemda (2) og kommunelegar (4).

FORHOLDET MELLOM POLITIKK OG ADMINISTRASJON I KOMMUNANE

Formelt sett er det slik at det er politikarane som skal stå for den overordna styringa i kommunane. Dette tyder at alle viktige vedtak skal gjerast av politikarane i kommunestyret, og det tyder at politikarane skal utvikla mål og strategiar for den kommunale verksemda. Denne strategiske rolla er ikkje noko som berre er knytt til mål- og resultatstyring, som er eit ideal i mange kommunar i dag, men det er her snakk om generelle demokratiske prinsipp og ideal. Slik sett kan ein seia at det er politikarane som utgjer det strategiske nivået i kommunane, medan administrasjonen og dei som arbeider i operativ verksemd, skal hjelpa til med å realisera strategiane. Ut frå dette er det også viktig å seia noko om politikarane sin medverknad og rolle i realiseringa av reforma.

Dei tilsette i administrativ og operativ verksemd har ulike oppgåver og funksjonar i kommunane. Den administrative leiinga skal både sikra eit godt vedtaksgrunnlag for politikarane, og dei skal sikra at vedtaka blir fortolka, konkretisert og realisert. Slik sett spelar den administrative leiinga ei rolle som ivaretakarar av den strategiske funksjonen i forhold til resten av den administrative og operative verksemda. Slik sett kan vi også operera med eit strategisk administrativt nivå i vår drøfting av administrasjonen og den administrative organiseringa.

KOMMUNAL ORGANISERING OG MØTET MED REFORMA: POLITISK ORGANISERING

Utgangspunktet vårt er knytt til spørsmålet om måten kommunane er organisert på påverkar korleis dei møter samhandlingsreforma, t.d. i form av problemfokus og deltaking. Som vi har vore inne på tidlegare, har den politiske organiseringa endra seg ein del etter at vi fekk ny kommunelov i 1992. I dag er det ein viss variasjon i organiseringa ved at hovudutvalsmodellen nesten er heilt fråverande. Berre eit par kommunar i fylket seier at dei har hovudutval. Ein del kommunar har ei form for sektororganisering. Nokre kommunar har ei form for hybrid organisering ved at dei har element av både funksjonsorganisering og sektororganisering. Mange kommunar har gått over til ein funksjonsmodell ved at dei t.d. har to utval, eitt for plan og utvikling og eitt for drift, eller liknande variantar. Nokre få kommunar seier at dei ikkje har politiske utval i det heile.

Det er ein tendens i vår undersøking til at politikarane er relativt usynlege i samband med handsaming og iverksetting av samhandlingsreforma. Det er spesielt på to område der politikarane har vore synleg involvert, det gjeld godkjenning av avtalar mellom kommunen og helseføretaket, og i samband med dei økonomiske

konsekvensane av reforma. Dette er den aktiviteten det blir referert til i alle kommunane når vi spør om politikarane sin aktivitet og engasjement i saka. I den grad politikarane er aktive ut over dette, er det snakk om å bli orientert eller å gi aksept på det administrasjonen har gjort eller er i ferd med å gjera.

Det finst likevel nokre unntak der politikarane også har engasjert seg litt meir i prosessane i samband med innføringa av reforma og konsekvensane på den kommunale strategien for helse- og omsorgssektoren. Altså eit engasjement som går på sjølve innhaldet i reforma. I vårt utval på 37 kommunar dreiar dette seg om 7 kommunar. Alle dei kommunane der politikarane har engasjert seg meir aktivt, har ei eller anna form for sektorstyrer. Ut frå den oversikten vi har, er det 16 kommunar som har ei eller anna form for politisk sektororganisering. Dette tyder at organiseringa har hatt konsekvensar for aktiviteten, men det viser også at andre faktorar kan spela inn.

For å illustrera kva slags aktivitetar det er snakk om, har vi tatt med nokre døme frå intervjuar med dei kommunale leiarane: «Politisk nemnd oppretta for å møte utfordringane med samhandlingsreforma. Initiativ til prosjekt for folkehelse har kome frå politisk nivå» (middels stor landkommune). «Det har i samband med budsjetta dei to siste åra vore fokusert på å koma i gang med førebyggjande tiltak. Stor politisk aktivitet i forhold til Frisklivsentralen» (bykommune). «Dei har vore aktivt med, også ordføraren. Vore med i arbeidsgruppe. Dette har vore ei prioritert sak» (større landkommune). «Dei har vore med og vore pådrivarar i tillegg» (middels stor landkommune).

Data frå undersøkinga tyder altså på at den politiske organiseringa kan ha ein viss verknad for i kva grad politikarane aktiviserer seg i *prosessane*, og i kva grad dei går aktivt inn i *strategiane* for sektoren. Dette er for så vidt i pakt med intensjonane med dei endringane som har skjedd med grunnlag i ein New Public Management-tenking rundt den politiske reorganiseringa i kommunane. Ifølgje desse idealane skal politikarane i større grad driva mål- og resultatstyring, noko som inneber at dei i liten grad skal vera involvert i prosessane, men heller vera outputorientert og reaktive i forhold til dei pågåande prosessane med å realisera intensjonane med samhandlingsreforma i kommunane. Ut frå slik politikarrolla er definert innan denne modellen er det også naturleg at dei fleste politikarane er mest opptekne av økonomi og formelle avtalar. Problemet, eller utfordringa, er her knytt til spørsmålet om dette er ein god måte å driva heilskapspolitikk på når ein tenkjer på det strategiske ansvaret politikarane faktisk har i forhold til kommunen generelt, og i forhold til viktige samfunnssektorar spesielt.

Som vi allereie har vore inne på, er det mogeleg at ei intervjurunde blant dei kommunale politikarane kunne nyansert dette bildet ein del. Det kan også vera ei utfor-

dring at den politiske organiseringa etter kvart har blitt relativt samansett, og dermed kunne vore problematisert enno meir. T.d. kan vi ha eit sektorutval for helse og omsorg, men vi kan også ha eit utval i ein annan kommune for oppvekst og aldring.

KOMMUNAL ORGANISERING OG MØTET MED REFORMA: ADMINISTRATIV ORGANISERING

Intensjonane med samhandlingsreforma er enkelt sagt å sikra seg at helsetenestene fungerer på ein betre måte, ved at tenestene er betre, og at dette skjer på ein meir kostnadseffektiv måte. Ein skal både sørgja for at samhandlinga mellom tenestene på ulike nivå blir betre, og at dette skal sikra eit betre og meir tilpassa tilbod til brukarane av tenestene, og ein tenkjer seg at dette også skal sikra ei betre utnytting av dei samla ressursane i tenestene. Dette kan godt kallast eit forsøk på å skapa innovative prosessar.

Vi har valt å fokusera på korleis organisasjonen kan skapa grunnlag for forbetringar basert på stegvise lærande prosessar, slik dette m.a. er forsøkt beskrive i teoriane om kunnskapsutviklande eller lærande organisasjonar (Nonaka og Takeuchi, 1995). For å få til god kunnskapsdeling og læring peikar dei på at det må leggst til rette for gode og tillitsfulle samhandlingsprosessar i organisasjonen, og dei peikar på behovet for redundans, altså overlapp av kunnskapar og erfaringar vertikalt og horisontalt i organisasjonen. I kommuneorganisasjonen kan vi tenkja oss at eit mellomnivå representert ved sektornivået kan fungera som ein slik redundans ved at det kan formidla mellom det operative nivået og det strategiske nivået. Dette tyder sjølvstøtt ikkje at ei slik organisering automatisk vil føra til at det blir skapt gode læringsprosessar, men det er ein vesentleg føresetnad.

Dersom dette er riktig, må dette tyda at ulik kommunal organisering har noko å seia for måten kommunane møter samhandlingsreforma på. Altså må vi gå ut frå at kommunar med eit mellomnivå eller sektornivå fungerer annleis enn kommunar med flat struktur. I kommunar med såkalla flat struktur kan vi tenkja oss at initiativ og problemformuleringar i større grad blir formulert av det sentrale administrative nivået. Dette nivået skal ikkje primært driva sektoradministrasjon, men vera heilskaplege leiingar av den kommunale verksemda. Deira hovudfokus blir då prega av det, noko som t.d. kan innebera ein større grad av ein økonomisk-administrativ logikk, og altså eit større fokus på dei økonomiske og juridiske sidene ved reforma. Her er det sjølvstøtt nok å ta fatt i, ettersom reforma t.d. inneber stor grad av uvisse rundt dei ekstra kostnadane dei påfører kommunane gjennom det større ansvaret dei får for helsetenestene. I denne samanhengen er det også viktig å få til gode avtalar med helseføretaka. På den andre sida tenkjer vi oss at kommunar med

sektoradministrasjonar lettare klarer å integrera fagkunnskapen og erfaringane frå praksisfeltet i dei kommunale prosessane relatert til reforma. Dei blir altså i større grad prega av ein fagleg logikk. Utfordringa er å klara å integrera denne logikken i ein heilskapleg strategi for kommunen.

I den hypotesen vi formulerte innleiingsvis, påsto vi derfor at kommunar med flat struktur ville føla eit press i retning av ei meir sektorbasert organisering i møtet med samhandlingsreforma.

I intervjuundersøkinga vår blei problem knytt til kommunal organisasjonsmodell og samhandlingsreforma kommentert eksplisitt av om lag halvparten av kommunane. Fleire av kommunane med sektororganisering framheva at dette var ei god organisasjonsform som var godt eigna når dei skulle handtera ein slik reform.

Totalt sett viser undersøkinga at fleire av kommunane med sektororganisering eksplisitt seier at dette er ein fordel i samband med reforma. Det å ha ein sektorsjef under den administrative leiinga blir oppfatta som viktig både for å sikra betre kopling til fagkunnskapen, altså betre koplingar mellom det strategiske og det operative nivået, og for å sikra ei betre fagleg samordning internt i kommunane.

Eg synes vi er godt organisert i forhold til reforma, og det er nok i den samanhengen ein fordel med sektorsjef. Eg har vore rådmann tidlegare i ein annan kommune med flat struktur. Den organisasjonsforma gav meir økonomisk ansvarlegheit, men akkurat i denne samanhengen trur eg vår form er god (mindre landkommune).

Vi har ein trenivåmodell med pleie- og omsorgssjef og helsesjef. Det har vore greitt å handtera reforma med ein slik struktur. Det gjer at vi har meir fagleg kompetanse på nivået under rådmannen (større landkommune).

Sjølv om det ikkje er alle kommunane med sektoradministrering som gir eksplisitte kommentarar til dette, så er det heller ingen av dei som oppfattar sektororganiseringa som eit problem. På den andre sida er det nokre av kommunane som har hatt ei organisering med såkalla flat struktur som har gjennomført eller planlegg gjennomføring av ei omorganisering med grunnlag i reforma:

Vi har hatt ei samanslåing i forkant av reforma, der omsorgs- og helseetaten blei slått saman til ei. Dette hadde delvis si årsak i reforma» (større landkommune). «Står framfor ei større omorganisering, der siktemålet m.a. er å slå saman dei to avdelingane pleie- og omsorg og helseavdelinga til ei avdeling med helse- og omsorgssjef. Vurderer å plassera inntaksfunksjonen der (større landkommune).

Har det siste året jobba med justering av administrasjonen, men det er ikkje iverksett. I forhold til omsorgstenesta som samhandlingsreforma er retta mot så langt, har vi tolv einingar. Det er klart det er eit poeng å få stramma opp organisasjonen gjennom å laga større einingar på feltet (bykommune).

Fleire av kommunane som har ein flat struktur, peikar på dette som eit problem og ei utfordring i samband med reforma. Kommentaranane går eigentleg i same retning som dei kommentaranane som har kome frå dei kommunane som har sett eit behov for ei samordning av sektoren. Dette går både på samordninga horisontalt internt i kommunen, og det går på koplinga vertikalt mellom det operative og det strategiske nivået: *«Hovudutfordringane blir samarbeid på tvers i organisasjonen. Eigne resultatiningar blir ei utfordring»* (større landkommune).

Avstanden til utøvande verksemd er ei utfordring. Dei blir distanserte. Det er teke grep for å sjå ting i samanheng, for at einingsleiarane ikkje skal sitja isolert på kvar si tue. Men det er jo korleis dei gjer det kvar for seg budsjettmessig dei blir målt på (bykommune).

Det er også enkelte kommunar som har vurdert å gå tilbake til ei meir sektororientert organisering, men som har valt å fortsetja som før med den grunngevinga at dei er relativt små og oversiktelege kommunar som har eit godt etablert samarbeid internt i kommunane. Her går det både på avstand mellom personar som arbeider på ulike nivå i kommunen, og det går på korleis prosessane faktisk går i kommunen. Det viktige her er koplinga mellom nivåa og korleis kunnskapar og erfaringar blir formidla og forstått på dei ulike nivåa. Dette er for så vidt ei stadfesting av at dei interne prosessane er annleis i små kommunar enn i store kommunar. T.d. ved at avstanden er mindre mellom dei som arbeider innan dei ulike funksjonane i kommunen, mellom politikarar og tilsette i kommunen og mellom innbyggjarar og politikarar (Offerdal, 2014).

I caseundersøkingane prøvde vi å gå litt lenger inn i dei kommunale prosessane for å kunna seia noko om korleis ein tilpassa den kommunale organiseringa til reforma. Undersøkingane viser at tilpassinga til reforma og tolkinga av denne er ein kontinuerleg prosess der ein heile tida er oppteken av korleis ein skal sørga for best mogeleg samordning og intern kommunikasjon. Her har ein fokus både på prosess og struktur. I caseundersøkingane hadde vi både med kommunar med flat struktur, hybrid struktur og ein meir tydeleg sektorstruktur. Som vi allereie har vore inne på, er det spesielt i kommunar med flat eller hybrid struktur ein har følt behov for omorganisering etter reforma. Vi vil derfor illustrera korleis ein der kan oppleva

situasjonen med nokre sitat frå intervjua vi hadde i desse kommunane. Der ein i ein kommune med flat struktur hadde ein allereie gjennomført samordningstiltak:

Før reforma var vi organisert i to einingar: Aktivitet og omsorg og helse og sosial. Sidan vi er ein liten kommune som skulle handtera ein stor reform, vart det vedteke å slå alt saman under ein paraply. Medan avdelingsleiarane før reforma hadde 60 % stilling som administrative leiarar og 40 % i avdelinga, blei dei no 100 % administrative leiarar (leiar for helse- og omsorgstenesta i ein mindre kommune).

Her ser vi altså at ein allereie hadde gjort administrative endringar for å møte reforma på ein betre måte, men organisasjonsforma blir fortsatt oppfatta som flat struktur med to nivå. Med bakgrunn i dei organisatoriske endringane som er gjennomført med grunnlag i reforma, blir dette likevel oppfatta som eit problem:

Talet på nivå er til revurdering nå, sidan det blei eit veldig stort område, og vi er på ein måte ein stat i staten, vi har ei veldig ulik organisering i kommunen ved at helse og omsorg er under ein paraply medan oppvekst til dømes har fleire einingsleiarar. Fordi det er jo ein tonivåmodell i kommunen, men med den oppgraderinga av avdelingsleiarane så er det ikkje ein reindyrka tonivåmodell lenger (leiar for helse- og omsorgstenesta i ein mindre kommune).

Sjølv om kommunen framleis definerer strukturen som flat, altså ei organisering med to nivå, er realitetane at ein har opplevd ei form for organisatorisk hybridisering, og at ein kanskje er i ferd med å utvikla tre nivå. Ein av kommunane hadde før reforma valt ei hybrid organisering:

Hadde ein omorganiseringsprosess i 2003 og kom fram til ein hybridmodell. Administrasjonen er organisert slik at det er ti einingar som er direkte underlagt administrasjonssjefen. Kvar av desse einingane blir leia av ein einingsleiar – som har ansvar både for drift og leing. Desse einingsleiarane er tett på drifta ute samtidig som dei er ein del av administrasjonssjefens leiarteam. Einingsleiarane rapporterer direkte til administrasjonssjefen (rådmann i ein større landkommune).

Det blei medvite lagt til rette for at samhandlinga skulle vera best mogeleg både vertikalt og horisontalt i organisasjonen:

Einingsleiarane er likestilte. Dei fleste einingsleiarane er lokalisert på rådhuset, med unnatak for eit par. Men dei sit i gangavstand frå rådhuset. Omorganiseringa i 2003 var ei førebuing for samhandlingsreforma. Ein hadde felles skulering for alle einingsleiarane – ein «bygde» opp ei felles plattform med felles leiartenking. Vi fekk også omgrepet samhandling på tvers inn i organisasjonskartet (einingsleiar, helse, i ein større landkommune).

Sjølv om ein er nøgd med organiseringa, føler ein likevel eit behov for ei vurdering og evaluering av tenestene sett i lys av eigne erfaringar, og spesielt ut frå erfaringane med samhandlingsreforma.

Koordinering internt kan til tider vera krevjande. Det er derfor sett i gang ei evaluering av organiseringa. Denne ville ha komme uavhengig av samhandlingsreforma. Men blei utsett i påvente av reforma – for å sjå korleis denne slo inn.

Ein ser for seg eit behov for eit koordinerande ledd. Vidare ser ein for seg at dei to einingane pleie og omsorg blir til ei. Etter samhandlingsreforma er samarbeidet tettare. Dei fungerer praktisk talt som ei eining (rådmann i ein større landkommune).

«Det burde vore ei koordinerande teneste, organiseringa er litt tidkrevjande» (einingsleiar, helse, i ein større landkommune). Dette stadfestar inntrykket frå intervjuundersøkinga. Det er ein tendens i fleire kommunar mot tettare samarbeid som peikar i retning av ei form for sektororganisering og etablering av tre nivå. Her må det leggast til at dei casekommunane som allereie hadde ei form for administrativ sektororganisering ikkje såg behov for store endringar. I ei av kommunane med flat struktur meinte ein at kommunen var så liten at dei kunne ordna det meste prosessuelt. Her var ein mest oppteken av å finna gode interne samarbeidsformer, samstundes som ein ville samarbeida med andre kommunar m.a. for læring og betre ressursutnytting.

NOKRE OPPSUMMERANDE MOMENT

I dette kapitlet har vi sett på om det er samheng mellom kommunal organisering og måten kommunane møter samhandlingsreforma på. Vi har eksplisitt tatt utgangspunkt i Nonaka og Takeuchi (1995) sin teori om samhengen mellom struktur og kunnskapsutvikling i organisasjonar. Deira utgangspunkt er at såkalla flat struktur er problematisk fordi det ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar redundans i organisasjonen, noko som svekker kunnskapsdeling og kunnskapsoverføring både horisontalt og ikkje minst mellom det strategiske og det operative nivået.

I forhold til den politiske organiseringa synest det å vera ein tendens til at politikarane i kommunar med ei eller anna form for politisk sektororganisering spelar ei meir aktiv rolle i forhold til prosessane rundt samhandlingsreforma enn politikarar i kommunar som ikkje har slike sektorstyrer. Politikarane i slike kommunar spelar ei meir reaktiv rolle og er mest aktive i forhold til dei økonomiske og juridiske sidene ved reforma. Ein kan godt seia at den reaktive rolla er godt i samsvar med idealet som ligg til grunn for kommunar med såkalla flat struktur, men det blir ei utfordring når ein skal relatere dette til den strategiske rolla desse politikarane også skal ha. I den samanhengen må ein spørja om dei har gode nok kunnskapar om dei sektorane dei er sett til å styra.

Fleire kommunar med ein typisk flat administrativ struktur ser at det kan vera problem med denne organisasjonsforma for å møte den typen reformer samhandlingsreforma representerer på ein god måte. Kommunar med sektororganisering oppfattar dette som ei grei organisasjonsform, og fleire av kommunane framhevar at denne organisasjonsforma har vore ein fordel i samband med jobbinga med reforma. Dette gjeld spesielt i samband med koordinering og kunnskapsdeling vertikalt og horisontalt. Slik sett stadfestar dette Nonaka og Takeuchi (1995) sin teori om korleis organisasjonar bør strukturast for å sikra gode vilkår for kunnskapsoverføring og læring mellom den strategiske og den operative verksemda.

Det finst likevel unnatak ved at kommunar med ei to nivå-organisering har valt å halda på den same formelle organisasjonsstrukturen, men der dei har fokusert på å sikra seg at dei interne prosessane blir lagt opp slik at ein sikrar god kommunikasjon og kunnskapsdeling mellom dei ulike nivåa i organisasjonen, og betre koordinering og samhandling horisontalt. I staden for å endra på organisasjonskartet endrar ein dei faktiske samhandlingsprosessane.

Det er spesielt tre typar problem det blir peika på i samband med reforma, det gjeld ei betre strategisk koordinering av feltet, minsking av avstanden mellom nivåa og betre samarbeid og meir erfaringsutveksling mellom dei ulike einingane innan helse- og omsorgsfeltet. Desse tinga heng eigentleg tett saman, ved at det dreiar seg om å få til gode utviklings- og læringsprosessar der strategiane m.a. må vera basert på erfaringar og kunnskapar knytt til det operative feltet. Dette krev at kommunane er organiserte slik at denne kunnskapen kan bli utvikla på ein god måte, og at det strategiske nivået kan vera i stand til å bruka kunnskapen på ein relevant måte. I sine teoriar har Nonaka og Takeuchi (1995) peika på behovet for eit mellomnivå i organisasjonar for å sikra det dei kallar redundans vertikalt i organisasjonen. Altså sikra god kunnskapsformidling mellom det strategiske og det operative nivået i organisasjonen. Slik vi les dei kommentarane som kjem i denne undersøkinga, er dette også noko av det dei er opptekne av når det blir peika på

problem med organisasjonsstrukturen. Dette gjeld også i dei kommunane som har valt å halda fram med ei to nivå-organisering. Her har nokre kommunar valt det vi kan kalla ei hybridisering av dei interne prosessane, ved at ein t.d. trekker einingsleiarane aktivt inn i leiargruppa eller reduserer talet på einingar.

Fleire mindre kommunar peikar på at nettopp storleiken deira sikrar god intern kommunikasjon og oversikt. Dersom dette er riktig, inneber dette at formell struktur er viktigare i store kommunar enn i mindre kommunar.

Samhandlingsreforma er ei stor og viktig reform som kan oppfattast som eit forsøk på å skapa ein innovasjon innan helsetenestene ved å sjå på arbeidsdelinga og samhandlinga innanfor sektoren. Her spelar kommunane ei viktig rolle m. a. ved at dei skal realisera denne innovasjonen med grunnlag i statlege intensjonar og egne ressursar og føresetnader. Dette tyder at realiseringa av reforma vil vera litt ulik i dei enkelte kommunane basert på ulike føresetnader, ressursar og behov.

Ein viktig del av desse føresetnadane er korleis kommunen er organisert, og korleis dette påverkar den interne samhandlinga i den enkelte kommunen (Røn-hovde 2012, b). Slik vi har sett i vårt materiale, spelar den formelle organiseringa ei rolle i dei fleste kommunane i møtet med denne typen reformer. Administrativt fører mangel på sektororganisering til problem med intern samordning og til at avstanden mellom leiarnivået og det operative nivået blir for stor. Dette peikar i retning av at mellomnivået si viktige rolle i samband med å skapa kontinuerlege og gode læringsprosessar i organisasjonar. Samstundes viser undersøkinga at sikring av slike prosessar er også ein føresetnad for at denne typen reformer blir realisert på ein god måte.

Vi meiner dei data vi bygger på gir interessante innsikter i forhold til det problemfokuset vi har hatt i dette kapitlet. Det er likevel klart at datagrunnlaget har sine avgrensingar. T.d. kunne det vore interessant å finna ut korleis politikarane sjølve har sett og opplevd reforma, og korleis reforma blir opplevd av dei som faktisk skal gjera jobben på det operative nivået der reforma faktisk skal realiserast i møtet med pasientar og brukarar. Dette er data som kan vera med på å utvikla ei enno betre innsikt i dei kommunale prosessane i samband med samhandlingsreforma.

LITTERATUR

- Brekke, Å. og R. Kirshoff (2015). «Hvor ble det av pasienten i samarbeidsavtalene?» *Nordiske Organisasjonsstudier* 17 (3), 37–62.
- Bukve, O. og A. Offerdal (2002). «Kommunane og kommunelova», s. 9–27. I O. Bukve og A. Offerdal (red.): *Den nye kommunen*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Cyert, R. og March, J. (1963). *A Behavioral Theory of the Firm*, Englewood Cliffs, N.J.: Prentice Hall.
- Hood, C. (1991). «A Public Management for All Seasons?» *Public Administration* 69 (Spring), 3–19.
- March, J. (1999). *The pursuit of organizational intelligence* Malden, Mass.: Blackwell.
- Meese, J. og L. Rønhovalde (2015). «Prosjektorganisering som strategi for kunnskapsoverføring og læring i forbindelse med samhandlingsreformen». *Nordiske Organisasjonsstudier* 17 (3), 86–108.
- Nonaka, I. og D. Teece (2001). «SECI, Ba and Leadership: a Unified Model of Dynamic Knowledge Creation», s. 13–44. I I. Nonaka og D. Teece (red.): *Managing Industrial Knowledge Creation, Transfer and Utilization*. London: Sage Publications.
- Nonaka, I. og H. Takeuchi (1995). *The Knowledge-Creating Company*, New York: Oxford University Press.
- Offerdal, A. (2014). «Kommunalt demokrati og folkestyre i store og små kommunar». *Fagbladet Samfunn & økonomi* 1, 6–16.
- Offerdal, A. og H. Ringkjøb (2002). «Den omorganiserte politikaren», s. 77–92. I O. Bukve og A. Offerdal (red.): *Den nye kommunen*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Olsen, T. H. og Torsteinsen (2012): «Enhetslederrollen», s. 125–143. I H. Torsteinsen (red.): *Resultatkommunen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ramsdal, H., S. Michelsen og T. Aarseth (2002). «Profesjonar, stat og lokalstyre. Om kommunane som iverksettarar av statlege velferdsreformer», s. 185–210. I O. Bukve og A. Offerdal (red.): *Den nye kommunen*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Rønhovalde, L. (2012a). Innovasjon i offentlig sektor: En studie av prosessene knyttet til initiering av og iverksetting av samhandlingsreformen i fem kommuner på Nordmøre, Working Paper, Høgskolen i Molde 2012:1.
- Rønhovalde, L. (2012b). «Innovasjon og kommunikasjon i resultatkommunen», s. 225–241. I H. Torsteinsen (red.): *Resultatkommunen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rønhovalde, L. (2012c). «Styring og evaluering gjennom instrumentell resultatkontroll», s. 257–278. I K. Tornes (red.): *Evaluering i teori og praksis*. Akademika forlag.
- Senge, Peter (1990). *The Fifth Discipline: The art and practice of the learning organization*, Doubleday, New York.
- Stoker, G. (2011). «Was Local Governance such a Good Idea? A Global Comparative Perspective». *Public Administration* 89 (1), 15–31.
- Stortingsmelding nr. 47 (2008–2009).
- Torsteinsen, H. (2012). «Bakgrunn diagnose og inspirasjon», s. 23–37. I H. Torsteinsen (red.): *Resultatkommunen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aarseth, T., K. Bachmann, I. Gjerde og G. Skrove (2015). «Mot Samhandlingskommunen? Om endringer i kommunenes eksterne og interne relasjoner i møte med en nasjonal helsereform». *Nordiske Organisasjonsstudier* 17 (3), 109–133.
- Aarseth, T. (2012). «Politisk styring i resultatkommunen», s. 210–224. I H. Torsteinsen (red.): *Resultatkommunen, reformer og resultater*. Oslo: Universitetsforlaget.

7

Strategiar for språkleg velferd

ELI BJØRHUSDAL

SAMANDRAG Kapittelet handlar om norsk språkforvaltning, det vil seie offentleg styring av nynorsk- og bokmålsbruk. Føremålet er å sjå sentrale språkpolitiske omgrep og ordningar i eit velferdsteoretisk perspektiv, og eit vesentleg spørsmål er om argumenta for og mot velferdsuniversalisme og målstyring kan brukast på same måten i språkpolitikk som i annan velferdspolitikk. Universalmodellen kan vere tilstrekkeleg på det økonomiske feltet, der velferdsrettane tek sikte på å sikre det utsette individet. Men språk er eit gruppefenomen. Ein kan dermed spørje seg om språklege velferdsrettar òg må ta sikte på å sikre det utsette språkkollektivet, og om *språkpolitisk gruppedifferensiering* kan vere ein strategi for å sikre språkleg velferd for språksamfunn i mindretal.

ABSTRACT This chapter examines Norwegian authorities' policy and planning strategies for the written languages Norwegian Nynorsk and Norwegian Bokmål. The overarching aim is to diachronically explore the practices of and rationales behind Norwegian language regimes in the context of welfare theory, and more specific, in the context of the principle of universalism versus its opposite, the principle of targeting and group-differentiation. The purpose is to discuss whether the arguments in favor of and against the mentioned principles work the same way in language policy discourse as they do in general welfare policy discourse. Does the fact that language is a group phenomenon, justify language welfare rights designed as group-differentiation? Could group-differentiated language rights be a future strategy to secure linguistic welfare to minority language groups?

NØKKEWORD norsk språkforvaltning | språkrettar | universalisme | gruppedifferensiering

INNLEIING

Temaet her er norsk språkforvaltning. I denne samanhengen tyder dette offentleg styring av nynorsk og bokmål på kulturfeltet og opplæringsfeltet. Særleg skal politiske strategiar drøftast for det minste av dei to språksamfunna, nemleg nynorskbrukarane, som har sitt territoriale kjerneområde på Nord-Vestlandet. Framstillinga byggjer på ein analyse av om lag 140 offentlege dokument frå opplæringsfeltet og kulturfeltet/offentleg teneste mellom 1885 og 2005 (Bjørhusdal, 2014).

FØREMÅL

Hovudføremålet med arbeidet er å lese norsk språkforvaltning inn i ein vidare velferdsteoretisk kontekst. Den nordiske velferdsmodellen er rekna som effektiv og vellukka, og har vore gjenstand for stor forskingsinteresse (sjå til dømes Kettunen, Kuhnle og Ren, 2014, Hatland, Kuhnle og Romøren, 2011, Kildal og Kuhnle, 2005). Interesse for det eg førebels kallar den norske språkvelferdsmodellen har ikkje vore like stor. Likevel kan det hevdast at norsk språkvelferd er bygd på ordningar som relaterer til velferdsmodellen elles, og at det dermed er interessant å analysere dei norske språkpolitiske institusjonane i ljøs av sentrale drag ved velferdsstatsteoriens universalmodell.

Eitt slikt trekk er kollektivet si viktige rolle: Trygginga av folk si velferd er eit felles, offentleg ansvar, fyrst og fremst uttrykt gjennom skatteordningar. Nært knytt til dette er modellens føreskriving av universelle, ikkje-behovsprøvde rettar til relativt rause ytingar. Dei siste åra har universalitetsprinsippet likevel vore omdiskutert, og motstykket *målretting* er i ferd med å bli eit tevlande prinsipp i den offentlege debatten (Kuhnle og Kildal, 2011, Kuhnle og Ervik, 2011, Kildal 2006, Kildal og Kuhnle, 2005). Her skal eg drøfte fylgjene av universalitetsprinsippet når det er nytta i forvaltninga av nynorsk og bokmål. Eit vesentleg spørsmål er om argumenta for og mot universalisme og målstyring kan brukast på same måten i språkpolitikk som i anna velferdspolitikkk.

Eg byrjar med å gjere greie for korleis norsk språkvelferd har teke form, ved å undersøkje formelle institusjonar i den norske statens språkforvaltning. «Formelle institusjonar» refererer her til dei normene me møter gjennom forvaltningsapparatet, som politiske ordningar og juridiske reguleringar som er etablerte for bruken av nynorsk og bokmål (Cardinal, 2015, Sonntag, 2015). Deretter skal desse institusjonane relaterast til sentrale drag ved velferdsstatsteoriens universalmodell, og eg skal så diskutere kva for konsekvensar denne politiske utforminga kan ha for bruken av dei to skriftspråka. Til slutt tek eg eit meir normativt perspektiv og lanserer alternative strategiar for språkleg velferd.

NYNORSKEN PÅ NORD-VESTLANDET

Sogn og Fjordane og delar av Møre og Romsdal er viktige for nynorsken. Sogn og Fjordane utgjer det desidert sterkaste nynorskfylket med 97,4 prosent nynorsk fyrstespråk i grunnskulen. Det nest største nynorskfylket i prosent er Møre og Romsdal (51 prosent nynorsk i 2013), men her er fylket språkgeografisk delt i to. Sunnmørskommunane unnateke Ålesund har oppunder 100 prosent nynorsk i grunnskulen (2013).¹ Romsdalen og Nordmøre utgjer no eit språkleg grenseland der somme av kommunane framleis har over 90 prosent nynorsk, medan andre har hatt klar nedgang dei siste tiåra (Grepstad, 2010). Delar av Rogaland og Hordaland må òg reknast som det nynorske kjerneområdet, men i desse fylka er det utslagsgevande at storbyane veks, og at folketalet i den tunnast folkesette periferien går ned. Det gjer tydelege utslag på nynorskprosenten her (frå 29 og 47 prosent i 1976 til 24 og 39 prosent i 2013).

Nord-Vestlandet er såleis det nynorske *heartland*, som det gjerne heiter i språksosiologien, eit område som er dominert av nynorsk, som dermed gjer nynorsk naturleg, til «default». Nasjonale mindretalsspråk treng majoritetsspråkstatusen i slike heartlands for å kunne oppretthaldast, argumenterer fleire språksosiologar for (Williams, 2012, Laponce, 2004).

Så kan det òg sjå ut som at nynorsken er viktig for nordvestlendingane. No skal ikkje denne framstillinga vere nokon kulturhistorisk gjennomgang av nynorsken si rolle i regionen, heller ikkje ein argumentasjon for kva for kulturell styrke nynorsken kan gje folk og institusjonar her. Eg skal nøye meg med å slå fast at nynorsk, trass i at det i nasjonal målestokk er eit mindre brukt språk og dermed er sterkt utsett for språkskifte og språkforvitring, har halde overraskande godt stand på Nord-Vestlandet. I europeisk kontekst er nynorsk då heller ikkje rekna som eit truga språk (M. P. Lewis et al., 2013, Salminen, 2007, s. 215). Sjølv om det nok kunne vere både lettare og meir lettvent for nordvestlendingar og nordvestlandske bedrifter å nytte bokmål, held nynorskbruken seg stabilt stor i regionen.

SPRÅKLEG VELFERD SOM OMGREP OG OBJEKT

I samfunnsvitskaplege kontekstar viser termen velferdsstat både til politiske system som tryggjar folk økonomisk mot ulike former for risiko, men òg til system som i tillegg garanterer sosiale rettar og moglegheiter for å leve gode liv (Kuhnle og Kildal, 2011, Kuhnle og Ervik, 2011, Kildal og Kuhnle, 2005). I tråd med det

1. Tabell 03743: Elevar i grunnskolen, etter målform (F) [2013], Statistikkbanken, SSB, henta 20.1.2014.

siste har det særleg i nyare nordamerikansk og kanadisk politisk teori vore diskutert i kva grad språk kan eller skal vere gjenstand for offentlig velferdsplanlegging – på lik line med for eksempel helse og utdanning (Sonntag og Cardinal, 2015, De Schutter, 2007, Patten, 2003, Rubio-Marin, 2003, Laitin og Reich, 2003, Carens, 2000, Kymlicka, 1995). Den vitskaplege diskursen har her vore nært knytt til politiske diskusjonar om språklege og kulturelle rettar til minoritetar i USA og Canada. Då snakkar me både om rettane til nye immigrantgrupper og til dei gamle nasjonale minoritetane. Disiplinen eller fagtradisjonen er ofte kalla «language policy and planning» (LPP) (Spolsky, 2012, Ricento, 2000), ofte språkpolitisk teori (language rights and political theory) (De Schutter, 2007, Patten og Kymlicka, 2003). Omgrepet *språkleg velferd* er sporadisk nytta og ikkje etablert i denne tradisjonen, men uttrykket refererer her til graden av statleg tilrettelegging for at medlemmer av særlege språksamfunn skal kunne bruke og møte sitt eller sine språk (Gazzola, 2014).

Dei færreste i fagtradisjonen vil avvise at språk kan vere kultur- og identitetsberande for individ og grupper, at det tener som ein identitetsmarkør, og at det såleis har ein felles kulturell verdi for fleire. Dette er dessutan eit empirisk spørsmål: Historia har synt at språk tyder noko for folk og folkegrupper, ofte så mykje at det endar i konflikt og krig (Patten og Kymlicka, 2003). Det sentrale spørsmålet i språkpolitisk teori er dermed ikkje om språk *har* kollektiv verdi, men kva for normative konklusjonar som skal trekkjast av dette. Diskusjonen har altså gått på om *rett til språk* er eit velferdsgode i politisk forstand; om språkbruk skal regulere seg sjølv, utan politisk styring, eller om staten skal drive politikk for at særlege språk skal vere i bruk på særlege domene – altså om somme språk skal sikrast for brukarane sine. Såleis er tyngda av forskingslitteraturen på feltet normativ: Utgangspunktet er at spørsmålet om korleis staten handterer kulturell variasjon, treng ei *løysing* (Sonntag og Cardinal, 2015, Gazzola, 2014, De Schutter, 2007, Barry, 2001, Carens, 2000, Kymlicka, 1995).

Dette er spørsmål som har vore lite diskuterte i norsk faglitteratur. I motsetnad til den amerikanske og kanadiske tradisjonen er det i stor grad (sosio)lingvistar og nordistar som har vore leiande i diskusjonane om språkpolitikk og språkplanlegging i Noreg. Kanskje er det grunnen til at norsk LPP-forskning har vore dominert av arbeid om tilhøvet mellom talemål og skriftmål, språklege variantar og rettskrivingsreformer (Vikør, 2007). Med unnatak av juristane Sigve Gramstad og Kåre Lilleholts arbeid (Gramstad, 2010, Lilleholt og Gramstad, 1983), har norsk språkplanleggingsforskning på nynorsk og bokmål i liten grad sett mot internasjonal språkrettsdebatt og språkpolitisk teori. Situasjonen er noko annleis når det gjeld forskning på politikk og rettar for nye språkminoritetar i Noreg, og også for

samiske språkgrupper (jf. til dømes Pedersen og Høgmo, 2012, Skogvang, 2009, Engen og Kulbrandstad, 2004, Hauge, 2007).

Heller ikkje norsk samfunnsvitenskap har synt særleg interesse for institusjonar i offentlig språkpolitikk. Det er gjort mykje og framståande forskning på den norske velferdsstaten og velferdsmodellar, men rolla til språkpolitikken og språkforvaltninga har ikkje vore gjenstand for analyse. I internasjonal samfunnsvitenskap/politisk teori finst det derimot ein tradisjon for å arbeide med språkpolitiske spørsmål (Cardinal og Sonntag, 2015, Spolsky, 2012, Van Parijs, 2011, Kymlicka og Patten, 2003).

Språkjuristen Ruth Rubio-Marín kategoriserer språklege rettar som anten instrumentelle eller ikkje-instrumentelle. Instrumentelle rettar er dei som er etablerte for folk som vantar kompetanse i majoritetsspråket – dei er altså designa for å fremje kommunikasjon og forståing. Døme er rett til tolk i rettsaker. Ikkje-instrumentelle er rettar som vert gjevne uavhengig av kommunikasjonsfremål – dei vert altså innrømde mindretalsspråkgrupper uansett om brukarane her er kompetente i majoritetsspråket eller ikkje (Rubio-Marín, 2003). Døme er ein kvar nynorsk språkrett. Somme vil kanskje då argumentere for at årsaka til manglande fagleg og politisk debatt om språkrettar i Noreg kjem av at språkspørsmålet nettopp ikkje kan sjåast som eit instrumentelt velferdsspørsmål her. Språklege rettar for til dømes det spansktalande mindretalet i USA eller ulike inuittspråkmindretal i Canada må reknast som velferdsrettar, kan ein hevde, fordi mindretalsspråkbrukarane her ikkje nødvendigvis forstår majoritetsspråket og dermed ikkje kan kommunisere med storsamfunnet utan grunnleggjande språkrettar. At nynorskbrukarar både forstår og kan bruke bokmål, kan vere eit argument mot å nytte velferdsomgrepet om norske tilhøve.

Rubio-Marín er likevel skeptisk til forsøk på å avgrense *rett til språk* til *rett til kommunikasjon*, og i tråd med dette, trur også eg at det er vanskeleg å avgrense velferdsspørsmål frå kultur- og identitetsspørsmål. Reint empirisk ser me då òg at somme av dei språksituasjonane som har avfødd mest politisk diskusjon og fagleg teoretisering om forvaltning av mindretalsspråk, nemleg tilhøvet mellom fransk og engelsk i Canada, katalansk og spansk i Katalonia og walisisk og engelsk i Wales, har språkmindretal som forstår og kommuniserer problemlaust på majoritetsspråket.

INSTITUSJONAR I OFFENTLEG SPRÅKFORVALTNING

Når eg no skal ta føre meg sentrale institusjonar i norsk språkforvaltning, er det med utgangspunkt i fylgjande parameter frå språkpolitisk teori: distinksjonen mellom territoriale og personlege tilnærmingar, mellom negative og positive ret-

tar, og til slutt den mellom gruppedifferensierte og universelle ordningar. Analysane skal oppsummerast med særleg blick på dei nemnde kjenneteikna ved velferdsuniversalismen: statleg ansvar og involvering, og universelle, ikkje-behovsprøvde rettar.

TERRITORIELLE OG PERSONLEGE TILNÆRMINGAR

Territorielle institusjonar medfører at språkrettane til ein person er avhengige av kva for del (territorium) av staten ho oppheld seg i. Eit bestemt språk vert tildelt eit bestemt geografisk område: Kvar territorium har eit språk det kan kalle sitt eige, og kvart språk skal ha eit territorium som det kan kalle sitt. Såleis går territoriell språkpolitikk ut på å dele ein fleirspråkleg stat inn i ein serie av meir eller mindre eittspråklege område (Williams, 2012, Laponce, 2004, Réaume, 2003, Patten, 2003). Eit døme på ein norsk territoriell institusjon er organiseringa av elevane sitt fyrsteskriftspråk i barneskulen. Det norske opplæringsmålet er geografisk bestemt gjennom *skulekrinsordninga*. Direkte val, lokale folkerøystingar, er det som avgjer opplæringspråket i ein skulekrins, og såleis er Noreg sett saman av i prinsippet tusenvis av heilt små språkterritorium som iallfall opplæringsmessig er eittspråklege. I praksis er skulekrinsens språk, det vil seie resultatet av folkerøystinga, ofte ein konsekvens av det *kommunale administrasjonsspråket*. Sistnemnde er òg ein territoriell institusjon: Forvaltningsspråket for kommunen vert avgjort av kommunestyret (Bjørhusdal, 2014, Søberg og Tangerås, 2003).

På den andre sida har me *personlege* institusjonar; ordningar som gjev borgarar det same settet av språkrettar uansett kvar dei er i den aktuelle staten. Språkrettane fylgjer altså språkbrukaren kvar enn i staten ho ynskjer å bu (Williams, 2012, Laponce, 2004, Réaume, 2003, Patten, 2003). Døme på norske personlege språkopplæringspolitiske ordningar er retten ein grunnskuleelev har til å velje lærebøker på det andre skriftspråket, bortsett frå i norsk, eller retten på vilkår til å gå i språkleg parallellklasse på barnesteget (Bjørhusdal, 2015). Når det gjeld offentleg målbruk, har norske innbyggjarar personleg rett til å kommunisere skriftleg med staten på det språket dei sjølve ynskjer, uansett kvar i staten dei bur (Bjørhusdal, 2014).

Eit grunnleggjande utgangspunkt for forvaltninga av nynorsk og bokmål er dei territorielle institusjonane skulekrinsspråk og kommunalt administrasjonsspråk. Interessant med dei er at dei er baserte på *lokale fleirtalsavgjerder*. Her skil norsk forvaltning seg frå det ein finn i mange andre fleirspråksamfunn. I Noreg har den administrative eininga fyrst vorte etablert, altså skulekrinsen eller kommunen, og deretter er det så opp til folkefleirtalet om det skal vere nynorsk eller bokmål i
Frå midten av 1990-talet skjedde det ei endring i bustadpolitikken, som gjekk frå å vere retta mot befolkninga generelt til å vere særleg retta mot vanskelegstilte grupper. Dei bustadsosiale verkemidla vart endra frå generelle ordningar til selektive låne- og støtteordningar, og det vart lagt meir vekt på oppfølgingstenester. Bustadsosialt arbeid vart på denne måten integrert i velferdspolitikken. Kommunen si rolle gjekk frå tilrettelegging for alminnelig bustadbygging til arbeid for vanskelegstilte, og Husbanken si rolle vart endra frå bustadbank til velferdsetat (Sørvoll, 2011).

I utgreinga «Rom for alle» (Kommunal- og regionaldepartementet, 2011) vert bustadsosialt arbeid definert som «det kommunane gjer for å sikre vanskelegstilte på bustadmarknaden ein trygg busituasjon. Vanskelegstilte i denne samanhengen er personar som anten er utan eigen bustad, står i fare for å miste bustaden, eller bur i ueigna bustad eller bumiljø (Departementene, 2014, s. 8). Talet på vanskelegstilte vart i 2009 estimert til om lag 150.000 personar, og om lag 30 prosent av desse hadde vore vanskelegstilte sidan 2007 (Kommunal- og regionaldepartementet, 2011, s. 42). Dei siste åra har det til ei kvar tid vore om lag 6000 bustadlause menneske i Norge (Dyb og Johannessen, 2009, 2013).

Målgruppene for det bustadsosiale arbeidet er ikkje einsarta. Det kan vere ungdom som søker startlån fordi dei har vanskar med å kome seg inn på bustadmarknaden, flyktningar som treng plass å bu, eldre som ikkje lenger meistrar å bu heime, og menneske som av ulike grunnar har utfordringar med å halde på ein bustad over tid. Bustadsosialt arbeid gjeld såleis eit vidt spekter av kommunale oppgåver. I kommunane er mange tenester definerte inn i det bustadsosiale arbeidet, og endåtil relativt små kommunar opplyser at fleire enn 30 tilsette er involverte i arbeidet. Desse personane har oppgåver innanfor område som vedlikehald, verkemiddel, rådgjeving, sosiale tenester, tildeling, drift og planlegging. Aktørane i det bustadsosiale nettverket høyrer til i ulike deler av organisasjonen som eigedomsselskap, helse- og omsorgstenester, planavdeling, NAV osv., og samordningsutfordringane mellom instansar i kommuneorganisasjonane er godt dokumenterte (Langsether og Sandlie, 2010, Langsether et al., 2008, Rambøll, 2010a, 2010b, Yttredal, Bakke, Ouff, og Straume, 2015e).

SAMORDNING I OG MELLOM ORGANISASJONAR

Organisering, arbeidsdeling og spesialisering fører til at ein organiserer nokre oppgåver inn i offentleg verksemd, avdelingar eller tenesteområde, medan andre vert liggjande på utsida, i andre avdelingar eller i andre organisasjonar. Samordningsutfordringar er såleis ein naturleg konsekvens av arbeidsdeling og spesialisering i og mellom organisasjonar (Alexander, 1995; Bouckaert et al., 2010). Spesielt vil utfordringane vere store i offentleg sektor, der målsetjingane er samansette og delvis motstridande (Christensen, Læg Reid, Roness, og Røvik, 2007, Læg Reid, Randma-Liiv, Rykkja, og Sarapuu, 2014).

I vid forstand vil samordning vere alle tiltak som bidreg til at organisasjonar, eller delar av organisasjonar, koordinerer si verksemd i relasjon til andre. Marknadmekanismar er til dømes ein type koordinering av handlingar og organisasjonar innanfor pengeøkonomien. I tråd med ein brei definisjon peikar Hall et al. på at interorganisatorisk koordinering handlar om «... the extent to which organizations attempt to ensure that their activities take into account those of other organizations» (Hall et al., 1976, s. 459).¹ Bouckaert et al. (2010) har ein snevrare definisjon av samordning i offentleg sektor. Dei ser på samordning mellom

1. Ordet koordinering (coordination) vert nytta i engelsk litteratur og også i norsk litteratur. Intuitivt synes ordet «koordinering» å vere meir hierarkisk og instrumentelt orientert enn vår forståing av det norske ordet samordning, men i engelsk samanheng finst ikkje ord som på betre måte dekkjer tydinga av det norske ordet samordning. Vi nyttar derfor omgrepa som nær synonyme i denne samanhengen.

offentlege organisasjonar som «instruments and mechanisms that aim to enhance the voluntary or forced alignment of tasks and efforts of organizations within the public sector» (Bouckaert et al., 2010, s. 16). Samordning kan altså dreie seg både om ein prosess og om resultatet av denne prosessen (Alexander, 1995). Sjølv om Bouckaert et al. nyttar omgrepet samordning om samordning *mellom* offentlege organisasjonar, meiner vi at definisjonen er føremålstenleg som grunnlag for diskusjonen om verdier si rolle i samordning av bustadsosialt arbeid i kommunane.

Med bakgrunn i ein studie av koordinering mellom organisasjonar, opererer Bouckaert et al. (2010) med tre hovudtypar koordinering: For det første hierarkiske mekanismar, der autoritet er basis for koordinering. Tilnærminga har røter i Weber sin byråkratiteori. For det andre marknadsmekanismar, med basis i tilbod og etterspurnad, og med utgangspunkt i nyinstitusjonell økonomi. For det tredje nettverksmekanismer basert på gjensidig avhengigheit, og med utgangspunkt i nettverksteori (Bouckaert et al., 2010, s. 35). New Public Management (NPM) kan i ei slik inndeling sjåast som ei reform, der marknadsmekanismane har fått større gjennomslag i samordning av offentleg verksemd. I kommunane har dette gitt flatare strukturar, anbudsregime, utskilling av oppgåver i nye offentlege selskap og styringsverktøy som bestillar–utførar-modellar og mål- og resultatstyring.

Bouckaert et al. (2010) identifiserer ulike verktøy for å fremje samordning innanfor kvar av hovudmekanismane. Dei ulike mekanismane og verktøya utelukkar ikkje kvarandre, men kan nyttast til same formål og på same tid. Felles verdigrunnlag gir, i denne tilnærminga, retning og grunnlag for kontroll og evaluering for samordning i nettverk. Han knyter felles verdier til felles kultur og kunnskap for å koordinere organisatorisk praksis. Anna forskning som har studert samarbeid på tvers i formelle strukturar, viser at samarbeid heng i hop med ‘mjuke faktorar’, som felles forståing av formål og etikk knytt til å bidra, men også felles målesystem og støttande organisasjonsstruktur (Adler, Heckscher, og Prusak, 2011). Samanhengen sporar oss til å sjå nærare på forholdet mellom verdier og organisasjonar.

VERDIAR OG ORGANISASJONAR

Verdiar dreier seg om grunnlaget for handlingar. I eit aktørperspektiv hevdar Brox at verdier kan vere: «Hva man er ute etter, målet for ens strev, det som gir beslutninger retning» (Brox, 1999, s. 71). For å forstå individuelle handlingar meiner Brox at ein må sjå nærare på tre forhold: For det første verdiane personane har,

slik dei kjem til uttrykk i praksis. For det andre må ein sjå på aktørane sine handlingsalternativ fordi folk som har felles verdiar kan velje ulike alternativ avhengig av konteksten dei er i. For det tredje, meiner Brox, at for å forstå handlingar er det viktig å få innsikt i relevante kognitive variablar i avgjerdsprosessane. Relatert til bustadsosialt arbeid betyr dette at samordning vil vere resultat av enkeltaktørar sine verdiar, til dømes i form av synet på kven som er verdige trengande, det vil vere resultat av ressursar og formell struktur, for det gir retning til kva som er mogleg, og det vil dreie seg om kunnskap om handlingsalternativ, saksfelt, brukargruppe, organisering og konsekvensar.

Organisasjonsteorien opererer med eit skilje mellom individuelle og organisatoriske verdiar. Verdiar er knytt til institusjonelle (Christensen et al., 2007) eller naturlege (Scott, 1981) tilnærmingar til organisasjonar. Det er ulike oppfatningar om kva verdiar i organisasjonar er, men i si klassiske bok om organisasjonsteori definerer Scott verdiar som «Criteria employed in selecting the goals of behavior» (1981, s. 14). Han kategoriserer verdiar som eit element i den normative strukturen i ein organisasjon saman med normer og rolleforventningar. Generelt kan ein seie at verdiar i ein organisasjon ligg under og gir retning til medlemmer i organisasjonen når dei skal velje og evaluere handlingar, og at dei representerer ei form for konsensus om kva som er viktig for å nå mål (Bourne og Jenkins, 2013). Såleis er verdiar med på å bestemme kva som «bør» gjerast i ein organisasjon.

Med tanke på å forstå verdiar i organisasjonar kan Bourne og Jenkins (2013) sitt skilje mellom ulike typar verdiar vere nyttig. Dei skil mellom verdiar som leiarane meiner er viktige og riktige (espoused values), verdiar som tilsette meiner kjenne-teiknar organisasjonen (attributed values), delte verdiar (shared values) og ambisjonar om kva organisasjonen skal vere (aspirational values). Dei argumenterer for at dei ulike formene bør forståast samla for å få ei heilskapleg forståing av verdiar i ein organisasjon, og at utfordringar og endringar i verdigrunnlag oppstår når det er sprik mellom dei ulike setta av verdiar.

Verdiar vert i mange tilfelle oppfatta som varige, men Bourne og Jenkins (2013) understrekar at verdisystema i organisasjonar «are stable and enduring; they are neither wholly fixed, for then there would be no ability for change, nor too fluid, for then there would be no continuity» (Bourne og Jenkins, 2013, s. 5). Det synest likevel svært vanskeleg å finne ei rettlina årsak-verknad-samanheng i studiar av verdiar. I meir instrumentelle tilnærmingar innanfor organisasjonsteori retta mot offentleg sektor, er verdiar dermed ikkje ein del av verktøykassa (Egeberg, 1989).

OPPSUMMERING: VERDIAR OG SAMORDNING AV BUSTADSOSIALT ARBEID I KOMMUNANE

Med bakgrunn i tilnærmingane ovanfor, kan det utleiast fire hovudpunkt om samanhengen mellom verdiar og samordning.

For det første konkluderer alle studiane med at verdiar vil kunne påverke handlingar i organisasjonar generelt og dermed også samordning. Dei støttar dermed våre empiriske funn og grunnlaget for dette kapittelet om at verdiar påverkar samordning av bustadsosialt arbeid.

For det andre peikar Bourne og Jenkins (2013) på at verdiar kan vere forskjellige i ulike deler av organisasjonen og mellom til dømes leiarar og tilsette, og at desse ulikskapane vil kunne skape utfordringar. Dermed kan ein også tenke seg at ulike verdiar kan påverke samordning av det bustadsosiale arbeidet i kommuneadministrasjonen og mellom politikk og administrasjon.

For det tredje ser det ut til at felles verdiar (shared values) i ein organisasjon fremmer samordning. Dette kan ein utleie både frå eit individperspektiv (Brox, 1999) og ut frå Bourne og Jenkins (2013) sine funn, som gjeld ulike typar organisatoriske verdiar.

For det fjerde meiner Bouckaert et al. (2010) at det finst ei rekke ulike samordningsmekanismar i og mellom organisasjonar som påverkar kvarandre og fungerer om kvarandre. Brox supplerer (1999) denne kunnskapen ved å peike på at individuelle handlingar vert påverka både av verdiar, moglegheiter og kunnskap. Det er dermed grunn til å sjå nærare på samspelet mellom ulike mekanismar og verkøy for å forstå kva rolle verdiar har i samordning av bustadsosialt arbeid.

Studiane over leier oss vidare til *tre spørsmål* når det gjeld verdiar si rolle i samordning av det bustadsosiale arbeidet: 1. Er ulike deler av kommuneadministrasjonen, og forholdet mellom politikk og administrasjon, prega av ulike verdiar i arbeidet med bustadsosiale tenester, og korleis påverkar dette det bustadsosiale arbeidet? 2. Kva vil det seie å ha felles verdiar i det bustadsosiale arbeidet, og korleis påverkar felles verdiar samordning av bustadsosialt arbeid i kommunane? 3. Korleis samspekar verdiar med samordningsmekanismar?

Vi skal ta utgangspunkt i desse spørsmåla når vi nedanfor presenterer empiriske funn, men først skal vi sjå nærare på datagrunnlaget.

DATAGRUNNLAG

Det empiriske grunnlaget for kapittelet er kunnskap som er samla gjennom forskings- og utviklingsprosjekt knytte til kommunalt bustadsosialt arbeid i perioden 2008–2015. Av forskingsprosjekt vil vi nemne *Bustadsosialt arbeid, medverknad*

og flyktingar (Hanche-Dalseth, Bergem, og Aarflot, 2009, Ouff og Hanche-Dalseth, 2009) og *Samordning av bustadsosiale tenester for menneske med samtidig rusliding og psykisk liding* (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014). Datainn-samlinga i desse prosjekta bestod av omfattande litteratur- og dokumentstudiar, personlege intervju, gruppeintervju og nettbaserte spørjeundersøkingar.

I fleire prosjekt har vi vore samarbeidspartnar for kommunane i utviklingsarbeid, gjennom å leie prosessar og utvikle og formidle kunnskap om feltet. Også i desse prosjekta er det henta inn og vidareformidla kunnskap frå dokumentstudiar og spørjeundersøkingar. Av meir utviklingsorienterte prosjekt kan nemnast *Bustadsosialt arbeid og planlegging* (Ouff, Yttredal, og Hanche-Dalseth, 2010), *Bustadsosialt arbeid og planlegging II* (Ouff og Yttredal, 2012), *Bustadsosialt arbeid og organisering* (Yttredal, Bakke, Ouff, og Eikrem, 2014) og *Bustadsosialt arbeid i kommunar med store bustadsosiale utfordringar* (Yttredal, Bakke, Ouff, og Straume, 2015a, 2015b, 2015c, 2015d, 2015e; 2015f).

Ein siste kategori prosjekt som danner basis for dette kapitlet, er evaluering. Vi gjennomførte i perioden 2009–2012 ei følgjeevaluering av Bustadsosialt utviklingsprogram i Husbanken øst (Bergem, Yttredal, og Hanche-Olsen, 2011, Hanche-Dalseth, Yttredal, Bergem, og Ouff, 2010, Yttredal et al., 2013). Data vart henta inn årleg i form av dokument- og litteraturstudiar, djupneintervju og spørjeundersøkingar.

I tillegg til dei nemnde forskings- og utviklingsarbeida, har vi publisert ymse grunnlagsdokument og erfaringsoppsummeringar, som mellom anna gjeld tema som forankring, implementering og leiing av bustadsosialt arbeid (Bergem, Hanche-Dalseth, og Ouff, 2010, Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014, Yttredal, Ouff, og Hanche-Dalseth, 2011).

Datagrnnlaget for dette kapitlet er såleis ein kombinasjon av data basert på spørjeundersøkingar og djupneintervju, og data basert på utviklingsprosjekt, der vi har vore ein medspelar i kommunalt bustadsosialt utviklingsarbeid.

HOVUDFUNN NÅR DET GJELD VERDIAR SI ROLLE I SAMORDNING AV BUSTADSOSIALT ARBEID I KOMMUNANE

Med utgangspunkt i den faglege innleiinga, skal vi no sjå nærare på kva rolle verdier spelar i samordning av det bustadsosiale arbeidet i kommunane, og vi legg til grunn empiriske funn knytte til følgjande spørsmål:

1. Er ulike delar av kommuneorganisasjonen, og forholdet mellom politikk og administrasjon, prega av ulike verdier i arbeidet med bustadsosiale tenester, og korleis påverkar det bustadsosialt arbeid?

2. Kva vil det seie å ha felles verdiar i det bustadsosiale arbeidet, og korleis påverkar felles verdiar samordning av bustadsosialt arbeid i kommunane?
3. Korleis samspelar verdiar med andre typar samordningsmekanismar?

Presentasjonen nedanfor er i hovudsak basert på studiane som er omtalte i avsnittet «Datagrunnlag». I somme tilfelle trekker vi også inn studiar gjennomført av andre.

1. ULIKE TENESTER OG ROLLER – ULIKE VERDIAR?

Studiane av bustadsosialt arbeid i kommunane viser at kommunale tenester er prega av ulike kulturar og verdiar. I det bustadsosiale arbeidet møtest ein «forretningskultur, ein forvaltningskultur og ein omsorgskultur» (Stangnes, 2014), og det svekker vilkåra for samordning. Det vil seie at dei som har ansvar for bustadane (eigedomar) i størst grad er opptekne av økonomi og tekniske løysingar, dei som gir tilskot og tildeler bustader er opptekne av å følge lovverk og retningslinjer, medan dei som arbeider med enkeltmenneske er opptekne av god omsorg. Det er sjølvsagt slik at tilsette i eigedomsavdelinga også kan vere opptekne av omsorg for enkeltmenneske, men i hovudtrekk ser det ut til at ulike verdiar pregar dei ulike kommunale tenestene som utgjer det bustadsosiale arbeidet.

Kommuneorganisasjonen består av ein administrativ og ein politisk del. I ei undersøking av samordning av bustadsosialt arbeid for menneske med samtidig rusliding og psykisk liding (ROP-liding) kjem det fram at politikarar og administrasjonen i liten grad har felles forståing av utfordringane i arbeid retta mot personar med ROP-lidingar. Ein relativt stor del av kommunalt tilsette (om lag 70 %), som har ansvar for menneske med ROP-lidingar, meiner at politikarane ikkje forstår at arbeidet overfor desse menneske er svært utfordrande, og mange kommunar har utfordringar når det gjeld kommunikasjon mellom administrasjon og politikk (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014).

Studiane våre viser at ulike verdiar i ulike kommunale tenester, og mellom politikarar og administrasjon, påverkar graden av samordning og medverkar til fragmentering av bustadsosialt arbeid.

2. KVA VIL DET SEIE Å HA FELLESE VERDIAR?

Verdiar vert påverka gjennom diskusjonar om kva som skal ligge til grunn for det bustadsosiale arbeidet i kommunen. Kommunar som har hatt slike diskusjonar, og som har gjort bevisste val på bakgrunn av dei, kan gjennom dette skape eit grunnlag for samordning av bustadsosiale tenester (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem,

2014, Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013). Vi skal sjå nærare på to val som ser ut til å kunne danne utgangspunkt for felles verdigrunnlag.

Det er klare samanhengar mellom velferdsgoda helse, bustad, utdanning og inntekt, og dei påverkar kvarandre både direkte og indirekte. Ikkje minst er samanhengen mellom bustad og helse sterk (Gautun og Grønningsæter, 2012, Grønningsæter og Nielsen, 2011, Shaw, 2004; Ulfrstad, 2007). Helse, utdanning og inntekt er rekna som dei tre velferdspilarane (Ulfrstad, 2007), men kommunar som legg til grunn at bustad er ein velferdspilar på line med inntekt, helse og utdanning, har danna grunnlag for utvikling av felles verdiar og samordning av bustadsosiale tenester.

Eit anna grunnleggande val, som kan påverke verdigrunnlaget, er valet av busetjingsmodell, som kan vere trappetrinnsmodellen, kjedemodellen og normaliseringsmodellen (Sahlin, 2003a). Modellane har alle ulikt idégrunnlag, ulik metodisk tilnærming og ulike målsetjingar. Fordi vi meiner at val av busetjingsmodell i stor grad er prega av verdigrunnlag, vel vi å presentere nærare dei tre modellane.

I *trappetrinnsmodellen* er ideen at eit menneske skal gjere seg fortent til ein bustad. Brukaren må prøve ulike buformer på vegen til eigen bustad. Tilnærminga inneber at ein må forsere trappetrinn med varierte buformer, hjelpetiltak og sanksjonar. Ein startar med lågterskeltilbod, går over til trenings- og overgangsbustad for så til sist å kunne eige eller leige bustad. Det viser seg at somme ikkje klarer å «gjere seg fortente» til å kome i posisjon for ein bustad på lågaste trinn, og dermed klarer dei heller ikkje å kome lenger opp i trappa og oppnå ein stabil busituasjon (Sahlin, 2003b).

Kjedemodellen er ein variant av trappetrinnsmodellen. Skilnaden mellom trappetrinnsmodellen og kjedemodellen er at den sistnemnde mellom anna legg mindre vekt på forventningar om progresjon og mindre vekt på sanksjonar. Kjedemodellen har som mål å flytte menneske frå midlertidige butilbod til eigen bustad. Det skal skje ved hjelp av individuelt tilpassa hjelpetiltak og overgangstilbod. Overgangsfasen skal vere tydeleg avgrensa, og gjere brukaren i stand til å bu i vanleg bustad.

I *normaliseringsmodellen* er verdigrunnlaget at det å ha ein god og trygg stad å bu er ein menneskerett. Ein bustad skal ikkje vere ei belønning for ein prestasjon. Tilpassa hjelp og støttetiltak vert gitt når ein flyttar inn i bustaden, uavhengig av typen bustad. I normaliseringsmodellen er det eit mål at vanskelegstilte skal flytte inn i eigen bustad *før* ein set i verk andre tiltak. Fast bustad først, også kalla Housing First, er i tråd med denne tankegangen.

Val av busetjingsmodell tek utgangspunkt i menneskesyn og ei vurdering av kven som er 'verdige trengande'. Det er klare skilje mellom modellane i tilnær-

ming og verdigrunnlag. Normaliseringsmodellen legg til grunn at ein trygg bustad er ein menneskerett, medan trappetrinnsmodellen er bygt på ideen om at ein bustad er noko ein skal gjere seg fortent til (Dyb, Solheim, og Ytrehus, 2004, s. 104).

Kommunar som har etablert eit felles verdigrunnlag for det bustadsosiale arbeidet, klarer, i større grad enn andre kommunar, å samordne løysingane for arbeidet over tid (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014, Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013). Vi ser også at kommunar som klarar å samordne det bustadsosiale arbeidet i stor grad nyttar variantar av normaliseringsmodellen (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014).

3. KORLEIS SAMSPELAR VERDIAR OG ULIKE SAMORDNINGSMEKANISMAR?

Bouckaert et al. (2010) skil mellom marknadsmekanisar, hierarkiske mekanisar og nettverksmekanismar for å fremje samordning. I organisasjonar fungerer desse ulike mekanismane om kvarandre. I det følgjande vil vi likevel bruke dei ulike samordningsmekanismane frå Bouckaert for å strukturere drøftinga av samspillet mellom verdiar og andre samordningsmekanismar.

Nettverk som samordningsmekanisme vil seie meir eller mindre frivillig samordning, basert på felles interesser og gjensidig avhengigheit. Kunnskapsbygging er eit viktig element for å styrke nettverk og nettverksorganisasjonar (Bouckaert et al., 2010).

Kunnskap ser ut til å vere viktig for samordning av det bustadsosiale arbeidet. Til dømes vert kunnskap og kompetanse oppfatta som ein av dei aller viktigaste faktorane for å fremme samordning av bustadsosialt arbeid for menneske med rus- og psykiske lidingar (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014).

Eit anna døme er henta frå Bustadsosialt utviklingsprogram i Husbanken øst. I programmet var kunnskapsbygging eit berande element. Det kom mellom anna til uttrykk i årlege kunnskapsplanar og i eksterne foranalyser i kommunane som var med i programmet (Langsether og Sandlie, 2010, Rambøll, 2010a, 2010b). Husbanken var også aktiv i kunnskapsoppbygging på andre arenaer, som til dømes gjennom bidrag til utgreiinga «Rom for alle» (Kommunal- og regionaldepartementet, 2011). Vår evaluering av utviklingsprogrammet viste at kunnskapsoppbygging var viktig for å skape felles grunnlag for det vidare bustadsosiale arbeidet (Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013), og at det er ein nær samanheng mellom kunnskap og verdiar i samordning av bustadsosialt arbeid (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014, Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013).

NPM og bruk av *marknadsmekanismer* har mellom anna ført til utskilling av oppgåver i egne eigedomsselskap i kommunane. Desse har gjerne klare målsettingar og fokus på økonomi. Inspirasjonen frå privat sektor har også ført til utstrekt bruk av mål- og resultatstyring i kommunane. Kommunane sjølve rapporterer ikkje at bruk av mål- og resultatstyring i stor grad hindrar samordning (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014). Slik vi ser det, er likevel mål- og resultatstyring med på å forsterke allereie sterke hierarkiske strukturar i kommunane, og bidreg dermed til å svekke samordning på tvers. Bruk av mål- og resultatstyring gjer også at samordning av det bustadsosiale arbeidet er enklast dersom det vert tilpassa det eksisterande mål- og resultatstyringssystemet.

Våre erfaringar viser at spesialisering og utskilling av egne driftseiningar kan gjere det vanskelegare å samordne til dømes ei teknisk oppgåve som å skaffe bustad, med meir sosiale omsyn, som til dømes butrening. Ei slik utskiljing forsterkar også ulike verdisyn.

Hierarkiske samordningsmekanismer, som formelle strukturar, er effektive for å styre åtferd og handlingar (Christensen, Egeberg, Larsen, Lægred, og Roness, 2002, Jacobsen, 2004, Scott, 1981). Våre studiar av samordning av bustadsosialt arbeid stadfestar det (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014, Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013). Aktørane, som utgjer det bustadsosiale nettverket, fungerer ofte som separate klynger rundt spesifikke oppgåver eller arbeidsområde. Tilsette innanfor kvar klynge har kontakt med kvarandre, men kontakten mellom klyngene er meir avgrensa (Yttredal, Bakke, Ouff, og Eikrem, 2014, Yttredal et al., 2015c). Sjølv om uformelle strukturar også vil påverke kontakt mellom tilsette, synest klyngene i størst grad å vere påverka av to forhold: formell struktur og fysisk plassering.

Samordningsutfordringane dreier seg først og fremst om å koordinere klyngene slik at ulike funksjonar og tenester heng saman på ein føremålstenleg måte. Det ser ut til at organisering i ei sjølvstendig eining med ansvar for bustadsosiale tenester er mest føremålstenleg for å fremme bustadsosialt arbeid (Langsether et al., 2008). Men slik organisering aukar samordningsbehov overfor andre avdelingar og nivå. Dessutan er det ingen som har lukkast med å organisere alle relevante tenester i ei felles eining. I kommunane er det difor eit permanent behov for å løyse oppgåver på tvers av formelle strukturar i det bustadsosiale arbeidet (Ouff og Yttredal, 2012, Ouff, Yttredal, og Hanche-Dalseth, 2010, Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014, Yttredal, Bakke, Ouff, og Eikrem, 2014). Dermed vert det interessant å sjå nærare på kva grad av formell struktur som er nødvendig for å skape samordning i kommunen.

Ulike utfordringar i kommunane, lokale forhold og kontekst tilseier at kva som er effektiv og føremålstenleg organisering vil variere. Men det ser ut til at ein type koordinerande eining, som samordnar relevante tenester i det bustadsosiale arbeidet, er særleg positivt for bustadsosialt arbeid overfor menneske med ROP-lidingar (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014). Ei koordinerande eining fremmer tverrfagleg samarbeid, styrkar fagleg semje om retning i arbeidet og gir betre tenestetilbod (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014). Koordinerande einingar medverkar på denne måten til å utvikle felles kunnskap og verdiar.

Ei slik eining er som regel delvis formalisert, og kan både vere ein type nettverksmekanisme og ein type hierarkisk mekanisme. Erfaringar frå kommunar, som lenge har arbeidd for å utvikle ein type koordinerande eining på tvers av organisasjonen, viser at det også er behov for hierarki i form av ei bevisst leining for å få gjennomført tiltak (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014).

Eit anna relevant funn relatert til hierarki som samordningsmekanisme, gjeld forholdet mellom top-down- og bottom-up-tilnærmingar i bustadsosialt arbeid. Tradisjonelt har diskusjonen om samordning på det bustadsosiale feltet handla om formelle struktur og organisering. Vår undersøking viser at dersom ein skal lukkast med samordning av bustadsosiale tenester, handlar det om meir enn formelle struktur. Det handlar om såkalla 'mjuke verdiar' og fleksible tenestetilbod, som mellom anna vil seie å starte med enkeltmenneska og deira behov og å legge til rette tenester og tilbod ut frå det, ei bottom-up-tilnærming (Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014). Det er i tillegg avgjerande for arbeidet med samordning av tilbod å bygge opp tillit mellom dei som vil hjelpe, og dei som treng hjelp (Almvik, Sagsveen, Olsø, Westerlund, og Norvoll, 2011, Baklien, 2010, Helsedirektoratet, 2012, Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014). Almvik et al. (2011) nyttar omgrepet «losar». Valet mellom bottom-up- og/eller top-down-organisering er på sett og vis eit spørsmål om kunnskap om kva som fungerer, men også eit val av kva som skal ligge til grunn for handlingar – eit verdival.

Sett under eitt, tolkar vi funna slik at verdiar vert påverka av samordningsmekanismer, som nettverksmekanismer, marknadsmekanismer og hierarkiske styringsmekanismer. Meir spesifikt synest formell struktur og kunnskap å ha sterk påverknad. Samstundes indikerer funna at val av samordningsmekanismer og verktøy også vert påverka av verdiar – altså at det er ein gjensidig påverknad mellom verdiar og andre samordningsmekanismer.

OM VERDIAR OG HANDLINGAR

Til slutt i denne empiriske presentasjonen vil vi peike på eit funn som kan tolkast som eit supplement til våre faglege utgangspunkt.

Evalueringa av Bustadsosialt utviklingsprogram i Husbanken øst viste at kommunane i løpet av tre år i programmet hadde kome langt på det strategiske området. Satsinga på bustadsosiale tenester var, etter tre år, betre forankra i ulike planar generelt, i økonomiplanar spesielt og delvis i budsjett. Kunnskap om utfordringane var kjent i kommuneorganisasjonane og formidla til Husbanken, og delvis til relevante aktørar utanfor kommuneorganisasjonane. Det var utvikla betre samarbeid internt i kommunane, mellom kommunar, mellom kommunar og Husbanken og delvis også med aktørar utanfor utviklingsprogrammet, som NAV, fylkesmannen og fylkeskommunane. Enkelte kommunar hadde gjennomført til dels radikale organisasjonsendringar. Kommunane hadde likevel ikkje kome spesielt langt med tanke på konkrete tiltak, som til dømes å få fleire vanskeligstilte i eigna bustader (Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013).

Styrken i programmet var, slik vi såg det, målet om å skape lærande kulturar både i kommunane og i Husbanken, der ein hentar inn kunnskap og finn gode løysingar i lag. Programsatsinga gjorde det mogleg å tenke langsiktig og heilskapleg for å oppnå resultat på sikt, men vi meiner kommunane i utgangspunktet hadde mykje kunnskap som i større grad kunne vore realisert i konkrete tiltak heilt frå starten. Ein hadde gjennom programmet hatt stort fokus på overordna problemstillingar som var viktige for Husbanken, programleiarane og kanskje politikarar og leing i kommunane, altså meir policy-orienterte problemstillingar, og mindre fokus på praktiske utfordringar, altså på det operative planet (Yttredal, Ouff, og Hanche-Olsen, 2013). Programmet oversåg det faktum at felles handlingar for å løyse felles problem også medverkar til utvikling av felles verdiar, kunnskap og strategiar.


DISKUSJON: KVA ROLLE SPELAR VERDIAR I SAMORDNING AV DET BUSTADSOSIALE ARBEIDET I KOMMUNANE?

For det første ser det ut til at verdiar, eller det som «gir avgjerder retning», i svært mange kommunar varierer mellom ulike administrative einingar som bidreg i det bustadsosiale arbeidet. Politikarar og administrasjon har også i mange tilfelle ulike syn på kva tilnærmingar som skal prege arbeidet. I tillegg synest verdiane i seg sjølve å vere samansette både hos enkeltpersonar, i avdelingar og i organisasjonen. Dette er i tråd med forventningar ein kunne ha ut frå Bourne og Jenkins (2013) sin diskusjon av ulike former for verdiar, men også dersom ein tek utgangspunkt i Brox (1999) sitt aktørperspektiv. Vi finn også at ulikskapane i verdiar svekker samordning.

For det andre, også i tråd med forventningane, ser vi at kommunar som har eit felles verdigrunnlag (shared values) i det bustadsosiale arbeidet, i større grad enn

andre kommunar lukkast med å samordne tenester for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Semje om bruk av normaliseringsmodellen for busetting er eitt eksempel på noko som kan fungere som eit slikt felles verdigrunnlag.

For det tredje, og det vi oppfattar som det mest interessante i denne samanhengen, finn vi at verdiar samspelear tett med andre samordningsmekanismar. Det gjeld både når verdigrunnlaget fremmer samordning, og når ulikt verdigrunnlag hindrar samordning. Meir spesifikt meiner vi at verdiar først og fremst samspelear med formell struktur, kunnskap og handlingar, og at oppbygginga av dette samspelet i organisasjonen påverkar samordning av bustadsosialt arbeid. At ulike samordningsmekanismar samspelear er i tråd med det ein kunne forvente ut frå studiar av koordinering mellom ulike offentlege organisasjonar (Bouckaert et al., 2010). Det ligg også nært opp til Brox si forståing av individuelle handlingar som eit resultat av verdiar, kunnskapar og moglegheiter (Brox, 1999, s. 71). Samstundes viser våre studiar at verdiar også samspelear tett med handlingar og praksis, noko som ikkje er tema hos Brox og Bouckaert et al. I figur 1 nedanfor summerer vi opp det vi meiner er dei viktigaste elementa når det gjeld samanhengen mellom verdiar og samordning. Sidan vi ser på dette som vårt hovudfunn, skal vi diskutere nærare samspelet mellom dei ulike elementa.



Figur 9.1: Samordning av bustadsosialt arbeid som samspel mellom verdiar, formell struktur, handlingar og kunnskap.

At *kunnskap* samspelear med verdiar ser vi mellom anna gjennom at samanhen- gen mellom bustad og velferd har fått gjennomslag i kommunane dei siste tiåra. Vi ser det også gjennom måten Husbanken arbeider på, og gjennom spreinga av normaliseringsmodellen/Housing First. Kunnskap og verdiar overlappar likevel ikkje. Kva konklusjonar ein trekkjer av kunnskapane er ikkje gitt. Ein kan til dømes, sjølv om ein veit korleis ein skal hjelpe bustadlause, velje å ikkje hjelpe fordi ein meiner at bustadløysa er sjølvforskyldt.

Når det gjeld forholdet mellom *formelle strukturar* og verdiar, har vi peika på at formelle strukturar i stor grad styrer åtferd og kontakt mellom aktørar. Linjeor- ganiseringa er dermed ei utfordring for samordning. Oppretting av tverrsektorielle (formelle) strukturar som ein slags ‘motstruktur’ betrar samordning av bustad- sosialt arbeid. Vi vil hevde at det ikkje berre kjem av at ein samordnar handlingar, men at slike strukturar også forsterkar utvikling av felles kunnskap og verdiar. Det er likevel ikkje tilstrekkeleg med tversgåande strukturar og utvikling av felles ver- diar. Erfaring viser at mange kommunar, trass i felles haldningar og tverrsektori- elle strukturar, slit med å samordne det bustadsosiale arbeidet fordi dei manglar leiing (Yttredal et al., 2015e; Yttredal, Bakke, Ouff, og Bergem, 2014).

Samspelet mellom verdiar og *handlingar* er også viktig. Utviklinga av prinsip- pet om Housing First er eit døme på det. Det var ein metode for å hindre bustad- løyse i New York, og metoden utviklar seg vidare til å bli kunnskap om løysingar, og til slutt eit verdigrunnlag for det bustadsosiale arbeidet i norske kommunar. Våre studiar og erfaringar frå utviklingsarbeid viser at kommunane ved å løyse konkrete utfordringar, gjennom tverrsektorielt arbeid, utviklar nye haldningar og verdiar, som kjem til uttrykk i organisasjonen sitt bustadsosiale arbeid (Hanche- Dalseth, Yttredal, Bergem, og Ouff, 2010).

KONKLUSJON

«Verdiar påverkar samordning av det bustadsosiale arbeidet i kommunane.» Påstanden er i stor grad bygt på funn frå våre studiar, og ligg som eit premiss og eit utgangspunkt for dette forsøket på å forstå kva rolle verdiane spelar i samord- ning av det bustadsosiale arbeidet i kommunane.

Verdiar si rolle i samordning er avhengig av kontekst, men vi meiner det er eit generelt trekk at verdiar varierer i ulike delar av kommuneorganisasjonen og mel- lom politikk og administrasjon, og at slike variasjonar har ein tendens til å svekke samordninga av arbeidet. På den andre sida kan felles verdiar styrke samordning av det bustadsosiale arbeidet, og det er mogleg å arbeide bevisst for å bygge opp felles verdiar.

For å forstå kva rolle verdiane spelar i samordning av det bustadsosiale arbeidet, er det i tillegg nødvendig å forstå korleis verdiane samsplar med andre samordningsmekanismer som hierarki, marknad og nettverk. Meir spesifikt er det ein føresetnad å forstå samspelet mellom formell struktur, handlingar, kunnskap og verdiar for også å kunne forstå kva rolle verdiane spelar i samordning av det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Når det gjeld *endring av organisatoriske verdiar som pregar bustadsosialt arbeid*, kan vi, ut frå våre funn, forvente at endring av formelle strukturar, kunnskap og måtar å arbeide på vil påverke verdiar i det bustadsosiale arbeidet. For å *betre samordninga av bustadsosialt arbeid* er det nødvendig samstundes å forstå verdiar, handlingar, kunnskapsnivå og formell struktur.

Samordning av og i offentlege organisasjonar er ei utfordring som vert stadig meir relevant ettersom offentlege, og særleg kommunale, oppgåver spreier seg over nye område. Det er derfor grunn til å tru at funna som er formidla i dette kapitlet, har overføringsverdi til andre kommunale oppgåver og tenester. I tillegg til å vere eit bidrag til å forstå samordning av bustadsosialt arbeid, er kapitlet dermed meint som eit bidrag til å løfte fram diskusjonar om samanhengen mellom verdiar og samordning i kommunar og andre offentlege organisasjonar generelt.

LITTERATUR

- Adler, P., Heckscher, C., og Prusak, L. (2011). Building collaborative enterprise. *Harvard Business Review*, 89(7–8), 94–101.
- Alexander, E. R. (1995). *How Organizations Act Together. Interorganizational Coordination in Theory and Practice*. Luxembourg: Gordon and Breach Publishers.
- Almvik, A., Sagsveen, E., Olsø, T. M., Westerlund, H., og Norvoll, R. (2011). «Å lage farger på livet til folk.» God hjelp til personer med rusproblemer og psykiske lidelser i ambulante team. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 8(2), 154–163.
- Baklien, B. (2010). Livet på lavterskeltiltak i Oslo kommune. Noen betraktninger fra «dobbeltprosjektet». *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, 7(4), 321–329.
- Bergem, R., Hanche-Dalseth, M. S., og Ouff, S. M. (2010). *Boligsosialt utviklingsprogram – forankring av arbeidet med handlingsplan* (Notat 21/2010). Volda: Møreforskning.
- Bergem, R., Yttredal, E. R., og Hanche-Olsen, M. (2011). *Fundamentet er lagt. Evaluering av Boligsosialt utviklingsprogram. Delrapport 2011* (Rapport nr. 25). Volda: Møreforskning.
- Bouckaert, G., Peters, B. G., og Verhoest, K. (2010). *The Coordination of Public Sector Organizations. Shifting Patterns of Public Management*. Basingstoke, England: Palgrave Macmillan.
- Bourne, H., og Jenkins, M. (2013). Organizational values: A dynamic perspective. *Organization Studies*, 34(4), 495–514.
- Brox, O. (1999). *Praktisk samfunnsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Christensen, T., Egeberg, M., Larsen, H. O., Læg Reid, P., og Roness, P. G. (2002). *Forvaltning og politikk*. Universitetsforlaget.
- Christensen, T., og Læg Reid, P. (2004). *The fragmented state – the challenges of combining efficiency, institutional norms and democracy*. (Working paper 3-2004). Bergen: Stein Rokkan centre for social studies.
- Christensen, T., Læg Reid, P., Roness, P. G., og Røvik, K. A. (2007). *Organization Theory and the Public Sector. Instrument, culture and myth*. London and New York: Routledge.
- Departementene. (2014). *Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid* (2014–2020). Oslo: Departementene
- Dyb, E., og Johannessen, K. (2009). *Bostedsløse i Norge 2008 – en kartlegging* (NIBR-rapport 2009:17). Oslo: NIBR.
- Dyb, E., og Johannessen, K. (2013). *Bostedsløse i Norge 2012 – en kartlegging* (NIBR-rapport 2013:5). Oslo: NIBR.
- Dyb, E., Solheim, L. J., og Ytrehus, S. (2004). *Sosialt perspektiv på bolig*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Egeberg, M. (1989). Effekter av organisasjonsendring i forvaltningen. I M. Egeberg (red.), *Institusjonspolitikk og forvaltningsutvikling. Bidrag til en anvendt statsvitenskap*. Otta: TANO AS.
- Gautun, H., og Grønningsæter, A. B. (2012). *Bolig og helse. Samhandlingsreformens betydning for boligpolitikken* (Fafo-rapport 2012:3). Oslo: Fafo.
- Grønningsæter, A. B., og Nielsen, R. (2011). *Bolig, helse og sosial ulikhet. Helsedirektoratet 03/2011. IS-1857*. Oslo: Helsedirektoratet
- Hall, R. A., Clark, J. C., Giordano, P. V., og Rockel, M. V. (1976). Patterns of Interorganizational Relationships. *Administrative Science Quarterly*, 22(3), 457–474.
- Hanche-Dalseth, M., Bergem, R., og Aarflot, U. (2009). *Bosetting av flyktninger i kommunene. En studie blant bosettingskommuner i Møre og Romsdal* (rapport). Volda: Møreforskning Volda.
- Hanche-Dalseth, M., Yttredal, E. R., Bergem, R., og Ouff, S. M. (2010). *Boligsosialt utviklingsprogram. Delrapport 2010* (rapport nr. 11). Volda: Møreforskning.
- Helsedirektoratet. (2012). *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig rus- og psykisk lidelse – ROP-lidelser. Sammensatte tjenester – samtidig behandling*. Oslo: Helsedirektoratet.
- Jacobsen, D. I. (2004). *Organisasjonsendringer og endringsledelse*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke.
- Kommunal- og regionaldepartementet. (2011). *NOU 2011: 15 Rom for alle. En sosial boligpolitikk for framtiden* (978-82-583-1107-9). Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- Langsether, Å., og Sandlie, H. C. (2010). *Boligsosiale utfordringer og løsningern. En forstudie til Boligsosialt utviklingsprogram i Lørenskog kommune* (Notat nr. 8/2010). Oslo: NOVA – Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Langsether, Å., Sørvoll, J., og Hansen, T. (2008). *Fragmentert og koordinert. Organisering av boligsosialt arbeid i norske kommuner*. Rapport 18/08: NOVA – Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

- Læg Reid, P., Randma-Liiv, T., Rykkja, L. H., og Sarapuu, K. (2014). Introduction: Emerging Coordination Practices in European Public Management. I: P. Læg Reid, K. Sarapuu, L. H. Rykkja og T. Randma-Liiv (red.), *Organizing for coordination in the public sector. Practices and Lessons from 12 European Countries*. Basingstoke, England: Palgrave Macmillan.
- Ouff, S. M., og Hanche-Dalseth, M. (2009). Boligsosialt arbeid, medvirkning og flyktninger. Et forprosjekt som utforsker flykningers mulighet for medvirkning i kommunens boligsosiale arbeid (Notat nr. 17). Volda: Møreforskning. Hentet fra <http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=837&id=661>.
- Ouff, S. M., og Yttredal, E. R. (2012). *Boligsosialt arbeid og planlegging II* (Notat 1/2012). Volda: Møreforskning.
- Ouff, S. M., Yttredal, E. R., og Hanche-Dalseth, M. (2010). *Boligsosialt arbeid og planlegging* (Rapport nr. 22). Volda: Møreforskning.
- Rambøll (2010a). *Bærum kommune. Foranalyse av boligsosiale utfordringer* (sluttrapport). Oslo: Rambøll.
- Rambøll (2010b). *Lillehammer kommune. Foranalyse boligsosialt arbeid* (sluttrapport). Oslo: Rambøll.
- Riksrevisjonen (2008). *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til de vanskeligstilte på boligmarkedet*. Dokument nr. 3:8 (2007–2008).
- Sahlin, I. (2003a). Modelltänkande och värdering av olika modeller, i Bostedsløshet i Norden – forskning, politikk og praksis. I: E. Dyb (red.), *Bostedsløshet i Norden – forskning, politikk og praksis*. København: TemaNord 2003:523.
- Sahlin, I. (2003b). *The Staircase of Transition: Survival through failure. Paper to be presented in the ICCR seminar on Housing and Social Inclusion, Brussels, 16–17 January 2003*. ICCR seminar on Housing and Social Inclusion.
- Scott, W. R. (1981). *Organizations: Rational, natural, and open systems*. USA: Prentice Hall International.
- Shaw, M. (2004). Housing and public health. *Annual Reviews of Public Health, 25*(8), 1–8.
- Stangnes, R. (2014). Boligsosialt arbeid. Foredrag fra programsamling Boligsosialt utviklingsprogram for Husbanken Region Midt, 11. februar 2014.
- Sørvoll, J. (2011). Den boligsosiale vendingen. Norsk boligpolitikk fra midten av 1990-tallet i historisk perspektiv. I *Vedlegg i NOU 2011: 15: Rom for alle. En sosial boligpolitikk for framtiden* (s. 171–180). Oslo: Departementenes servicesenter. Informasjonsforvaltning.
- Ulfrstad, L.-M. (2007). Boligpolitikken og velferdsstaten. I: E. Brodtkorb og M. Rugkåsa (red.), *Under tak – mellom vegger. Perspektiver på boligens betydning i velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Ulfrstad, L.-M. (2011). *Velferd og bolig. Om boligsosialt (sam-) arbeid*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Bergem, R. (2014). *Eit spørsmål om verdier, tillit og fleksibilitet. Samordning av bustadsosiale tenester for menneske med samtidig rusliding og psykisk lidning* (Rapport nr. 55/14). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Eikrem, M. (2014). *Boligsosialt arbeid og organisering. Et utviklingsprosjekt for kommuner med utfordringer i å koordinere det boligsosiale arbeidet* (Notat 4/14). Volda: Møreforskning.

- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Straume, K. (2015a). *Samordning av boligsosialt arbeid i Nærøy kommune. Delrapport 4 fra kompetanseutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte»* (Notat 2015 nr. 4). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Straume, K. (2015b). *Samordning av boligsosialt arbeid i Oppdal kommune. Delrapport 2 fra kompetanseutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte»* (Notat 2015 nr. 2). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Straume, K. (2015c). *Samordning av boligsosialt arbeid i Rissa kommune. Delrapport 5 fra kompetanseutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte»* (Notat 2015 nr. 5). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Straume, K. (2015d). *Samordning av boligsosialt arbeid i Ørland kommune. Delrapport 3 fra kompetanseutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte»* (Notat 2015 nr. 3). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Straume, K. (2015e). *Samordning av boligsosialt arbeid. Sluttrapport fra kompetanseutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte»* (Notat nr. 6/2015). Volda: Møreforskning Volda.
- Yttredal, E. R., Bakke, G. K., Ouff, S. M., og Straume, K. (2015f). *Samordning av bustadsosialt arbeid i Volda kommune. Delrapport 1 fra kompetanseutviklingsprosjektet «Å koordinere det fragmenterte»* (Notat 2015 nr. 1). Volda: Møreforskning.
- Yttredal, E. R., Bergem, R., Bakke, G. K., og Ouff, S. M. (2014). *Mot ein modell for verdibasert matriseleing. Erfaringar frå arbeid knytt til koordinering av bustadsosialt arbeid i kommunane* (Notat nr. 5/2014). Volda: Møreforskning Volda.
- Yttredal, E. R., Ouff, S. M., og Hanche-Dalseth, M. S. (2011). *Iverksetting. Refleksjonsnotat knyttet til Boligsosialt utviklingsprogram* (Notat 3/2011: Møreforskning Volda).
- Yttredal, E. R., Ouff, S. M., og Hanche-Olsen, M. S. (2013). *Om å ha to fugler i hånden samtidig. Evaluering av boligsosialt utviklingsprogram. Sluttrapport. Rapport nr. 35*: Møreforskning Volda.

10

When theory is invisible and hidden in practice: a qualitative study of one entrepreneurship course

ULADZIMIR KAMOVICH AND KJERSTI KJOS LONGVA

SAMANDRAG Det finst i dag mange ulike tilnærmingar til å undervise i entreprenørskap. Ei aktuell tilnærming er å undervise entreprenørskap gjennom å nytte ein praksisbasert metode med innslag av handlingsorientert teori. Denne tilnærminga inneber at det teoretiske innhaldet kan vere meir eller mindre usynleg for studentane, men at dette skal oppdagast gjennom eksperimentelle framgangsmåtar. Dette kapittelet har som mål å undersøke korleis entreprenørskapsstudentar opplever undervisning der ein lærer handlingsorientert teori gjennom eit praksisbasert kurs. Vi gjennomførte seks personlege intervju med seks kursdeltakarar og gjorde ei deduktiv tematisk analyse for å undersøke funna. Analysen avdekkar to hovudtema som vi såg nærare på: balanse mellom teori og praksis, og nytte i det verkelege liv. Funna våre tyder på at studentane som vert intervjuar i all hovudsak bifell det å lære handlingsorientert teori i praksis gjennom eit slikt kurs. Sjølv om studentane vert noko perplekse over at teorien er usynleg, viser alle utanom ein student at dei likevel er bevisste på at teori er ein del av kurset. Vidare syner dei evner til å reflektere over og sjå samanhengar mellom det dei har lært gjennom kurset, og korleis dei kan gjere nytte av dette i det verkelege liv.

ABSTRACT Today, entrepreneurship education embraces a diverse variety of approaches to teaching. One alternative approach is the concept of teaching entrepreneurship by using a practice-based approach grounded in actionable theory. This approach implies that theoretical content can be more or less invisible to students, but is to be discovered through experimental practices. This article aims to study how entrepreneurship students perceive the experience of learning actionable theory through a practice-driven course. We conducted six face-to-face interviews with six course participants and used a deductive thematic analysis to review data. The analysis

revealed two key themes of importance: the theory-practice balance and real-life application. Our findings suggest that, by and large, the practice of actionable theory finds approval among the students interviewed. Although the invisibility of theory does perplex the informants, all except one student demonstrated awareness of theory being present in the course. Furthermore, they display abilities to reflect upon and make connections between what they have learned during the course and its real-life applicability.

KEYWORDS practice-based entrepreneurship education | actionable theory | theory-practice balance

INTRODUCTION

Flere teoretikere snakker da også om menneskers læring eller individets læring heller enn barnets læring når de omtaler læringsteoriene, f.eks. Säljö (2001) i sin bok om sosiokulturell teori. Han nevner eksplisitt at teorien om den nærmeste utviklingssonen også kan gjelde voksne (s. 125), det samme gjør Wells (1999). Wells (1999, 2000) beskriver hvordan læring er noe som fortsetter gjennom hele livet etter som nye situasjoner skaper nye muligheter for videre utvikling, og han hevder at man kan finne grunnlag for en slik bredere tolkning av den sosiokulturelle læringsteorien også i Vygotskijs egne tekster. Om behaviorismens lærings-

former skriver Tetzchner (2012) at læringsmekanismene ikke endrer seg, bare innholdet i læringen. Det er dermed støtte for å anvende læringsteorier for å forstå læring i et livsløpsperspektiv, men her er det grunnlag og behov for mer forskning.

Vi kan nå vende oss til et mer praktisk og anvendt spørsmål: «Hvordan kan læringsutbyttet i *Mikrokontrollere* bli enda bedre?» Analysen vår gir flere nyttige svar.

Studentene etterlyser mer undervisning, altså tid hvor lærere forklarer hva de skal gjøre og hvordan ting henger sammen. Det er imidlertid ikke åpenbart at det studentene etterlyser nødvendigvis er flere tradisjonelle forelesninger. Særlig ikke siden mange av studentene ærlig innrømmer at de synes forelesningene ofte er kjedelige, gir dem lite utbytte og ikke fører til læring. Studentene er samstemte i at det er på labben læringen skjer. Det er tydelig at lærerstyrt undervisning ikke kan stå for seg selv. I stedet trenger vi «støttende stillas» som hjelper studentene til å lykkes på labben.

Et sentralt spørsmålet er da hvordan vi best kan bruke tilgjengelige lærerressurser til å bygge et godt stillas. Flere studenter nevner selv at de kanskje ønsker mer individuell veiledning på labben, heller enn tradisjonelle forelesninger. Utfordringen er at individuell veiledning krever mer ressurser, så man må søke etter løsninger som er mer effektive enn tradisjonelle forelesninger, samtidig som de henvender seg til studentene i plenum.

Et problem med forelesningene som vi kjenner, er lengden, typisk to timer. Det betyr at støttepunktene i stillaset er tykke og solide, men avstanden mellom dem er stor. Studentene har langt å gå uten støtte, og når de setter seg på et støttepunkt, finnes der ingen utfordring, og det er lett å sovne.

Vi kan illustrere det samme problemet gjennom den nærmeste utviklingssonen. Sonen er ofte ikke stor, dermed vil en lang forelesning ofte måtte dekke materiale som går langt forbi den nærmeste utviklingssonen og inn i framtidig kompetanse. Det er i beste fall det materialet som faller innenfor den nærmeste utviklingssonen studenten er i stand til å nyttiggjøre seg. Resten er bortkastet tid.

Løsningen må derfor ligge i forelesning i små porsjoner, slik at studenten rekker å lære mellom hver gang læreren snakker, og dermed flytte den nærme utviklingssonen. Slike små porsjoner kan implementeres på ulike måter. Studentene nevner både korte plenumstaler innskutt i labtimene og videoforelesninger som de kan nyte når det passer. Begge deler er mulig, og de kan kombineres.

Individuell veiledning kan også være viktig. Forholdet mellom lærernes tid til plenumstaler og tid til individuell veiledning kan muligens optimaliseres, men det er en krevende vurdering som ikke kan gjøres på generelt grunnlag. Flere studentassistenter på labben, og at disse er tilgjengelige flere dager/timer, var et annet forslag som kom opp.

Oppgaveutformingen må også sees i sammenheng med den nærmeste utviklingssonen. Progresjonen må være slik at hver oppgave ligger innenfor den nærmeste utviklingssonen, slik at den er løsbar samtidig som den utvider kompetansen. Ved å utvide kompetansen flyttes den nærmeste utviklingssonen slik at neste oppgave faller innenfor. Verken for krevende eller for enkle oppgaver er effektivt, og dette kan kreve differensiering av oppgavene. God oppgavetekst kan også bidra til et godt støttende stillas.

At studentene får oppgaver innenfor sin egen nærmeste utviklingssone vil igjen kunne påvirke studentenes opplevelse av mestring. Undersøkelsen fra høsten 2014 (Oltedal et al., 2015) fant som nevnt at studentene hadde det bra sosialt. Derimot oppga de at de i mindre grad opplevde mestring av studiet. Dette kan bety at studentene føler at fagene er for vanskelige, og at de ikke får til det de prøver på, men det kan også bety at studentene ikke får utfordringer og opplevelsen av å mestre noe nytt. Manglende opplevelse av mestring påvirker både læring og motivasjon negativt (Stipek, 2002). Dette må derfor tas på alvor, både for å motvirke at studenter slutter, men også for at studentene skal få et best mulig resultat. I vår studie fant vi at mange av studentene ikke opplevde at nivået på emnet var tilpasset dem, noen syntes emnet var for vanskelig, mens andre etterlyste større utfordringer.

Det må derfor jobbes mer med å utforme optimale labøvelser som kan skape mestring hos alle studentene. Graderte oppgaver var et forslag fra studentene, oppgaver hvor noe er obligatoriske, mens andre deler er valgfri, var et annet. Problemstillingen som vi tidligere har nevnt rundt oppdagelseslæring og hvor tidkrevende dette er, må også sees som en del av dette. Likeså blir det viktig å se på hvordan vi kan legge oppgavene til rette for studenter på ulikt nivå, samtidig som alle studentene skal nå de samme læringsmålene og skal opp til samme eksamen.

Målet må være at alle studentene skal oppleve læring og mestring i emnet *Mikrokontrollere*, og også at alle studentene som en følge av dette skal bestå eksamen. Det er mange utfordringer for å nå dit. I vår studie som har fokusert på læring, har studentene kommet med mange innspill til hvordan læringen kan bedres. Som vi har sett i dette kapitlet, harmonerer det studentene sier med etablerte læringsteorier. Ved å gå inn i disse læringsteoriene kan vi bedre forstå det studentene sier om sin egen læring, og det gir oss et verktøy for å analysere virksomheten vår. Her kan vi også finne inspirasjon og ideer til hvordan vi kan jobbe videre for å bedre kvaliteten på læringen. Tradisjonelt har læringsteorier stått sentralt i undervisningen i grunnskolen, hvor både Piagets og Vygotskijs ideer har hatt stor betydning for det som skjer i klasserommene. Som vår gjennomgang har vist, kan teoriene være like nyttige for å forstå læring i høyere utdanning og være med på å gi retning for hva det må fokuseres mer på.

LITTERATUR

- Askland, L., og Sataøen, S. O. (2014). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Bjørnstad, Ø. (2005). *Om konstruktivismen* (nr. 12/2004). Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Bryman, A. (2008). *Social Research Methods* (3rd ed.). Oxford: Oxford University Press.
- Bråten, I. (red.). (1996). *Vygotsky i pedagogikken*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Buli-Holmberg, J. og Ekeberg, T. R. (2009). *Likeverdig og tilpasset opplæring i en skole for alle*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gibbings, P., og Bowtell, L. (2013). *Student focus groups*. Paper presented at AAEE Conference, Queensland, Australia.
- Hegerholm H., Hedestig, U. og Klæbo, G.-T. (2015). Crossing borders between education and work-places. I: Norsk konferanse for organisasjoners bruk av IT (red.), *Norsk konferanse for organisasjoners bruk av IT* (Vol. 23, No. 1: NOKOBIT 2015), ISSN: 1894-7719.
- Hundeide, K. (1985). *Piaget i skolen* (2. rev. utg.). Oslo: Cappelen.
- Imsen, G. (1998). *Elevens verden: Innføring i pedagogisk psykologi* (3. utg.). Oslo: Tano Aschehoug.
- Krueger, R. A., og Casey, M. A. (2009). *Focus groups: A practical guide for applied research* (4th ed.). Los Angeles, Calif: Sage.
- Oltedal, G., Edvardsen, Ø., Hellen, K. og Hellevik, G. (2015). *Utpøring av metode for å motvirke frafall*. Paper presentert på MNT-konferansen 2015, Bergen.
- Schaathun, W. A. og Schaathun, H. G. (2015). Dypevaluering av studentenes læring – er fokusgrupper svaret? I: Norsk informatikkonferanse (red.), *Norsk informatikkonferanse (NIK 2015: Ålesund)*. ISSN: 1892-0721.
- Schaathun, W. A., Schaathun, H. G. og Bye, R. T. (2015). Aktiv læring i mikrokontrollarar. *Uniped*, 38(4), 381–389.
- Skaalvik, E. M. og Skaalvik, S. (2013). *Skolen som læringsarena: Selvoppfatning, motivasjon og læring* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sotto, E. (2007). *When teaching becomes learning: A theory and practice of teaching* (2nd ed.). London: Continuum.
- Stipek, D. J. (2002). *Motivation to learn: Integrating theory and practice* (4th ed.). Boston: Allyn and Bacon.
- Svartdal, F. (1998). *Læringspsykologi*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Sæbø, S., Almøy, T. og Brovold, H. (2015). Does academia disfavor contextual and extroverted students? *Uniped*, 38(4), 274–283.
- Säljö, R. (2001). *Læring i praksis. Et sosiokulturelt perspektiv*. Oslo: Cappelen forlag.
- Tetzchner, S. v. (2012). *Utviklingspsykologi* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Wells, G. (1999). *Dialogic Inquiry. Toward a Sociocultural Practice and Theory of Education*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Wells, G. (2000). Dialogic inquiry in education: Building on the legacy of Vygotsky. I: C. D. Lee og P. Smagorinsky (red.), *Vygotskian perspectives on literacy research*. New York: Cambridge University Press.
- Wiberg, M., Qvortrup, A. og Bengtsen, S. S. E. (2013). *Læringsteori og didaktik*. København: Hans Reitzels Forlag.

14

Barnehagelærerutdanninga

Nye utdanningsvegar og nye utfordringar

TORHILD LILLEMARCK HØYDALSVIK OG LARS GULBRANDSEN

SAMMENDRAG Tilboda innan fleksibel læring er med å endre det pedagogiske landskapet i Europa. Dette kapittelet spør om korleis nye kvalifikasjonsspor i lærarutdanninga endrar grupper av studentar som vert rekrutterte til universitet og høgskular i Norge. Konteksten er barnehagelærerutdanning i eit livslang læring-perspektiv, og vi undersøker moglege innverknader programma kan ha for studentpopulasjonen. Ei kvantitativ tilnærming vert nytta ved hjelp av registerdata frå Statistisk sentralbyrå, av personar som arbeider i barnehage under utdanninga, eller jobbar som barnehagelærarar i åra 2006 til 2012. I tillegg kjem data frå ei undersøking gjennomført våren 2012 der respondentane var studentar ved sju av dei ni utdanningsinstitusjonane som då tilbød arbeidsplassbasert lærarutdanning. I perioden har vi funne fire utdanningsspor som avviker vesentleg i studielengd, kva studenten er pålagt å gjere, eller kan gjere i løpet kvalifiseringsperioden. Kapittelet viser nokre av dei vanlegaste kjenneteikna studentgrupper har, som variasjon i alder og stabilitet, lojalitet og sosial bakgrunn. Resultata viser ulike vilkår for alder og tilnærming til praksisfeltet. Gjennomsnittsalderen har auka i perioden, og ser ut til å vere påverka av fleksibel læring. Vi fann at meir enn 30 prosent av studentane i 2012 kombinerte studiar med arbeid i barnehagar. Vi diskuterer resultata og utfordringane, i mellom andre Biesta, Heggen og Smeby sine teoretiske perspektiv.

ABSTRACT The pedagogical landscape in Europe is changing through new ways of flexible learning. This chapter highlights last year's change in types of programmes offered at universities and university colleges in Norway relating to lifelong learning. The context is Teacher Education, and we examine possible influences the programs may have for the student population. The research question is: In what way have new qualification tracks in Early Childhood Teacher Education changed the student group? A quantitative approach is implemented using registered data compiled from Statistics

Norway on people working in kindergarten during the education or working as kindergarten teachers from 2006 to 2012. In addition, data from a survey in the spring of 2012 with respondents studying at seven of the nine institutions offering workplace-based teacher education is used. In the period 2006–2012 we found four trends in education that differ substantially in length of study, what the student is required to do, or may do during study qualification period. This article shows some of the common characteristics the student groups have, such as the variety in age and stability. We examine students that combine teacher training with education-based employment and their loyalty to the workplace. The results show differences in prerequisites, age and approach to the practice field. The average age increased during the period, and seems to be affected by flexible learning. We also found that more than 30 percent of the students in 2012 combined studies with employment in kindergartens. We discuss the results and the challenges in the theoretical perspectives of among others, Biesta and Heggen & Smeby.

NØKKELORD barnehagelærerutdanning | kvalifisering | rekruttering | arbeidsplassbasert utdanning | fleksibel læring

INTRODUKSJON

Over tid har det opna seg fleire vegar fram til ei fullverdig utdanning som barnehagelærer. Fleire av kvalifiseringsvegane er bygde opp som fleksibel utdanning i eit livslang læring-perspektiv (Grepperud, 2008). Endringar i høgskulelandskapet gir nye læringsformer (European Union, 2015) og i Noreg står NOU 1997: 25 som ein merkestein for når det vart eit brot i dei meir tradisjonelle tankane om oppbygging av lærarutdanningane. Kunnskapsdepartementet (2007) sin strategi for rekruttering av førskulelærarar, eller av barnehagelærarar, som profesjonen heiter frå 2013, opna for utvikling av fleksibel utdanning i meininga å tilpasse seg vaksne studentar. Utover frå 2006 har vi fått lærarutdanningar i form av e-læring, samlings- og arbeidsplassbaserte studieprogram, ofte med partnerskapsavtale mellom studenten sin arbeidsgjevar og utdanningsinstitusjonen. Målgruppa har mellom anna vore assistentar som alt jobbar i barnehagen, men som blir rekrutterte inn i deltidsbasert utdanning til kombinasjonen yrkes- og studentliv.

Fleksibel utdanning er også aktualisert på bakgrunn av manglande rekruttering til barnehagelæreryrket. For like lenge som vi har hatt barnehagar i Noreg, har vi hatt problem med å fylle desse med tilstrekkeleg mange tilsette med den naudsynte utdanningsbakgrunnen. Problemet skuldast lenge at barnehagelærarane valde å slutte kort tid etter at dei hadde teke eksamen. I den tidlege norske forskinga om

barnehagelærarar var det derfor vegane ut av barnehagen som fekk størst merksemd, om kva utgangar som vart valde av kven og kvifor (Holt, 1972, Nafstad, 1976, Pedersen og Pettersen, 1981, 1983). Sidan fråfallet kom så tidleg, vart barnehagelærarstudentane sine framtidsplanar eit særleg interessant forskingsspørsmål (Bastiansen, 1985, Gulbrandsen, 2005), men det er ikkje lenger slik at det er unge jenter som vert rekrutterte inn for berre å stå i yrket nokre få år. Barnehagetilsette med utdanning som barnehagelærer er no barnehagane si mest stabile arbeidskraft. Denne yrkesgruppa har rett og slett slutta å slutte (Gulbrandsen, 2015).

Men det er forska lite på korleis ulike kvalifiseringsvegar, med heiltidsutdanninga og ulike deltidsutdanningar, har vore med å endre studentgruppene. Vi veit også for lite om kva endringa har å seie for profesjonsutdanninga og aktørane der. Dette kapittelet prøver å beskrive ulike kvalifiseringsvegar fram til barnehagelærer, og studentgruppene sine fellestrekk og ulikskapar. Eit særleg fokus har vi på studentane i dei arbeidsplassrelaterte utdanningane. Dei er spurde om korleis dei opplever utdanninga og utdanningskompleksiteten grunna sin noko annleis måte å kombinere teori og praksis på. For desse studentane arbeider allereie enten på dispensasjon i ei stilling som krev at ein har fullført profesjonsutdanninga, eller på ein arbeidsplass der profesjonen skal utgjere ein viss del av dei tilsette, samtidig som dei er under kvalifisering til profesjonen. Problemstillinga er:

På kva måte har nye kvalifiseringsvegar i barnehagelærerutdanninga endra studentgruppene?

Med omgrepet studentgruppe forstår vi dei ulike utdanningsprogramma innanfor barnehagelærerutdanning sine grupper. Vi set søkjelys på desse kvalifiseringsvegane ved norske universitet og høgskular som fører fram til formelt godkjend barnehagelærer. Med ei kvantitativ tilnærming undersøker studien fellestrekk for studentgruppene, og særleg kvalifiseringsløpet til dei som står med den eine foten i utdanninga og den andre i praksisfeltet.

METODE

To type data er brukte for å svare på spørsmåla om dei ulike kvalifiseringsvegane og studentgruppene der. Det første er registerdata frå Statistisk sentralbyrå, oppdaterte fram til og med hausten 2012, og henta ut i 2014. Dei omhandlar alle med fullført utdanning som barnehagelærer, alle som i 2012 var under utdanning til å bli det, og dei som tidligare hadde vore innom slik utdanning utan å fullføre. Data omfattar også alle som hadde jobba i en barnehage 1. oktober 2003, 2005, 2007, 2009, 2011 eller 2012. Den viktigaste er andelen av dei med barnehagelærerutdanning som jobbar i ein barnehage. Men også noverande og tidlegare studentar kan

klassifiserast etter om dei på eitt eller fleire av dei nemnde tidspunkta har jobba i ein barnehage. Vidare er data samla inn gjennom ei spørjeundersøking ved sju av dei ni institusjonane som våren 2012 tilbød den arbeidsplassbaserte utdanninga. Spørjeundersøkinga gjekk til dei deltakande studentane som kombinerte studiet med arbeid i barnehage. Elektronisk spørjeskjema vart nytta i ein populasjon på 405 studentar, der 371 vart gjort tilgjengelege, med ein svarprosent på 44,2. Studentane, som var frå både 1., 2., 3. og 4. studieår, vart spurde om sin bakgrunn, erfaringar, opplevingar og forståing av studentrolla (Høydalsvik, 2014a, s. 107 ff.). Svarprosenten på spørjeundersøkinga er forholdsvis låg. Noko skuldast at det var studentane sine e-adresser ved utdanningsinstitusjonane som vart nytta i datainnsamlinga. Dette gav oss for lite nærleik til informantane. Sjølv om vi ikkje har funne prov på at den låge svarprosenten skaper skeivheit i datamaterialet, gjer den låge svarprosenten at desse data må nyttas med varsemd. I høve metodekritikk, forstår vi med vårt kjennskap til feltet at kven som vert godskriven å vere utdanna barnehagelærar er uoversiktleg. KOSTRA-tala som barnehagane, barnehageeigarar og kommunane som barnehagemyndigheit sjølve melder, er ofte ikkje samsvarande med registerdata til Statistisk sentralbyrå (Gulbrandsen, 2008).

BAKGRUNN

For tidsperioden 2006–2015 har vi identifisert fire ulike kvalifiseringsvegar fram til godkjend barnehagelærerutdanning. Desse gir grunnlag for tilsetting som barnehagelærar etter lov om barnehagar 2005 med endringar i 2013. Utgangspunktet for valde tidsperiode er at i 2006 opna departementet for to nye utdanningsvegar: arbeidsplassbasert utdanning og eit påbyggingsspor for nokre typer bachelorgrader. På det tidspunktet var gjeldande rammeplan for utdanninga vedteken i 2003 og retningsgjevande fram til *Nasjonalt forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning* (Kunnskapsdepartementet, 2012) vart sett i verk 2013. Kvalifiseringsvegane vi finn, skil seg frå kvarandre etter kor lange dei er, og etter kva ein kan eller må gjere samstundes med kvalifisering. Som tabell 1 syner, let det seg også gjere å kome inn på vegen sitt sluttstykke, dersom studenten frå tidlegare har ei adekvat bachelorgrad.

TABELL 14.1: ULIKE KVALIFISERINGSVEGAR TIL Å BLI BARNEHAGELÆRAR.

| | Kvalifiseringsveg | Omfang | Kjenneteikn og formelle krav |
|--|-------------------|---|--|
| Kvalifiseringsveg 1: Heiltidsutdanning | 3-årig | 180 sp. (60 sp. pr. år) 100 % studiebelastning | BLU. Heiltidsstudium med normal studiebelastning. Inneheld 100 dagar rettleia praksis i barnehage. |
| Kvalifiseringsveg 2: Deltidsutdanning | 4-årig | 180 sp. (45 sp. pr. år) 75 % studiebelastning | BLU-D. Samlingsbasert. Deltidsstudium der studenten ikkje treng å arbeide i barnehage. Inneheld 100 dagar rettleia praksis i barnehage. |
| Kvalifiseringsveg 3: Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning. | 4-årig | 180 sp. (45 sp. pr. år) 75 % studiebelastning | ABLU. Samlingsbasert, men stor grad av nettbasering og undervisning ved e-læringsplattform. Kjenneteikna ved partnerskapsavtale mellom arbeidsgjevar og utdanningsinstitusjon. Studenten må arbeide i barnehage minst 40 % stilling. Barnehagen er godkjend som ein av dei formelle læringsarenaene. Inneheld 100 dagar rettleia praksis i barnehage. |
| Kvalifiseringsveg 4: Barnehagepedagogikk, deltid | 2-årig | 30 + 30 sp. (30 sp. pr. år) 50 % studiebelastning | BARNEHAGEPEDAGOGIKK 30 SP. og SMÅBARNSPEDAGOGIKK 30 SP. Studenten må arbeide i barnehage under studiet. Byggjer på tidlegare fullført 180 sp. Må ha fullført ei av dei spesifikke bachelorgradane: allmennlærer-/grunnskulelærarutdanning, faglærarutdanning med godkjenning for undervisning i 1.–4. klasse, bachelor, spesialpedagog eller barnevernspedagog. Inneheld 10 dagar rettleia praksis i barnehage. |

Det er stor skilnad på forkrav og antal år utdanningsvegane tek. Vidare ser vi at innhaldet i kvalifiseringsveg 1, 2 og 3 er tilnærma like, men rammefaktorane for studentgruppene er ulike. Kvalifiseringsveg 4 er den som skil seg mest frå dei andre. Nokre utdanningar med pedagogikk og kunnskap om barn og samfunn vert godkjende til vidare påbygging til barnehagelærer. Lov om barnehagar § 18 stiller krav om godkjent utdanning som barnehagelærer berre til ei av stillingane i barnehagane, nemleg pedagogisk leiar. Tidlegare omhandla utdanningskrav også styrar, men frå 1. januar 2009 opna barnehagelova for at styrar ikkje treng å ha barnehagelærerutdanning, men «Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse. Barnehagen ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen høyskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse» (Barnehageloven, 5 § 17).

Det tyder at i vårt datamateriale kan gjeldande styrarar med godkjend utdanning også til dømes vere grunnskulelærarar. Barnehagen sine pedagogiske leiarar, derimot, må ha utdanning som barnehagelærer. Nokre treårige pedagogiske utdanningar på høgskulenivå med 60 studiepoeng påbygging i barnehagepedagogikk er definerte som likeverdig utdanning. I tabellen er dette kvalifiseringsveg 4.

Barnehagelæraren står i ei personalgruppe samansett av ein ikkje uvesentleg prosent personar utan barnehagelærerutdanning. Ifølgje KOSTRA-tala¹ frå desember 2014 som barnehagane rapporterte inn, hadde 90 prosent av styrarane og pedagogiske leiarar godkjent utdanning. I 2003 var andelen 87,3 prosent. Andelen tilsette med godkjent barnehagelærerutdanning har auka frå 31,7 prosent i 2007 til 34,5 prosent i 2014 av dei tilsette i barnehagane. Ifølgje tala frå Barnehagefakta.no,² har 39,2 prosent av dei tilsette utdanning som barnehagelærer, 4,3 prosent anna pedagogisk utdanning, medan 16,7 prosent har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Andelen av barnehagane som ikkje har nokon på dispensasjon frå utdanningskravet, har også auka. Dei omfattar no for første gong meir enn halvparten av alle barnehagane (Statistisk sentralbyrå, 2015). Med utgangspunkt i dei fire kvalifiseringsvegane i tabell 1, er det eit spørsmål kven denne utdanninga vert tilboden, og korleis studentgruppene trer fram. Tabell 2 summerer opp registerdata (sjå også Gulbrandsen, 2015, s. 13 ff.).

1. KOSTRA er barnehagemyndigheit og kommunane sin årlege rapportering til Staten og er ei database med nøkkeltall og grunnlagsdata.

2. Barnehagefakta.no er basert på Utdanningsdirektoratet sin database over alle norske barnehagar.

TABELL 14.2: PERSONAR I DATAUTTAKET ETTER DEIRA FORHOLD TIL BARNEHAGELÆRARUTDANNING OG ARBEID I BARNEHAGE 2012. ALLE OG DEI SOM HAUSTEN 2012 VAR UNDER 68 ÅR OG BUSETTE I NOREG (REGISTERDATA, SSB).

| | Alle i data- uttaket | Alle i datauttaket som hausten 2012, var busette i Noreg og under 68 år |
|--|-------------------------|--|
| Fullført barnehagelærerutdanning og tilsett i barnehage hausten 2012 | 25 224 | 25 070 |
| Har ikkje fullført barnehagelærerutdanning og tilsett i barnehage hausten 2012 | 2674 | 2651 |
| I gang med barnehagelærerutdanning og tilsett i barnehage hausten 2012 | 2346 | 2313 |
| Resten av dei tilsette i barnehagane hausten 2012 | 63 108 | 58 679 |
| Fullført barnehagelærerutdanning, men ikkje tilsett i barnehage hausten 2012 | 24 014 | 21 315 |
| Avbrotten barnehagelærerutdanning, men ikkje tilsett i barnehage hausten 2012 | 10 643 | 10 106 |
| I gang med barnehagelærerutdanning, men ikkje tilsett i barnehage hausten 2012 | 5365 | 5267 |
| Ikkje tilsett i barnehagen 2012, men har vore tilsett på minst eitt av desse tidspunkta: hausten 2003, 2005, 2007, 2009 eller 2011 | 82 531 | 72 809 |
| Personar totalt: | (215 905) | (198 210) |

Barnehagen står for ein ikkje ubetydeleg vekst på utdanningsfeltet. Ser vi på personalet i barnehagane og dei som arbeider direkte med heile barnegruppa, altså dei pedagogiske leiarane og assistentane, er det ein auke med over 8000 årsverk frå 2008 til 2014 (Utdanningsdirektoratet, 2014). No har vi sett på konteksten studien vår står i. Vi går så over til å seie noko om lærarutdanning som forskingsfelt, og presenterer studien sine teoretiske perspektiv.

LÆRARUTDANNING SOM FORSKINGSFELT

Både nasjonalt og internasjonalt er lærarutdanningsforskning eit veksande felt. Senter for profesjonsstudier ved Høgskulen i Oslo og Akershus gjennomfører ein longitudinell forskingsstudie (Heggen og Smeby, 2012) der studenten sin profesjonskvalifisering og oppleving av meningsfulle samanhengar står sentralt. Fleire doktoravhandlingar har kome nær barnehagelærarstudenten og utdanningsprogrammet, mellom dei Steinnes (2014). I ein intervjustudie av studentar på veg ut til yrket, drøftar ho mellom anna om deltidsutdanningane handlar meir om å få sertifisert den praksiskunnskapen studenten allereie har, eller om det sentrale er kvalifiseringa til eit yrke (Steinnes, 2013). SINTEF (2014) har ein studie om studiekvalitet i lærarutdanninga. I ein oppfølgingsstudie spør dei etter studentane i arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning, no ABLU i kvalifiseringsveg 3, si oppfatning av studiekvalitet. I motsetning til heiltidsstudenten set ABLU-studentane meir pris på teoriundervisninga ved lærestaden enn på praksisopplæringa i praksisbarnehagane. Rapporten konkluderer med at det er uklart i kva grad det er studentane sin bakgrunn eller studiemodellen som slår sterkest ut i studentane si kvalifisering (SINTEF, 2014). Internasjonalt finst det fleire forskingsmiljø med vekt på lærarutdanningsforskning og studentane si kvalifisering. Hammerness (2006, 2012) er oppteken av koherens og meningsskaping for lærarstudentane i Nederland, USA og Norge. Cochran-Smith (2013) frå Boston studerer lærarutdanningane i eit heilskapsperspektiv. Forholdet mellom teori og praksis, samt studentbakgrunn ved rekruttering til dei nordiske lærarutdanningane, arbeider mellom andre Persson (2011) og Bertilsson (2009) med.

TEORETISKE PERSPEKTIV

I kapittelet spør vi på kva måte nye kvalifiseringsvegar til barnehagelærer har endra studentgruppene. Heiltidsstudenten vert forstått å stå i ordinære studieløp med 100 prosent studiebelastning, medan studenten i deltidsstudium og arbeidsplassnære utdanningar er ein del av fleksibel utdanning (Grepperud, 2008). Utdanninga er fleksibel fordi den er tilpassa ei anna målgruppe enn ungdom som tek til med høgre utdanning tett etter vidaregåande skule. Slik forstår vi studenten i fleksibel utdanning å vere over 25 år med både arbeids- og livserfaring, der studentrolla berre er ei av mange vaksenroller.

Rekruttering til barnehagelærarutdanninga drøftar vi i lys av nordiske forskarar som støttar seg til Bourdieu (1986) sin teori der kapital er definert ut frå kultur, økonomiske, akademiske og politiske felt (Broady, 2011, Bertilsson, 2009,

Hultqvist og Palme, 2009). Resultata viser at frå midten av 1990 og framover vert barn av lærarar i mindre grad lærarar sjølve, og det å utdanne seg til barnehagelærar vart ei betydingsfull utdanning for *arbeiderklassens døtrer* (Bertilsson, 2009, s. 36). Ein auka del av lærarstudentane i Sverige kjem frå såkalla «studieovana hem, där föräldrarna har liten erfarenhet av egna studier, er förhållandevis stor» (Bertilsson, 2009, s. 28 ff.). I Noreg har Gulbrandsen (2008) vist til ei tilsvarande endring.


Barnehagelæraren har gått frå å vere ei yrkesgruppe som hadde profesjonsroller ein kunne få inntrykk av at «alle kunne greie», til ein profesjon som byrjar å finne si form (Gulbrandsen, 2015). Utdanninga fram til profesjonen er samansett, og studentane arbeider mot å kunne utøve eit komplekst barnehagelæraryrke. No er det ikkje berre kunnskapsorienterte endringar hos studenten som skal gå føre seg i utdanningstida. I eit danningperspektiv vert barnehagelæraren budd til å utøve leiaroppgåver overfor personalgruppa og møte barna sine behov for omsorg, læring og danning. Det er viktig at studenten i utdanninga får arbeide med spørsmålet «Kven er eg?». Dette fordi studenten vert danna til leiar og teambyggar overfor vaksne med ulike utdanningsbakgrunnar (Brostrøm, 2011).

Utdanningsfilosofen Gert Biesta (2014) seier at utdanning er ein kompleks affære. Den står i ein spørjande tradisjon der den mangefasetterte hensikta med utdanning er både formål, form og balanse. Biesta, som har ståstad i pragmatismen, har tre utdanningsdomene for å analysere og forstå betre studenten. Han nyttar omgrepa utdanning som prosess for *kvalifisering, sosialisering og subjektivisering* (Biesta, 2014).

Kvalifisering er kanskje den tydelegaste dimensjonen å få auge på i utdanninga. Den består av studenten sine læringsutbytte, ferdigheiter og kompetansar medan sluttproduktet er sertifisering i form av eit vitnemål.

I utdanning er sosialisering ein sentral dimensjon. Det handlar om treninga til barnehagefagleg arbeid ut frå å initiere eksisterande tradisjonar, kulturar, handle- og veremåtar. Dette skjer delvis medvite i form av sosialisering til barnehagelæraren sitt fagområde, og til barnehagekulturen. Tradisjonane, kulturell tilknytning og danning av profesjonsidentiteten er her sentrale aspekt (Biesta, 2014).

Subjektivisering er den tredje dimensjonen i utdanning. Subjektivisering vert forstått som den delen av sosialiseringa som omhandlar subjektet si danning og eiga identitetsskaping (Biesta, 2014). At dei personlege kvalitetane og eigenskapane vert forma av læring og utvikling i møte med undervisning, faglitteratur, praksisperiodar og ein lærande fellesskap.



Figur 14.1: Utdanninga sine tre domene. (Høydalsvik, 2016, etter Biesta, 2014)

Dei tre dimensjonane heng saman. Samtidig som dei nokre gonger gjensidig kan styrke kvarandre, vert dei andre gongar motstridande eller sjølvmotseiande (Biesta, 2014). Saman med omgrepet fagleg dømekraft, seier Biesta at dimensjonane kan vere nyttige til refleksjonar omkring utvikling av kunnskap, ferdigheiter og det å bli kvalifisert. Slik kan det i større grad utviklast ein medviten dømekraft og fagleg refleksjon.

Heggen og Smeby (2012) si forskning bygger mellom anna på Harald Grimen (2008) sin teori om dei *praktiske syntesane*, då berre den praktiske utøvinga av yrket kan integrere elementa som profesjonsutdanningane er oppbygde av. Oftast er dette element frå ulike akademiske tradisjonar og disiplinær, og dei kan til og med sprike i ulike retningar. Heggen og Smeby (2012) har studert profesjonsutdanningane sine utfordringar med å tone seg inn til studentane si meningsskaping eller koherens. Omgrepet koherens har dei brote ned til: 1) *biografisk koherens* som er studenten sine tidlegare erfaringar og den støtta erfaringane gir i meningsskapinga, 2) *programkoherens* som tyder at utdanningsprogramma har ei oppbygging som støttar studenten si læring og meningsskaping gjennom å vere heilskaplege og indre koherente. Programkoherensen er sterk når undervisningsinnhaldet, strukturen, teorien, praksisperiodane og vurderingsformene samsvarar. Koherensen er sterkare der undervisninga si hensikt og målsetjing vert uttrykte og er plasserte nær profesjonsarenaen, eller praksis. Til sist er 3) *overgangskoherens* som tyder at studentane i lærarutdanninga kontinuerleg arbeider med å skape samanhengar i overgangen mellom utdanning og yrke, og mellom teoretisk ståstad og praksisfeltet

(Heggen og Smeby, 2012). Utdanningsinstitusjonane har høve til å styrkje overgangskohærensens og støtte studentane si meiningsskaping ved at utdanninga vert meir framoverpeikande, yrkesnær og nærare profesjonsutøvarane.

Michael Eraut (2004, 2008) undersøker i sine studiar studenten som kombinerer utdanning med arbeid i barnehage, og også læring på arbeidsplassen. Eraut viser at læring vert fremja ved utvikling av evna til å teoretisere den erfaringsbaserte kunnskapen erverva gjennom praksis. Dersom ein har dårleg utvikla evne til å teoretisere, vert ein lettare fanga i erfaringane og held fram med å stadfeste den erfaringsbaserte kunnskapen. Ein kjem ikkje vidare i utviklinga fordi ein lett står utan metaperspektiv, eller eit språk til å analysere praksisen sin i. Læring skjer i spenninga mellom teori og praksis, og lærarutdanninga må gje studenten vilkår for å meistre å teoretisere praksisen sin. Først når studenten meistrar dette, vert han/ho forstått som profesjonell utøvar (Eraut et al., 1998, Eraut, 2004). Vi går no over til å presentere studien sine resultat, før vi drøftar dei i lys av valde teoretiske perspektiv.

RESULTAT

Gjennom analysar av datamaterialet trødde nokre fenomen fram. Resultata vart synlege som dei fem kategoriane: studentane sin erfaringsbakgrunn, alder, stabilitet, lojalitet og rekrutteringsmønsteret i høve sosial bakgrunn.

ERFARING FRÅ BARNEHAGE

Ei stor gruppe studentar har med seg mange erfaringar frå barnehagekvardagar i møte med studiet. Tabell 3 fortel kor mange av dei som var registrerte som barnehagelærarstudentar hausten 2012, også var tilsette i ein barnehage.

TABELL 14.3: BARNEHAGELÆRARSTUDENTAR HAUSTEN 2012 ETTER OM DEI VAR TILSETTE I EIN BARNEHAGE ELLER IKKJE (FRÅ REGISTERDATA, SSB).

| Tilsett i ein barnehage | Ikkje tilsett i ein barnehage | Talet studentar i alt |
|-------------------------|-------------------------------|-----------------------|
| 30,5 % | 69,5 % | (7580) |

Andelen som arbeidde i barnehage under studiet, var 30,5 prosent av dei aktive studentane på dette tidspunktet. Tabellen nedanfor syner at ein tredel av desse er sysselsette på det som vanlegvis kallast kort deltid, medan mellom ein firedel og ein femdel hadde avtalt arbeidstid mellom 20 og 29 timar. Dette er langt mindre enn kva vi finn i gruppa alle tilsette. Av desse er nesten tre av fire tilsette på heiltid. For arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning er det å arbeide minst 40 prosent

i barnehage eitt av opptakskrava (sjå tabell 1). Dette kravet gjeld heilt fram til uteksamineringa. Nærare tal om omfanget arbeid ved sidan av studium, seier tabellen nedanfor meir om.

TABELL 14.4: AVTALT ARBEIDSTID BLANT DEI SOM HAUSTEN 2012 KOMBINERTE BARNEHAGELÆRARUTDANNING MED JOBB I BARNEHAGE OG BLANT ALLE BARNEHAGETILSETTE (FRÅ REGISTERDATA, SSB).

| | Både tilsette og under utdanning | Alle tilsette |
|-----------------------|----------------------------------|---------------|
| 1–19 timar | 34,6 % | 16,2 % |
| 20–29 timar | 23,4 % | 10,8 % |
| 30 eller fleire timar | 42,0 % | 73,0 % |
| Sum | (2346) | (93352) |

Sjølv om studentane jobbar mindre enn andre tilsette, må likevel studentane sine arbeidsbidrag seiast å vera betydelege. Dei utgjer også ei gruppe med stor røymsle frå barnehage. I tabell 5 viser vi kor mange av studentane frå 2012 som var tilsette i barnehage i ulike år tilbake til 2003. No vil ikkje alle ha rukke å vere tilsette heile tida, rett og slett fordi dei ikkje har vore gamle nok.

TABELL 14.5: BARNEHAGELÆRARSTUDENTAR SOM OGSÅ JOBBAR I EIN BARNEHAGE. PROSENT SOM VAR TILSETTE I EIN BARNEHAGE PÅ ULIKE TIDSPUNKT ETTER DEIRA ALDER I 2012 (FRÅ REGISTERDATA, SSB).

| | Alle | Berre dei som er over 30 år | Berre dei som er over 40 år |
|------|--------|-----------------------------|-----------------------------|
| 2011 | 78,8 % | 90,1 % | 93,7 % |
| 2010 | 71,0 % | 86,0 % | 91,6 % |
| 2009 | 63,6 % | 80,1 % | 87,7 % |
| 2008 | 54,9 % | 72,6 % | 80,8 5 |
| 2007 | 45,6 % | 65,3 % | 72,6 % |
| 2006 | 35,8 % | 55,8 % | 69,1 % |
| 2005 | 28,8 % | 47,1 % | 59,8 % |
| 2004 | 23,8 % | 40,9 % | 53,8 % |
| 2003 | 20,5 % | 36,6 % | 48,6 % |
| | (2346) | (1177) | (463) |

ALDER

Over tid har barnehagelærarstudentane vorte stadig eldre (Gulbrandsen, 2015, s. 17). Studentar som kombinerer utdanning med jobb, har verka sterkt til denne endringa. Aldersfordelinga i dei ulike studentgruppene i kvalifiseringsvegane 2 og 3, som er deltidsutdanningane og ABLU, vert synleggjorde i tabell 6.

TABELL 14.6: ALDERSFORDELING BLANT STUDENTAR SOM KOMBINERER ARBEID I BARNEHAGE OG UTDANNING TIL BARNEHAGELÆRAR, OG DEI STUDENTANE SOM IKKJE GJER DET (FRÅ REGISTERDATA, SSB) SAMT ALDERSFORDELINGA BLANT DEI SOM DELTEK I EIT FORMELT ARBEIDSPASSBASERT OPPLEGG (FRÅ UTVALSDATA, SJÅ HØYDALSVIK, 2014A).

| | Under utdanning og ikkje i jobb i barnehage | Under utdanning og i jobb i barnehage | I arbeidsplassbasert utdanning |
|-------------------|---|---------------------------------------|--------------------------------|
| 10 % (1. decil) | 20 år | 22 år | 29 år |
| 25 % (1. kvartil) | 21 år | 25 år | 33 år |
| 50 % (median) | 23 år | 31 år | 40 år |
| 75 % (3. kvartil) | 27 år | 39 år | 46 år |
| 90 % (9. decil) | 34 år | 44 år | 51 år |
| Sum | (5365) | (2346) | (164) |

Medianalder for dei som kombinerer jobb og utdanning, ligg åtte år høgre enn blant dei studentane som ikkje jobbar i barnehage samstundes med at dei studerer. Dei 10 prosent eldste i den første gruppa er 10 år eldre enn i den siste gruppa. Den siste kolonna viser aldersfordelinga blant dei som deltok i eit formelt arbeidsplassbasert opplegg. Sjølv om svarprosenten i denne undersøkinga er låg, tyder tala likevel på at dei som deltek i eit slikt formelt opplegg er enda eldre enn resten av studentane som kombinerer arbeid og utdanning.

STABILITET

Går vi tilbake til slutten av 1990-talet, var det akseptert kunnskap at den mest stabile arbeidskrafta i barnehagane var assistentane (Retvedt et al., 1999, St.meld. nr. 27 (1999–2000)). Slik er det ikkje lenger. Tabell 7 viser kor stor prosent av dei som var tilsett i ein barnehage i 2003, som framleis er tilsett i 2012 etter deira alder i 2012 og deira utdanning i 2003.

TABELL 14.7: STABILITET SOM BARNEHAGETILSETT FRÅ 2003 TIL 2012 ETTER ALDER I 2012 OG UTDANNING I 2003, PROSENT (REGISTERDATA, SSB).

| Alder < 30 | Alder 30–34 | Alder 35–39 | Alder 40–44 | Alder 45–49 | Alder 50–54 | Alder 55–59 | Alder 60–64 | Alder 65–69 |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Med barnehagelærerutdanning i 2003 | | | | | | | | |
| – | 79,5 | 75,1 | 71,3 | 71,1 | 73,1 | 75,1 | 65,7 | 29,7 |
| – | (1123) | (4331) | (3893) | (2192) | (1970) | (1758) | (667) | (185) |
| Utan barnehagelærerutdanning i 2003 | | | | | | | | |
| 22,2 | 38,6 | 46,1 | 57,2 | 59,2 | 65,0 | 67,4 | 57,5 | 27,0 |
| (2097) | (5182) | (4788) | (5965) | (5491) | (5066) | (4540) | (3644) | (1599) |
| Dei som ikkje var barnehagelærer i 2003, men som har vorte det seinare | | | | | | | | |
| 80,4 | 84,8 | 85,0 | 84,8 | 82,9 | 85,5 | 82,4 | 80,0 | – |
| (153) | (475) | (340) | (310) | (246) | (152) | (74) | (10) | – |

Tabell 7 syner at på alle alderstrinn er dei med barnehagelærerutdanning meir stabile enn dei som ikkje hadde slik utdanning. Vi kan også skilje ut ei interessant undergruppe blant dei sistnemnde, nemlig dei som ikkje var barnehagelærer i 2003, men har vorte det seinare. Som vist i den nedre rada i tabellen, er dette den mest stabile gruppa, utan omsyn til alder.

TABELL 14.8: PROSENT AV BARNEHAGELÆRARAR SOM JOBBAR I BARNEHAGE TO ÅR ETTER FULLFØRT UTDANNING. ÅRSTALLA I TABELLEN VISER ÅRET DEI VART FERDIG UTDANNA (REGISTERDATA, SSB).

| 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 |
|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 55,9 | 59,6 | 60,6 | 66,7 | 70,0 | 72,6 | 76,4 | 77,0 | 79,8 | 81,4 | 84,1 | 79,9 | 81,9 |

Tabell 8 fortel oss om fråfall kort tid etter fullført utdanning, nemleg om kor stor prosent av barnehagelærarane som arbeider i ein barnehage to år etter at dei fullførte utdanninga. I 1998 var talet 55,9 prosent, medan det i 2010 har stige til 81,9 prosent. Neste tabell syner kva slags arbeidsplass alle med slik utdanning hadde valt i tidsperioden 2000–2012, etter kategoriane arbeid i barnehage, arbeid i grunnskule eller all anna slag lønna arbeid.

TABELL 14.9: YRKESVAL BLANT BARNEHAGELÆRARAR 2000–2012. PÅ KVART TIDSPUNKT BARNEHAGELÆRARAR I YRKESAKTIV ALDER (UNDER 68 ÅR) OG BUSETTE I NOREG, PROSENT (REGISTERDATA, SSB).

| | 2000 | 2003 | 2005 | 2007 | 2012 |
|------------------|----------|----------|----------|----------|----------|
| Barnehage | 44,1 | 47,5 | 50,4 | 52,7 | 54,0 |
| Grunnskule | 25,6 | 21,8 | 19,4 | 17,6 | 16,3 |
| Andre yrke | 22,6 | 21,0 | 21,1 | 21,3 | 20,9 |
| Ikkje yrkesaktiv | 7,7 | 9,8 | 9,0 | 8,3 | 8,8 |
| Sum | (27 353) | (34 467) | (37 012) | (39 340) | (46 385) |

Tabell 9 syner kor stor prosent av dei utdanna barnehagelærarane som arbeider i barnehage i åra 2000–2012. Vi ser at andelen som arbeider i barnehagen, har auka kraftig. Etter kvart har færre valt å arbeide i grunnskulen eller i andre yrke. Dette kan vera ein dekkande overgang til neste kategori, lojalitet.

LOJALITET

Ser vi på studentane som arbeider i barnehage i utdanningstida, viser våre data at studentane har stor lojalitet til arbeidsgjevaren sin. Dei fleste arbeidsgjevarane støtta fram kvalifiseringa økonomisk, praktisk og fagleg gjennom partnerskapsavtalane (Høydalsvik, 2014a). Tabell 10 syner resultat frå spørjeundersøkinga der studentane tok stilling til dei tre framsette påstandane.

TABELL 14.10: KOR EINIG ELLER UEINIG ER DU I FØLGANDE UTSEGNER OM FORHOLDET TIL VERKSEMDA DU ARBEIDER I? (SPØRJEUNDERSØKINGA, HØYDALSVIK, 2012).

| | 1 – heilt einig | 2 – delvis einig | 3 – delvis ueinig | 4 – heilt ueinig | N |
|--|-----------------|------------------|-------------------|------------------|-----|
| Eg er stolt av å arbeide for denne verksemda | 72,0 % | 25,5 % | 1,9 % | 0,6 % | 161 |
| Eg er villig til å gjere ein ekstra innsats for å hjelpe verksemda | 72,7 % | 23,6 % | 3,7 % | 0,0 % | 161 |
| Eg føler svært lita tilknytning til denne verksemda | 7,0 % | 5,7 % | 21,5 % | 65,8 % | 158 |

Lojaliteten til arbeidsgjevar ser ut til å vere forholdsvis stor. Studentane som kombinerer studiar med ein jobb, seier dei er stolte av barnehagen og barnehageeigaren dei arbeider under. Ein kan tolke dette som kjensle av sterk tilknytning til barnehagen og arbeidsgjevaren. Berre om lag 10 prosent er heilt eller delvis einige i at dei føler ein «svært liten tilknytning» til verksemda dei er tilsette i under utdanninga. Vidare var vi interesserte i forholdet til næraste leiar og personalgruppa ved barnehagen dei arbeider i under studiet, og i eigenrefleksjonen forut og under utdanninga. Tabell 11 viser svarfordelingane på tre påstandar om desse tilhøva.

TABELL 14.11: KOR EINIG ELLER UEINIG ER DU I FØLGANDE UTSEGNER OM DITT FORHOLD TIL Å HA EGEN BARNEHAGE SOM PRAKSISPLASS? (SPØRJEUNDER-SØKINGA, HØYDALSVIK, 2012).

| | 1 – heilt enig | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 – heilt ueinig | N |
|---|----------------|--------|--------|--------|-------|------------------|-----|
| Eg opplever forventningar om å samhandle annleis med barna no, enn før eg tok til på studiane | 31,4 % | 26,3 % | 16,7 % | 9,0 % | 7,7 % | 9,0 % | 156 |
| Eg og leiaren min diskuterer i større grad faglege spørsmål no, enn før eg tok til på studiane | 34,8 % | 29,0 % | 14,8 % | 10,3 % | 5,2 % | 5,8 % | 155 |
| Eg synest sjølv at eg analyserer meir handlingane mine med barna no, enn før eg tok til på studiane | 57,5 % | 28,8 % | 6,5 % | 3,9 % | 1,3 % | 2,0 % | 153 |

Meir enn halvparten av studentane i utvalet er «helt enig» eller «enig» i at forventningane frå kollegaene har endra seg etter at dei tok til på barnehagelærerutdanninga. Dei faglege drøftingane synest også vere endra, då nesten to tredelar av studentane seier at dei diskuterer faglege spørsmål i større grad med leiaren no enn før dei vart studentar. Spørjeundersøkinga har også eit resultat som fortel om studentane i utvalet sin eigenrefleksjon. 86,3 prosent svarar at dei i større grad analyserer handlingane sine i arbeidet med barna no, enn før dei vart studentar i arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning.

REKRUTTERING OG SOSIAL BAKGRUNN

Kven vert så rekrutterte inn til barnehagelærerutdanninga sine arbeidsplassbaserte program? Vi veit ein del grunna resultatata av spørjeundersøkinga. Ved rekruttering skreiv barnehageeigar under partnarskapsavtalen med målsetjing å kvalifisere eige personale. Så mykje som 89,5 prosent av studentane hadde fast stilling i barnehage då dei starta studiet. Eit meir overraskande funn var at så mange som 10,5 prosent av studentane var tilsette i engasjementstilling eller vikariat. Jamvel nokre av tilkallingsvikarane var satsa på for å få tilstrekkeleg kvalifisert personale i kommunen eller barnehagekonsernet. Men noko skjedde i løpet av utdanninga. Våren 2012 svarte i alt 98,8 prosent positivt på at dei var tilsette i fast stilling. Resten, 1,2 prosent av studentane i utvalet, var på dette tidspunktet tilsette i mellombels stilling.

For å kunne seie noko om endringar i sosial bakgrunn, har vi kombinert registerdata med surveydata frå ei av levekårsundersøkingane til Statistisk sentralbyrå. Frå den siste datakjelda har vi konstruert eit foreldreutval som vi samanliknar med dei som har teke utdanning som barnehagelærer. Frå registerdata veit vi noko om utdanninga til foreldra til den siste gruppa. Lavekårsundersøkinga fortel oss om utdanningsnivå for alle i tilsvarende aldersgrupper. Vi har teke utgangspunkt i ein aldersskilnad på 25 år mellom foreldre og barn. Frå levekårsundersøkinga i 2012 har vi til dømes henta utdanningsnivå til alle menn fødte i åra 1920 til 1930. Frå registerdata har vi henta utdanningsnivået til alle med barnehagelærerutdanning fødte mellom 1946 og 1955. I tabell 12 viser øvre halvdel av tabellen utdanningsnivået i det konstruerte generelle fedreutvalet, medan den nedre halvdel av tabellen viser utgangsnivået blant fedrane til dei som er utdanna barnehagelærer.

TABELL 14.12: PROSENTDEL MED UTDANNING PÅ UNIVERSITETS- OG HØGSKULENIVÅ I EIT KONSTRUERT FORELDREUTVAL (HENTA FRÅ LEVEKÅRSUNDER-SØKINGA TIL SSB, 2012) OG TILSVARANDE PROSENTDEL BLANT FEDRANE TIL FØRSKULELÆRARAR SOM I SNITT ER 25 ÅR YNGRE.

| Fødselsår (utval av alle) | 1920–30 | 1931–40 | 1941–50 | 1951–60 | 1961–1966 |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Levekår 2012 | 21 % | 19 % | 30 % | 38 % | 38 % |
| Fødselsår alle med barnehagelærer-utdanning | 1946–1955 | 1956–1965 | 1966–1975 | 1976–1985 | 1986–1991 |
| Utdanningsnivå til deira fedrar | 20 % | 18 % | 18 % | 21 % | 22 % |

Den øvste rada i tabellen syner korleis utdanningsnivået har auka i Noreg. Hadde barnehagelærarane vore ei sosialt representativ gruppe, skulle vi ha funne same fordeling hos fedrane deira. Det gjer vi ikkje. Dess yngre barnehagelærarane er, dess større vert avstanden til den konstruerte foreldregenerasjonen. Fleire norske undersøkingar frå 1980-talet og 1990-talet tyder på det same (Gulbrandsen, 2005, s. 17). Ei stor studentundersøking frå åra rundt 2000 viste at barnehagelærarstudentane var den studentgruppa der delen av fedrane med høg utdanning var lågast (Wiers-Jensen og Aamodt, 2002). Fleire og fleire av barnehagelærarane har over tid kome frå heimar der foreldra sitt utdanningsnivå er lågt. Funna til Bertilsson (2009) frå Sverige har altså sitt klare norske motstykke. Han årsaksforklarar det også med at å vere lærar til små barn har låg status, og personar med høge inn-takspoeng vel i større grad bort læraryrket. Kjønn og kvinnedominans kan vere ein annan faktor (Bertilsson, 2009, s. 22, Broady, 2011, s. 85).

DRØFTING

I dette punktet vil vi drøfte fem endringar som vart synlege ved analysane av data-materialet om grupper studentar på kvalifiseringsvegane fram til barnehagelærar.

ERFARING FRÅ BARNEHAGE

Vi anerkjenner arbeidslivet som ein sentral kvalifiseringsarena til barnehagelærar-yrket, og ser at for dei fleste studentgruppene gjeld denne kvalifiseringa etter opp-nådd bachelorgrad. Studentar med mange års erfaring frå arbeid i barnehage før dei tek til på utdanninga, møter utdanninga og profesjonen via ei praktisk tilnær-ming (Grimen, 2008). Resultata av spørjeundersøkinga synte at så mange som 60 prosent av studentane i utvalet arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning hadde arbeid på dispensasjon frå utdanningskravet. Dette kan styrkje oppfat-ninga av at studentane si kvalifisering vert opplevd viktigare og kanskje er meir medvite enn sosialiseringa til yrket og profesjonen. Det same er det truleg med medvitne subjektiveringsprosessar for studenten (Biesta, 2014): at prosessane omkring danning og studenten si identitetskaping lett kan bli tona ned hos den vaksne studenten. Eigne kvalitetar og eigenskapar forma av læring og utvikling kan kome i skuggen av dette «å bli kvalifisert». No kan det også tenkjast at sjølv om den erfaringsbaserte tilnærminga til studiet er sterkast i første fasen, kan stu-dentgruppa sine prosessar utover i studiet meir likne på heiltidsstudenten sine sosialisering- og subjektiveringsprosessar. Av formelle grunnar kan ein tenkje seg at kvalifiseringsprosessen er sterkast nett ved rekruttering, då trongen for å

kunne utnytte sin erfarings- og praksisbaserte kompetanse er ekstra stor. Denne studentgruppa sin biografiske koherens kan verke som ei bru: at erfaringane i første del av utdanninga støttar studenten si meiningsskaping nettopp fordi den bygger på den kjende erfaringsbaserte kunnskapen.

I høve overgangskoherens viser StudData til at både førskulelærarar, allmennlærarar, sjukepleiarar, sosionomar og barnevernspedagogar er utsette for eit såkalla praksissjokk ved overgang frå utdanning til yrke (Heggen og Terum, 2013). Også etter å ha vore tre år i arbeidslivet etter fullført utdanning, oppfattar desse at dei ikkje har fått den praktiske kompetansen som arbeidslivet krev av dei. Som gruppe var barnehagelærarane til dømes mindre nøgde med utdanninga si tre år etter eksamen enn dei var like etter eksamen (Frøseth og Caspersen, 2008). Det er rimelig grunn til å tru at dei som allereie er i jobb medan dei tek utdanning, i mindre grad vil møte eit slikt praksissjokk. For ABLU-studenten kan overgangskoherensen vere like stor ved inngangen til utdanninga i høve akademiseringa og teoretiseringa av praksisfeltet, som det for heiltidsstudenten er å trå frå utdanninga og ut i yrket. Utdanningsinstitusjonane har ei utfordring i å ta utgangspunkt i studentane sin biografiske koherens, sidan mange er rekrutterte inn med ulikt utgangspunkt og forståing av teori og praksis.

Kvar tredje barnehagelærarstudent kombinerer no barnehagelærarutdanninga med arbeid i ein barnehage. Dette gjer at ein stor del av studentane har ein biografisk koherens som gjer læringa praksisbasert med trong om teoretisering av deira allereie erverva barnekunnskap og kunnskap om barnehagefeltet (Eraut, 2008). Utdanningsinstitusjonane må støtte også denne studentgruppa si evne til å teoretisere den erfaringsbaserte kunnskapen som er erverva gjennom praksis. At ABLU-studenten arbeider i barnehagen samtidig med studiane, synest å gi dei ein sterkare moglegheit enn heiltidsstudentane for å trekke det teoretiske lærestoffet over i praksis (SINTEF, 2014). Ein kan tolke dette med at fellesnemnaren for profesjonsutdanningane nettopp er barnehagekvardagen (Grimen, 2008).

ALDER

Over tid har dei nyutdanna barnehagelærarane vorte stadig eldre. På 1970-talet var meir enn 70 prosent av alle nye barnehagelærarar yngre enn 25 år då dei tok eksamen, og berre tre prosent var over 35 år. I 2011 og 2012 hadde den første prosenten minka til 41 prosent, medan den siste hadde auka til nesten 20 (Gulbrandsen, 2015, s. 17). Det er tydeleg at tilsette som utdannar seg mens dei er i jobb, bidreg sterkt til denne auken i alder. Det er gjennomført strukturendringar som tilpassar seg den vaksne studenten slik at nye aldersgrupper er rekrutterte inn og slik nær-

mar fleire utdanningsprogram seg fleksibel læring (Grepperud, 2008). Studenten kan ha eit vanleg familieliv i eigen heim og arbeidsliv, ved at ein større prosent av læringa går føre seg på digitale læringsplattformer. Studentrolla er derfor berre ei av vaksenrollene studenten handterer. Vi veit at studentane på kvalifiseringsveg 4 også er i kategorien fleksibel læring fordi dei har fullført ei anna adekvat bachelorutdanning tidlegare. No arbeider dei i barnehage under påbygginga, og er ikkje alltid lette å identifisere i registerdata. Dei tek 30 studiepoeng pr. år i to år. Ifølgje Norsk standard for utdanningsgruppering (Statistisk sentralbyrå, 2000) kan desse vere å finne i kategorien barnehagelærerutdanning, uspesifisert lågare nivå. Likevel kan dei vere i kategorien vidareutdanning for allmenn- og barnehagelærarar sidan dei jobbar i barnehage. Denne forvirringa trur vi skuldast at retningslinene rundt kvalifiseringsveg 4 er kompliserte å tolke både for utdanningsinstitusjonane og for arbeidsgjevarane.

I alt 1666 personar jobbar i ein barnehage og har ein av klassifiseringane barnehagelærar frå ordinær utdanning eller påbygg av ei anna bachelorgrad. Samtidig er desse på dispensasjon frå utdanningskravet. Dei er ei gruppe studentar som samlar ansiennitet gjennom studietida. Når vi i spørjeundersøkinga spør studentane i arbeidsplassbasert utdanning kva stilling dei har vore tilsett i lengst, svarar 90 prosent av studentane at det er i assistentstilling. Likevel har ei ikkje ubetydeleg gruppe, i alt 60 prosent, arbeidd som pedagogiske leiarar på dispensasjon. Tilsetjingsforholdet for studentane i arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning våren 2012 ber preg av at Kunnskapsdepartementet gav stimuleringsmidlar til 10 høgskuleinstitusjonar hausten 2009. Ein stor prosent av utvalet er frå kull som våren 2012 var i sitt femte eller sjette semester, noko som nok fargar svara. Vi fann at fleire utdanningsinstitusjonar tok opp nye kull kvar, eller annankvar haust, også etter 2009.

STABILITET

Ut frå målet om å få stabile barnehagelærarar, er tydelegvis arbeidsplassbasert utdanning og dei meir uformelle formene for å kombinere arbeid og utdanning, ein klar suksess. Handlar dette om at deltidsutdanningane verkar til å få sertifisert den praksiskunnskapen studenten allereie har, eller om å bli kvalifisert til eit yrke? (Steinnes, 2013). Biesta (2014) har vist til at kvalifisering heng saman med sosialisering og subjektivering. At dei ikkje bør sjåast einskildvis, men at domene heng saman som ein trekløver. Våre resultat viste at nokre studentgrupper var nær 40 år og hadde 18–20 års arbeidserfaring frå barnehage (Høydalsvik, 2014a). Difor kan ein undre seg på kor mykje lærarutdannarane ved dei arbeidsplass-

baserte utdanningane gir plass til studenten si subjektivisering og sosialisering. Eraut (2008) viser til behovet for å tilpasse deltids- og arbeidsplassbaserte utdanningane slik at studentane teoretiserer den erfaringsbaserte kunnskapsbasen. Undervisninga sitt innhald, vurderingsformane og den rettleia praksisen må sikre både biografisk koherens og programkoherens (Heggen og Smeby, 2012). Er dette noko som manglar i dagens lærarutdanning, eller får alle dei tre domena kvalifisering, sosialisering og subjektivisering verke saman? Den praktiske utøvinga av profesjonen får integrere og verke til ein syntese der delane vert gjorde til heilskap, og brotstykkja får bli bundne saman til ein heilskap (Grimen, 2008, Heggen og Smeby, 2012).

LOJALITET

Fleirtalet av studentane er stolte av arbeidsplassen sin, dei er villige til å gjere ein innsats. I tabell 10 kjem det fram at dei kjenner seg knytte til arbeidsplassen sin. Tabell 11 syner at studentane i arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning reflekterer, anten åleine eller saman med personalet, omkring sin eigen praksis. Dette at studenten i større grad er i faglege diskusjonar og refleksjonar, fortel oss at det ikkje berre er studenten som endrar seg i utdanninga. Barnehagen studenten arbeider i under studiet, vil i stor grad verte ein lærande organisasjon fordi studenten parallelt er aktør på to arenaer. Barnehagen sine fagdrøftingar kan få nytt innhald og skje på eit høgre refleksjonsnivå fordi ein av dei tilsette er under kvalifiseringa. Forsiktig kan ein tolke at læringskulturen i barnehagen og i utdanninga ikkje står i motsetning til kvarandre. Vi synest å sjå at studenten puffar barnehagen og barnehagepersonalet puffar studenten til vidare læring og utvikling. Studentane i den arbeidsplassbaserte utdanninga viser at dei har framtidsvisjonar om arbeidsplassen og sin identitet til tilsettegruppa. Det synast ikkje som om det er stor grad av sprik, men heller samstemming mellom egne og arbeidsplassen sine verdiar og haldningar. Assistenten som tek til på barnehagelærarutdanninga, møter andre rolleforventingar. Resultata våre synte mellom anna forventingar om større samhandlingsgrad med barna, og også om å verke til meir fagutvikling i organisasjonen. For programmet ABLU godkjende Kunnskapsdepartementet i 2009 at eigen arbeidsplass skal vere ein definert læringsarena. Studentane seier at dei ønskjer å gjere ein ekstra innsats, og kjenner seg knytt til og er lojale tilbake til sin eigen barnehage. Liknande forskning som seier noko om band og lojalitet, er resultata til SINTEF (2014). Når dei samanliknar ABLU-studentane med heiltidsstudenten, syner dei til dette at ABLU sin studiemodell sterkare brukar barnehagen som læringsarena. Resultata deira synte at den faglege integrasjonen mellom praksisbarnehage og lærestad med det vart styrkt.

REKRUTTERING OG SOSIAL BAKGRUNN

Den svenske forskingsgruppa rundt Bertilsson (2009) seier at nordisk lærarutdanning består av ei mengd ulike innretningar, og fleire er under endring grunna reformer (Bertilsson, 2009, s. 31). Dei fann at dess eldre studenten er, dess fleire vert rekrutterte frå lågare sosiale og kulturelle lag. Vidare synest det som om dess høgre resultat frå vidaregåande skule, dess færre søker til lærarutdanningane. På barnehagelærarutdanninga, og for dei som er lærarar for dei yngste barna, fann dei «de lägste andelarna studenter från hem med föräldrar med längre högskoleutbildning och med höga sociala positioner. Förskolälärarutbildningen har också av tradition varit den utbildning som främst lockat kvinnor från arbetarklassen» (Bertilsson, 2009, s. 32). Bertilsson fann vidare at frå 1990 til 2007 auka andelen studentar frå nettopp det han kallar «arbetarklassen» frå 26 til 33 prosent. I ein norsk kontekst er kanskje omgrepet «middelklasse» det næraste å bruke. Til samanlikning peikar våre registerdata også på ei klar endring i retning av at stadig fleire av barnehagelærarstudentane kjem frå middelklassen. Dette kan ikkje visast direkte, men i tabell 13 samanlikna vi utdanningsnivået til fedrane til barnehagelærarane med ein konstruert foreldregenerasjon med utdanningsnivå i eit generelt befolkningsutval som i snitt er 25 år eldre enn barnehagelærarane. Dette synte ein liknande tendens. Vi har ikkje data om yrkes- eller klassebakgrunn i våre registerdata, vi har berre opplysningar om foreldres utdanning som likevel seier oss mykje om barnehagelærarane sin sosiale bakgrunn.

Nær alle ABLU-studentane er blitt satsa på ved at arbeidsgjevarane tilbyr fast stilling som assistent, eller som pedagogisk leiar på dispensasjon frå utdanningskravet. Det tyder at arbeidsgjevar har arbeidd for å rekruttere og behalde dei under kvalifiseringsprogrammet. No er det ikkje nytt at ein finn utdanning og opplæring på arbeidsstaden innanfor barnehagesektoren. Før barnehagelærarutdanninga vart gjort 3-årig midt på 1970-talet, vart det i ein periode gjennomført såkalla «mellomår». Dei teoribaserte utdanningsdelane vart gjennomførde i utdanningsår 1 og 3, medan studentane arbeidde som barnehagelærarar i mellomåret. Noko anna som var særmerkt for profesjonen, ifølgje den første norske offisielle barnehagestatistikken gjeldande for 1963, var at 27 prosent var oppgitt å vere praktikantar (elevar). Dette var nesten like høgt som prosenten med utdanna barnehagelærarar som den gong var 34,6 (Statistisk sentralbyrå, 1966). Siste gong eigne tall for praktikantar vart publiserte, var for året 1985. Den gongen utgjorde dei 15,5 prosent av dei tilsette. Assistentar hadde no kome med for alvor og utgjorde 34 prosent av dei tilsette, medan prosenten med godkjent barnehagelærarutdanning hadde falle til 29,7 prosent (Statistisk sentralbyrå, 1986). Vi kjenner ikkje til noko forskning som seier noko om i kva grad praktikantar blei barnehagelærarar, likevel

var eitt av opptakskrava til toårig førskulelærerutdanning på 70-talet nettopp dette å ha gjennomført eit praktikantår. Om dagens assistentar vågar vi å seie at dei står i ein viktig rekrutteringskanal, sidan så mange av barnehagelærarstudentane kjem frå denne gruppa.

Tidlegare slutta barnehagelærarane oftare enn assistentane, i alle høve oftare enn dei eldre og erfarne assistentane. Fortsatt er det slik at mange av assistentane som ikkje sluttar, får seg ein formell barnehagelærarkvalifisering samstundes med at dei jobbar. Sidan så mange som 60 prosent av dei som i 2012 deltok i arbeidsplassbasert utdanning hadde arbeid som pedagogisk leiar, blir utdanninga ein formell kvalifisering av røynsler som mange har skaffa seg. I høve Biesta (2014) sin teori synest det som om studenten sitt «education as a process of qualification» er sterkt i dei arbeidsplassbaserte programma. I stor grad vert dette også synleggjort som sjølve formålet. I tillegg til at utdanninga har eit formål, må det vere ein balanse mellom kvalifisering og domena sosialisering og subjektivisering (Biesta, 2014). Denne balansen hindrar at ein får overskygge eller dominere. Biesta (2015) grunnjev dette med at nær alle aspekt ved utdanning gjer noko i forhold til dei tre domena. Når kvalifisering ligg så i dagen som hos studentane i dei arbeidsplassbaserte kvalifiseringsvegane, skal vi ikkje gløyme at studenten også skal verte sosialisert til å gjere fagfunderte avvegingar og vere kritisk refleksive. Biesta (2015) peikar på at ved å tileigne seg kunnskap og forståing blir både lærarutdannar og student «empowered» og gitt autoritet og styrke. For studentane som vert rekrutterte inn, tyder det at eigenskapane som sjølvstende, evne til kritisk tenking og utvikling av empati er utdanninga sine moglege effektar. Dette ligg innan subjektiviseringa sitt domene fordi det omhandlar studenten sin autonomi og korleis han/ho utøver rolla si. Subjektiviseringsprosessen hos studenten sikrar utviklinga fram mot godt fagleg skjønn og evne til å ta faglege og kvalifiserte avgjerder. Biesta (2014) seier det ikkje er nok å identifisere spørsmålet «Kven er eg?», studenten må i lærarutdanninga støttast fram til å også spørje «Korleis er eg?». Subjektivisering femnar såleis om framgangsmåtane for å vere i ferd med å bli eit danna, demokratisk menneske.

PEDAGOGISKE IMPLIKASJONAR

Studentane som byggjer på ei tidlegare anna bachelorgrad, og studentane i arbeidsplassbasert studieprogram balanserer eit fullverdig arbeidsliv med studiar og ofte familieliv. Å forhalde seg til pensumlitteratur, arbeidskrav og eksamenar kan vere krevjande. I spørjeundersøkinga vår vert studentane spurde om studiet er krevjande. Då svarar heile 96,9 prosent av studentane i utvalet svært arbeidskrevjande/arbeidskrevjande/noko arbeidskrevjande. Studentane sine førkvalifika-

sjonar kan vere låge, og kulturen dei ber i seg kan vere «studieovana». Dette samsvarar med det NOKUT seier i si evaluering av førskulelærarutdanninga i 2010. Studentane som valde denne utdanninga, hadde klart lågare poengsum frå vidaregåande skule enn til dømes sjukepleiarane, ingeniørane og grunnskulelærarane (NOKUT, 2010, s. 60). I Noreg var ei av målsetjingane til Nasjonal forskrift om rammeplan for barnehagelærarutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2012) å lage ei *krevjande utdanning*. Forkrav og vurderingskrav skulle ikkje lempast på. Endringar av kven som vert rekruttert inn, gjer ikkje utfordringane mindre for utdanningsinstitusjonane. Denne studien har vist noko av studentane sin mangfaldige erfaringsbakgrunn, alder, stabilitet, lojalitet og sosial bakgrunn. Vi meiner å tru at utdanningsinstitusjonane treng å øve seg i å ta utgangspunkt i alle studentane sin biografiske koherens og deira overgangskoherens. For det synest som at for fleire av studentgruppene er kanskje ikkje utfordringa størst i høve meiningsskaping i overgangen frå utdanning til yrke, men i overgangen frå praksis til teori-basert kunnskap.

OPPSUMMERING

Hensikta med kapittelet var å undersøkje dei moglege kvalifiseringsvegane i barnehagelærarutdanninga: heiltidsutdanning, deltidsutdanning, arbeidsplassbasert utdanning og påbygging av andre bachelorgradar. Resultata frå denne studien omhandlar på kva måte studentgruppene er påverka av dei nye kvalifiseringsvegane som vart i gangsett i 2006 og framover. Vi har nytta Biesta (2014) sin teori om utdanning og læring i studien av studentgruppene sine særtrekk, samtidig med profesjonsteoriane (Heggen og Smeby, 2012, Eraut, 2008). I kapittelet har vi gått nærare inn i fem tema som datamaterialet peika på som sentrale hos dei fire studentgruppene: erfaringsbakgrunn, alder, stabilitet, lojalitet og sosial bakgrunn. Vi er klare over at konsekvensane av endringane i kvalifiseringsvegane inn til barnehagelærar ikkje har ein årsakssamanheng åleine. Ikkje minst har Biesta lært oss at utdanningsfeltet er for komplisert til enkle svar. Likevel har resultata våre vist til nokre samanhengar: Ein konsekvens av endringane i kvalifiseringsvegar er at ein større del av populasjonen barnehagelærarar i Noreg har erfaring frå barnehage før utdanninga tek til, og gjer seg samtidig praktiske erfaringar parallelt med utdanningsprogrammet. Erfaringane, den biografiske koherensen, har innverknad på læringa og meiningsskapinga til desse studentane. Ein annan konsekvens av endringane i kvalifiseringsvegane er studentgruppa si aldersspreiing. Vi fann at studenten har vorte eldre, og då særleg studentane som ikkje er heiltidsstudentar. Auka alder gir pedagogiske implikasjonar for lærarutdanninga sitt innhald og

utdanninga sin programkoherens. Den vaksne studenten sin bakgrunn og alder verkar inn på korleis ho/han er lærande under studiet. I eit større bilete synest det som om rekrutteringsstrategiane som departementet har valt for å rekruttere personar med ein annan bachelorgrad og assistentar som alt arbeider i barnehagen, har vore vellukka. Resultatet samsvarar med anna forskning (Rambøll, 2012). Dette at lærarutdanninga i større grad er omgjord til fleksibel utdanning, synest å appellere til vaksne studentar. At universitet og høgskular er gjort tilgjengelege og presenterer seg som fleksible, mogleggjer at også 40-åringar vert rekrutterte til lærarutdanninga. Ein tredje konsekvens av dei nye kvalifiseringsvegane synest å verke til auka stabilitet hos barnehagelæraren til å jobbe i barnehage. Både rett etter ferdig utdanning og i eit lengre perspektiv har ein høgre prosent av barnehagelærarane framleis arbeidsplassen sin her. Ein fjerde konsekvens av endringar i kvalifiseringsvegane er den høge lojaliteten som studenten synest å ha til «sin barnehage» og til den arbeidsgjevaren studenten hadde under utdanningsløpet. Det å personleg ha vorte satsa på med ulike støtteordningar ser ut til å ha innverknad på jobbstabiliteten. Vidare studiar vil kunne seie noko om at mobiliteten mellom barnehagane er mindre hos ABLU-studenten enn hos heiltidsstudenten. Det vil i tilfelle bety at utdanning som ein prosess for sosialisering får ein ny dimensjon for nett denne studentgruppa.

Når vi ein gong i nær framtid vil ha nok barnehagelærarar, synest det ut frå våre tal at dei i stor grad vil vere stabile og lojale yrkesutøvarar. Konsekvensen av auka storleik på gruppa barnehagelærar i Noreg vert i noko grad synleggjorde i resultatane våre. Kanskje tydelegast med at andelen barnehagar som må søkje dispensasjon frå utdanningskravet har falle siste åra. Det er ein milepæl at vi for første gong etter 2003 har fleire barnehagar utan barnehagelærarar på dispensasjon, enn barnehagar som manglar personale med formell utdanning. Dette betyr at talet på dispensasjonar går mot at alle dei stillingane som krev utdanna barnehagelærarar, har barnehagelærarar. Pedagogtettleiken blir høgre, og det samla kvalifiserte personale vil kunne verke positivt på kvaliteten av barnehagetilbodet med større tilfredsheit for aktørane.

Studentane i den arbeidsplassbaserte utdanninga og deltidsutdanninga er studentgrupper med ei annleis sosialisering til profesjonen, og vi har vist til kva dette tyder for studenten som prosess for subjektivisering. Lærarutdanningane bør fronte ein ny innhaldsprofil som enno sterkare støttar studenten sine subjektiviseringsprosessar. Ut frå vårt syn har utdanningsinstitusjonane ei utfordring i å teoretisere den praksisbaserte kunnskapen studentane har (Eraut, 2008). Det er også ei utfordring å støtte desse studentgruppene til meningsfull læring og tenking (Vågan og Heggen, 2013). Programkoherens synest å vere nyttig for utdanningsinstitusjonane å ta omsyn til i

større grad. Å arbeide med sterk koherens i utdanningsprogramma kan jamvel vere eit av tiltaka for meir heilskapleg barnehagelærarutdanning.

Tidlegare satsingar har arbeidd med overgangskoherensen frå barnehagelærarutdanninga til yrkeslivet. Med den kunnskapen feltet er i ferd med å få om overgangskoherens, kan aktørane i institusjonane reflektere omkring praksis og teori. Desse kan snuast på, for særleg studentane i ABLU sin overgangskoherens handlar meir om «frå yrke til utdanning til yrke». I forlenginga av dette vil aktuelle forskingsspørsmål vere korleis lærarutdannarane er medvitne ulike studentgrupper sine kvalifiseringsvegar og behovet for å støtte fram alle studentgruppene, også dei som ikkje er heiltidsstudentar.

ANERKJENNING

Takk for faglege innspel på abstraktet under Fjordkonferansen 2015 i Loen, då kapittelutkastet vart lufta for første gong. Takk for tilbakemeldingar frå medstudentar i ph.d.-programmet Utdanningsvitenskap for lærarutdanning og NAFOL. Blind «reviewer» til Fjordantologien, og professor Kåre Heggen skal også ha takk for gjennomlesing og konstruktive tilbakemeldingar.

LITTERATUR

- Argyris, C. og Schön, D. (1976). *Theory in practice: Increasing Professional Effectiveness*. San Francisco: Jossey-Bass.
- Barnehageloven. Lov 17. juni 2005 om barnehager.
- Bastiansen, A. (1985). *Sluttrapport fra prosjektet førskolelærer og yrke*. Institutt for sosialvitenskapelig forskning.
- Bertilsson, E. (2009). Lärarstudenterna. Förändringar i rekryteringen under perioden 1977–2007. *Pedagogiske Grunde. Nordisk tidsskrift for kultur- og samfundsvidenskab*, 4.
- Biesta, G. (2007). Why «what works» won't work: evidence-based practice and the democratic deficit in educational research. *Educational Theory*, 57(1), 1–22.
- Biesta, G. (2013). Receiving the Gift of Teaching: From «Learning From» to «Being Taught By». *Studies in Philosophy and Education*, 32(5), 449–461.
- Biesta, G.J.J. (2014). *Utdanningens vidunderlige risiko*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Biesta, G.J.J. (2015). How does a competent teacher become a good teacher? On judgement, wisdom and virtuosity in teaching and teacher education. I R. Heilbronn og L. Foreman-Peck (red.), *Philosophical perspectives on the future of teacher education*, 3–22. Oxford: Wiley Blackwell.
- Bourdieu, P. (1986). The forms of capital. I J. Richardson (red.), *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. New York: Greenwood, 241–258.

- Broady, D. (2011). Skolan, medelklassen och statsprogressivismen. *Kritisk utbildningstidsskrift*. KRUT, nr. 142–144 (2–4/2011).
- Brostrøm, S. (2011). Børnehagens formål – et kritisk blik. I Glaser et al. (red.), *Barnehagens grunnsteiner. Formålet med barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bryman, A. (2004). *Social research methods*. Oxford: Oxford University Press.
- Cochran-Smith, M. og Villegas, A.M. (2015). Studying teacher preparation: The questions that drive research. *European Education Research Journal*, 14(5), 379–394.
- Cochran-Smith, M. (2013). Teacher Education Challenges: National and International Perspectives. I A.-L. Olstern, K. Smith, T. Ryghaug, T. Kruger og M.B. Postholm (red.), *Teacher Education Research between National Identity and Global Trends. NAFOL Year Book 2012*. Norway, 121–135. Akademika Publishing.
- Eik, L.T. (2014). *Ny i profesjonen. En observasjons- og intervjustudie av førskolelæreres videre kvalifisering det første året i yrket*. Avhandling til ph.d.-grad. Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.
- Eikeland, O. (2006). Yrkeskunnskap og Aristoteliske kjennskskapsformer. I E. Askeroi og O. Eikeland (red.), *Som gjort, så sagt? Yrkeskunnskap og yrkeskompetanse. Kjernebegrep i yrkeskunnskap – antologi av nordiske forfattere*. Høgskolen i Akershus, forskningsserie 13/2006.
- Eraut, M., Alderton, J., Cole, G. og Senker, P. (1998). Learning from other people at work. I F. Coffield (red.), *Learning at work*. Bristol: Policy Press, 37–48.
- Eraut, M. (2004). Informal learning in the workplace. *Studies in Continuing Education*, 26(2), July. Carfax Publishing, Taylor and Francis Ltd.
- Eraut, M. (2008). *How professionals learn Through Work*. Surrey: University of Surrey. SCEP-TrE.
- European Union (2015). *The changing pedagogical landscape: new ways of teaching and learning and their implications for higher education policy*. Executive Summary – Education and Culture, Publication Office of the European Union, Luxembourg.
- Furu, A. og Granholt, M. (2014). *Barnehagen som utdanningsarena for studenter i barnehagelærerutdanningen*. FOU i praksis 2013.
- Frølich, N. (2015). *Hva skjer i universiteter og høyskoler? Perspektiver fra vitenskapelig ansatte og studenter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Frøseth, M.W. og Caspersen, J. (2008). *Tilbakeblikk på utdanningen: yrkesaktivitet og mestring av yrket, oppfølging i arbeidslivet og vurdering av utdanningen*. HiO-notat, nr. 2.
- Grepperud, G. (2008). «For folk flest» – fleksibel utdanning i praksis. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Grimen, H. (2008). Profesjon og kunnskap. I Molander og Terum (red.), *Profesjonsstudier*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 71–86.
- Gulbrandsen, L. (2005). *Mangel på førskolelærere – et evig tilbakevendende problem. Søkelys på arbeidsmarkedet*. NOVA-rapport 1/2005, s. 11–18.
- Gulbrandsen, L. (2008). Barnehager og sosial ulikhet. *Barnehagefolk*, 2, 46–50.
- Gulbrandsen, L. (2015). *Barnehagelærerne – yrkesgruppen som sluttet å slutte*. NOVA-notat 1/2015.

- Hamachek, D.E. (1999). Effective teachers: What they do, how they do it, and the importance of self-knowledge. I R.P. Lipka og T.M. Brinthaupt (red.), *The role of self in teacher development*, s. 189–224. Albany, NY: State University of New York Press.
- Hammerness, K. (2006). From Coherence in Theory to Coherence in Practice. *Teacher College Record*, 108(7), 1241–1265.
- Hammerness, K. (2012). Examining Features of Teacher Education in Norway. *Scandinavian Journal of Educational Research*, 01/2012, 57(4), 1–20.
- Heggen, K. (2010). *Kvalifisering for profesjonsutøving, sjukepleiar – lærar – sosialarbeidar*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Heggen, K. og Smeby, J.-Ch. (2012). Gir best mulig sammenheng også den besteprofesjonsutdanninga? *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 96(1), 4–14.
- Heggen, K. og Terum, L.I. (2013). Coherence in professional education: does it foster dedication and identification? *Teaching in Higher Education*, 18(6), 656–669, DOI: 10.1080/13562517.2013.774352
- Holt, L. (1972). Rapport om førskolelærernes yrkeskarrierer. Vedlegg 5, *NOU 172: 39 Førskoler*.
- Hultqvist, E.O. og Palme, M. (2009). Stå ved rodret eller tappa bort sig. En sociologisk studie av rekryteringen till lärarutbildningen och dess följder. *Praktiske Grunde. Nordisk tidsskrift for kultur- og samfundsvidenskab*, 4.
- Høydalsvik, T. (2014a). «Eg vert rekna som ein kompetent førskulelærar allereie no.» Om lærarstudenten sin opplevde kvalitet i eit arbeidsplassbasert studieprogram. I J. Amdam, Ø. Helgesen og K.-W. Sæther. *Det mangfaldige kvalitetsomgrepet. Fjordantologien 2013*. Oslo: Forlag1.
- Høydalsvik, T. (2014b). Å skape meningsfulle samanhengar i læring. I M. Eilifsen (red.), *På kryss og tvers*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Korsvold, T. (2008). *For alle barn! Barnehagens framvekst i velferdsstaten*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Kunnskapsdepartementet (2007). *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen 2007–2011*.
- Kunnskapsdepartementet. St.meld. nr. 41 (2008–2009). *Kvalitet i barnehagen*.
- Kunnskapsdepartementet (2012). *Nasjonal forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning av 04.06.2012*.
- Kunnskapsdepartementet (2013). *Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014–2020*.
- Lunenberg, M., Korthagen, F. og Zwart, R. (2011). Self-study research and the development of teacher educators' professional identities. *European Educational Research Journal*, 10(3), 407–420.
- Lunenberg, M., Dengerink, J. og Korthagen, F. (2014). *The professional Teacher Educator Roles, Behavior, and Professional Development of Teacher Educators*. Sense Publishers.
- McGrath, J.E. (1982). Dilemmatics. The Study of Research Choices and Dilemmas. I J.E. McGrath, J. Martin og R.A. Kuka. *Judgment calls in research. Studying organizations: innovations in methodology*. California, Sage Publications Inc., 69–102.
- Nafstad, H.E. (1976). *Barnehagen som oppvekstmiljø og arbeidsplass*. Tiden Norsk Forlag.

- NOKUT (2010). *Evaluering av førskolelærerutdanning i Norge 2010*. Del 1: Hovedrapport.
- NOU 2012: 1 *Til barnets beste – ny lovgivning for barnehagene*. Utdanningsdepartementet.
- NOU 1997: 25 *Ny kompetanse – grunnlaget for en helhetlig etter- og videreutdanningspolitikk*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.
- Organization for Economic Co-Operation and Development (OECD) (2005). *Teachersmatter: Attracting, developing and retaining effective teachers*. Paris: OECD.
- Pedersen, P. og Pettersen, J.R. (1981). *Førskolelærere og yrkesadferd*. Forbruker- og administrasjonsdepartementet.
- Pedersen, P. og Pettersen, J.R. (1983). *Fungerer våre barnehager?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Persson, B. (red.) (2011). *Lærerutbildning och vetenskaplighet*. Rapport nr. 2:2011. Högskolan i Borås.
- Rambølls rapport (2012). Kunnskapsdepartementet. *Evaluering av strategi for rekruttering av førskolelærere 2007–2011*. www.ramboll-management.no, lasta ned 22.08.2012.
- Retvedt, O., Skoug, T. og Aasen, S.F. (1999). *Erfaringer med innføring av Rammepplan for barnehagen*. Oplandske bokforlag.
- Ringdal, K. (2011). *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*, 2. utgåve, 3. opplag. Bergen: Fagbokforlaget.
- SINTEF (2014). *Studenters oppfatning av studiekvalitet i arbeidsplassbasert førskolelærerutdanning*.
- Sjöberg, J. og Hansén, S.E. (2006). Om att utveckla lärarkompetens – relationen teori och praktik i lärarutbildningar. I A. Bronäs og S. Selander (red.), *Verklighet verklighet: Teori och praktik i lärarutbildning* (s. 134–148). Stockholm: Norstedts akademiska förlag.
- Smeby, J.-Ch. (2014). *Kvalifisering for profesjonskarrierer*. Senter for profesjonsstudier, HIOA. Foredrag, 17.11.2014, Norges forskningsråd.
- Smith, K. (2005). *Teacher educators' expertise: what do novice teachers and teacher educators say?* Oranim Academic College of Teacher Education, 36006 Tivon, Israel.
- Statistisk sentralbyrå (1966). *Daginstitusjoner for barn 1963*. Norges offisielle statistikk, NOS A 148.
- Statistisk sentralbyrå (1986). *Barnehager og fritidshjem 1985*. Norges offisielle statistikk, NOS B 656.
- Statistisk sentralbyrå (2000). *Norsk standard for utdanningsgruppering*. Revidert 2000. NOS C617.
- Statistisk sentralbyrå (2015). *Barnehager, 2014*. Endelige tall, <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager> (hentet 05.06.2015).
- St.meld. nr. 27 (1999–2000). *Barnehager til beste for barn og foreldre*.
- Steinnes, G.S. (2013). Frå assistent til nyutdanna førskulelærer. *Tidsskriftet FoU i praksis*, 7(1), 43–60.
- Steinnes, G.S. (2014). *Profesjonelt skjønn i barnehagen: Hva er det og hvordan kan det utvikles gjennom utdanning? Hvordan er sammenhengen mellom profesjonelt skjønn og kvaliteten i det pedagogiske arbeidet?* Avhandling til ph.d., Høgskolen i Oslo Akershus.
- Swennen, A., Jones, K. og Volman, M. (2010). Teacher educators: Their identities, subidentities and implications for professional development. *Professional Development in Education*, 03/2010; 36(1), 131–148.
- Utdanningsdirektoratet (2014). *Barnehagespeilet. Tall og analyse av barnehagar i Norge*.

- Vågan, A. og Heggen, K. (2013). Contextualisation and learning: a comparative study of student teachers and student nurses. *Journal of Education and work*. Routledge.
- Wiers-Jensen, J. og Aamodt, P.O. (2002). *Trivsel og innsats. Studenters tilfredshet med lærersted og tid brukt til studier*. Resultater fra «Stud. Mag»-undersøkelsene. NIFU, rapport 1/2002.

FORFATTEROMTALER

TURID AARSETH er cand.polit. i administrasjon og organisasjonsvitenskap fra Universitetet i Bergen. Hun er førsteamanuensis i organisasjons- og ledelsesfag ved Høgskolen i Molde. Faglige interesser er endringer i offentlig sektor og særlig profesjonenes rolle i politikktutforming og iverksetting.

JØRGEN AMDAM er professor i kommunal planlegging og administrasjon ved Høgskulen i Volda. Han arbeider med samfunnsplanlegging og utviklingsarbeid, har skrivne lærebøker om planleggingsteori og samfunnsplanlegging, publisert over 200 vitenskaplege arbeid og leia fleire store forskingsprogram og -prosjekt. Han har vore rektor og prorektor ved Høgskulen i Volda og er ordførar i Volda kommune.

RANDI BERGEM er dosent ved Avdeling for samfunnsfag og historie ved Høgskulen i Volda, og har ei bistilling som forskar ved Møreforskning Volda. Siste åra har planlegging og organisering av bustadsosialt arbeid og ulike sider ved lokalt og regionalt folkehelsearbeid vore hovudtema i forskinga hennar.

ELI BJØRHUSDAL er fyrsteamanuensis, Avdeling for lærarutdanning og idrett, Høgskulen i Sogn og Fjordane. Disputerte hausten 2014 med avhandlinga *Mellom nøytralitet og språksikring*. Norsk offentleg språkpolitikk 1885–2005.

FINN OVE BÅTEVIK er professor ved Høgskulen i Volda. Han har arbeidd med ulike forskings- og evalueringsoppgåver innan fleire tema, inkludert problemstillingar knytte til utfordringar med rekruttering av og tilgang til kompetanse og arbeidskraft i distrikta, småsamfunnsutvikling, regional utvikling samt tema knytt til velferd for og samfunnsdeltaking blant risikogrupper.

INGUNN GJERDE er cand.polit. i administrasjon og organisasjonsvitenskap fra Universitetet i Bergen. Hun er amanuensis ved Høgskolen i Molde. Hun har arbeidet med evaluering av reformer i offentlig sektor, spesielt i kommunene og i forholdet mellom kommune og stat.

RICHARD GLAVEE-GEO er førsteamanuensis ved Avdeling for internasjonal business ved NTNU i Ålesund. Han har ph.d. i logistikk fra Høgskolen i Molde, og hans arbeidsområder er internasjonal markedsføring, markedsanalyse og supply chain management.

LARS GULBRANDSEN er dr.philos. og forskar ved forskingsinstituttet NOVA. Han har delteke i fleire forskingsprosjekt, særleg innan emna bustad og barnehagar. Sidan 2012

har han leia forskingsprosjektet GoBaN (Gode barnehagar for barn i Noreg).

KJERSTI HALVORSEN er dr.polit. fra UiB og førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Undervisnings- og forskningsinteresse for organisasjonsteoriens klassikere, ledelsesteori og politisk teori.

TORHILD LILLEMARCK HØYDALSVIK er er cand.polit. og arbeider som høgskulelektor i pedagogikk ved Høgskulen i Volda og er ph.d.-student ved Høgskolen i Oslo og Akershus.

HANS PETTER IVERSEN er samfunnsviter og førsteamanuensis ved Høgskolen i Molde. Interessene for fagutvikling og forskning er særlig knyttet til organisering og ledelse, fagutøvelse, tjenester og samarbeid innen psykisk helsevern/psykisk helsearbeid, funksjonshemming og velferdstjenester ellers. Han har interessert seg særlig for reformer og endringer relatert til disse tjenesteområdene, herunder sykehusreformen, opptrappingsplanen for psykisk helse og samhandlingsreformen. Bistilling i Klinik for psykisk helsevern, Helse Møre og Romsdal HF.

ULADZIMIR KAMOVICH er ph.d.-kandidat ved Handelshøgskolen ved UiT – Norges arktiske universitet. Forskningsinteresser er entreprenørskap og entreprenørskapsutdanning, spesielt evaluering, vurdering og ulike tilnærminger til læring innen entreprenørskapsutdanning.

KJERSTI KJOS LONGVA er stipendiat ved Avdeling for internasjonal business ved NTNU i Ålesund og ph.d.-kandidat ved Handelshøgskolen ved UiT – Norges arktiske universitet. Faglige interesser er entreprenørskap, entreprenørskapsutdanning, innovasjon og supply chain management.

ÅSE MØRKESET er universitetslektor og internasjonal koordinator ved Avdeling for internasjonal business ved NTNU i Ålesund. Hun er cand.philol. og arbeider innenfor fagfeltene interkulturell kommunikasjon, fremmedspråklæring og internasjonalisering.

SUSANNE MOEN OUFF har master i samfunnsplanlegging og leiing, og var i perioden 2007–2015 tilsett som forskar i Møreforskning. Ho arbeidde mest innafor områda bustadsosialt arbeid, folkehelse og kommunale planprosessar. Ho er no mellom anna tilsett som høgskulelektor ved Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag ved Høgskulen i Volda.

LARS RØNHOVDE er førsteamanuensis i statsvitenskap ved Høgskolen i Molde. Han er cand.polit. frå Universitetet i Bergen med hovudfag i administrasjons- og

organisasjonsvitskap. Han arbeider med tema knytt til organisering og omorganisering av offentlig verksemd. Til dømes har han deltatt i evaluering av høgskolereforma, omorganisering av kommunar og samhandlingsreforma.

HANS GEORG SCHAATHUN er professor i datafag ved Avdeling for ingeniør- og realfag ved NTNU i Ålesund (tidligere Høgskolen i Ålesund).

WELIE ANNETT SCHAATHUN er pedagog, musiker og samfunnsviter. I perioden 2014–2016 har hun vært engasjert på timebasis som høgskolelektor ved Avdeling for ingeniør- og realfag ved NTNU i Ålesund (tidligere Høgskolen i Ålesund) knyttet til forskningsprosjekt om aktiv læring.

DORTHEA SEKKINGSTAD er høgskulelektor i utdanningsleiing ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og idrett. Ho har vore studieleiar for PPU-utdanninga (praktisk-pedagogisk utdanning) og har leiar- og undervisningsoppgåver knytt til PPU-utdanninga og vidareutdanningane innan rettleiing og klasseleiing. Ho har arbeidd som lærar og rektor i ei årrekke.

INGRID SYSE er høgskulelektor i utdanningsleiing ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og idrett. Ho har lang erfaring som lærar, avdelingsleiar og pedagogisk leiar ved vidaregåande skule og har praktisk erfaring med å leie kommunale og regionale skuleutviklingsprosjekt. Ho underviser på masterstudiet i skuleleiing og på rektorskolen, men er også involvert i klasseleiing og vurdering.

JAN INGE SØRBØ er professor i nordisk litteraturvitskap, tilsett ved institutt for sosialfag, Høgskulen i Volda. Underviser i etikk og vitskapsteori. Bøker om mellom anna Arnold Eidslott, Ronald Fangen, Alfred Hauge, Hans Skjervheim, Alexander Kielland, Olav Aukrust og Arne Garborg. Oppteken av forholdet mellom litterært og diagnostisk/klientifiserande språk.

HÅVARD TEIGEN er professor, HiL. Medredaktør i fleire bøker om innovasjon: *Innovativ forvaltning*, Fagbokforlaget 2007. *Innovasjon i opplevelser og reiseliv*, Fagbokforlaget 2009, *Innovative kommuner*, Cappelen Damm Akademisk 2013.

HARALD TORSTEINSEN er dr.polit. i statsvitenskap fra Universitetet i Tromsø. Han er professor ved UiT – Norges arktiske universitet og professor II ved Høgskolen i Molde. Han har arbeidet med tema som ledelse, organisering og styring i offentlig, særlig kommunal sektor.

ELSE RAGNI YTTREDAL er forskar ved Møreforskning Volda. Yttredal har spesielt arbeid med spørsmål knytt til organisering og samordning av offentlege tiltak innafor regional utvikling og bustadsosialt arbeid. I fjorårets fjordantologi bidrog Yttredal med artikkelen «Statleg styring og regional innovasjonspolitik».

ATLE ØDEGÅRD er psykologspesialist og professor i tverrprofesjonelt samarbeid ved Høgskolen i Molde. Han har bistilling ved Senter for innovasjonsforskning, Universitetet i Stavanger, der han har spesielt fokus på innovasjon i offentlig sektor. Han er også medredaktør i *Journal of Interprofessional Care*.

OVERSIKT OVER INITIATIVTAKARAR OG DEI SOM GITT PENNEGÅVER



HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE



HØGSKULEN I VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høyskole i logistikk



NTNU

Kunnskap for ei betre verd



MØREFORSKING

VESTLANDSFORSKING



Møre og Romsdal
fylkeskommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKommune



SPAREBANKEN MØRE